



Utvalg: Kontrollutvalet
Møtestad: Kommunestyresalen, Kommunehuset i Samnanger
Dato: 12.02.2018
Tidspunkt: 14:00

Dersom nokon av medlemmene ikkje kan møte og må melde forfall, vert dei bedne om å gjere dette så tidleg som råd er ved å ringa til Kari Marie Nygard tlf. 55 23 94 06 / 916 64 183 eller til Hogne Haktorson, tlf. 55 23 94 53 / 911 05 982.

Til varamedlemar er denne innkallinga å sjå på som ei orientering.

Dersom det vert aktuelt at varamedlemar må møta, vil det bli gjeve nærmare beskjed.

Det er planlagt at Kari Marie Nygard møter frå sekretariatet, på dette møtet.

Brigt Olav Gåsdal
kontrollutvalsleiar

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Kari Marie Nygard
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Kopi: Vararepresentantar til kontrollutvalet
Ordførar
Revisor
Rådmann

Saksliste

Utvalgs-saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv-saksnr
PS 1/18	Godkjenning av innkalling og sakliste		
PS 2/18	Godkjenning av protokoll frå forrige møte		
PS 3/18	Orienteringssak om arbeid med oppfølging etter forvaltningsrevisjon av internkontroll		2014/226
PS 4/18	Byggerekneskap for idrettsanlegget i Hagabotnane		2016/48
PS 5/18	Byggerekneskap for nytt biblioteklokale på Bjørkheim		2016/48
PS 6/18	Byggerekneskap for ny vegtrase Totræna		2016/48
PS 7/18	Årsmelding for kontrollutvalet i Samnanger kommune 2017		2016/81
PS 8/18	Møteplan for kontrollutvalet i Samnanger kommune 2018		2016/14
PS 9/18	Budsjett for kontroll- og tilsynsarbeid 2018 - fordeling innanfor ramme		2016/37
PS 10/18	Ny personvernlov frå 2018 - Konsekvensar for kommunane		2018/7
PS 11/18	Kurs i regi av Deloitte 2018		2014/426
PS 12/18	Referatsaker		
RS 1/18	Utvalet sitt kvarter		2014/240
RS 2/18	Notat til kontrollutvalet vedr. vedtak i formannskapet om vegtrasse Economuse		2014/240
RS 3/18	Saksframlegg til formannskapet 01.02.18 - Vegtilkomst til Economuseet Fjordtønna		2014/240
RS 4/18	Vedtak i kommunestyret vedr. revidert notat etter konsesjonssak Aldalselva		2016/97
RS 5/18	Rapport frå tilsyn med Samnanger kommune - rettstryggleik ved bruk av tvang og makt overfor personar med utviklingshemming		2015/135
RS 6/18	Rapport etter tilsyn vedr. Barnehagelova - tilrettelagt tilbod til barn med nedsett funksjonsevne		2015/135
PS 13/18	Gjennomgang av møteprotokollar frå andre politiske utval		2015/133
PS 14/18	Eventuelt		

PS 1/18 Godkjenning av innkalling og sakliste

PS 2/18 Godkjenning av protokoll frå forrige møte



Samnanger kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Arkivsak: 217

Arkivnr: 2014/226-25

Sakshandsamar: Kari Marie Nygard

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Samnanger kommune	3/18	12.02.2018

Orienteringssak om arbeid med oppfølging etter forvaltningsrevisjon av internkontroll

Samandrag

Det er sendt slik mail til rådmann:

«Til rådmann

Viser til telefonsamtale for nokre dagar sidan.

I 2014 vart det vedteke å gjennomføra forvaltningsrevisjon om «Internkontroll i Samnanger kommune». Arbeid med gjennomføring av forvaltningsrevisjonen vart utført på slutten av 2014 og første halvår 2015. Rapport etter arbeidet vart lagt fram for kommunestyret i møte 14.10.15. Det vart gjort slikt vedtak:

«Kommunestyret merkar seg det som kjem fram i rapport etter forvaltningsrevisjon av internkontroll i Samnanger kommune.

Kommunestyret ber rådmann syta for å:

1. Arbeide vidare med å sikre at internkontrollarbeidet har eit sterkt fokus i kommuneorganisasjonen.
2. Sikre at tilrådingar som er gjeve i rapporten kapittel 6, knytt til overordna internkontroll, vert gjennomført.
3. Sikre at tilrådingar som er gjeve i rapporten kapittel 6, knytt til internkontroll i støtteprosessar, vert gjennomført.
4. Sikre at tilrådingar som er gjeve i rapporten kapittel 6, knytt til tenestespesifikk internkontroll, vert gjennomført. Kommunestyret vil at arbeid med å etablere lovpålagt internkontrollsysten i barnevernstenesta, slik det er krav om etter barnevernlova, vert prioritert.
5. Sikre at tilsette får systematisk opplæring og støtte i bruk av internkontrollsysten, og at det vert etablert rutinar for leiinga sin gjennomgang av internkontrollsystemet.

Besøksadresse: Agnes Mowinckelsgt. 5 - Postadresse: Postboks 7900. 5020 Bergen - Telefon 55 23 90 00

Direkte telefon 55239406 – Mobil 91664183 - E-postadresse: kari.nygard@hfk.no eller kontrollutvalet@hfk.no

Bankgiro nr. 5201 06 74239 - Foretaksnr. NO 938 626 367 mva.

6. *Lage ein handlingsplan innan 01.02.2016 til kommunestyret, med kopi til kontrollutvalet, som syner kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltak skal setjast i verk og kven som skal ha ansvar for iverksetjinga.»*

Kontrollutvalet har fått informasjon om arbeid med oppfølging av dei punkta som var påpeika etter forvaltningsrevisjonen. I kontrollutvalet sitt møte 23.02.16 fekk utvalet orientering, men vedtok at ein ville be om vidare informasjon når det hadde gått ei tid. Særleg var det ønske om å få info om internkontroll-rutiner for arbeid med barnevernssaker.

Kontrollutvalet har merka seg følgjande frå årsmeldinga til kommunen for 2016, på side 30 står:

«Internkontroll – Orden i eige hus

Rådmannen har i løpet av 2016 lukka mesteparten av avviket me fekk i 2015 på forvaltningsrevisjon av sentraladministrasjonen (sak 23/15). Det er implementert fleire verktøy og gjennomført intern leiaropplæring for å styrka internkontrollarbeidet.»

Kontrollutvalet fekk og orientering i saka i møte 02.05.17. Frå møteprotokollen heiter det:

«Kontrollutvalet har merka seg at arbeidet med implementering av eit heilheitleg internkontrollsysten er kome godt i gang. Utvalet ønskjer å følgja med på korleis internkontrollarbeidet vert følt opp også i tida framover, og vil be om ei ny orientering i starten av 2018.»

Sekretariatet ber med dette om at orienteringssak om arbeid med internkontroll i Samnanger kommune kan setjast opp på saklista til kontrollutvalet sitt møte 12.02.18. Om rådmann ønskjer å legga fram informasjon til kontrollutvalet skriftleg, bør sekretariatet ha dette i hende seinast torsdag 01.02.18. Ellers kan også informasjon leggast fram i møte.»

Det er stadfesta at kontrollutvalet vil få orientering i møte 12.02.18 om stoda for oppfølgingsarbeidet.

Drøfting

Kontrollutvalet må ut frå informasjonen som vert lagt fram vurdera om tiltaka etter forvaltningsrevisjonen er tilstrekkeleg følt opp.

Konklusjon

Dersom kontrollutvalet er nøgd med det som kjem fram i tilbakemeldinga frå rådmann når det gjeld oppfølging av forvaltningsrevisjonen om internkontroll, bør utvalet gjera vedtak om at ein seier seg ferdig med saka. Dersom ein finn at det er tiltak som ennå ikkje er følgde opp, bør ein be om ei ny orientering når dette er på plass. Forslag til vedtak vert såleis sett opp med 2 alternativ.

Forslag til vedtak

Alternativ nr. 1: Kontrollutvalet seier seg nøgd med det som kjem fram i tilbakemeldinga frå rådmannen når det gjeld forvaltningsrevisjon av internkontroll for Samnanger kommune og seier seg ferdig med saka.

Alternativ nr. 2: På bakgrunn av at tiltak som gjeld skal vera ferdig ber kontrollutvalet om ny status på arbeidet i form av skriftleg tilbakemelding innan

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Kari Marie Nygard
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.



Samnanger kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Arkivsak: 216

Arkivnr: 2016/48-25

Sakshandsamar: Kari Marie Nygard

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Samnanger kommune	4/18	12.02.2018

Byggerekneskap for idrettsanlegget i Hagabotnane

Bakgrunn

Kontrollutvalet har motteke «Byggerekneskap for idrettsanlegget i Hagabotnane» i mail 10.01.18.

Bakgrunn for at kontrollutvalet skal gje sin uttale i denne saka følgjer av reglement for kontrollutvalet i Samnanger kommune, der det mellom anna står:

«Prosjektrekneskapar over kr. 500.000: Så snart eit prosjekt er avslutta, skal prosjektrekneskapen leggast fram for kontrollutvalet som gjev tilråding til det organ som har vedteke kostnadsoverslag og finansieringsplan – (sjå Økonomireglement for Samnanger kommune).

Økonomireglement for Samnanger kommune, utdrag:

«Investeringsprosjekt som skal førast på to eller fleire budsjett, skal førast som eige prosjektregnskap (byggeregnskap). For investeringsprosjekt med ei kostnadsramme på over kr. 500.000 skal det alltid førast eige prosjektrekneskap.

Prosjektrekneskapen skal spesifiserast slik at tala kan samanliknast direkte med kostnadsoverslaget.

Så snart eit prosjekt er avslutta, skal prosjektrekneskapen leggast fram for kontrollutvalet som gjev tilråding til det organ som har vedteke kostnadsoverslag og finansieringsplan. Organet skal samstundes med slutthandsaming av prosjektet gjera vedtak om finansiering av eventuelle overskridinger, eller disponering av ubrukte midlar til prosjektet. Overskridinger som ikkje vert dekkja av ledige midlar innanfor same rammeområde i kapitalbudsjettet, skal handsamast av kommunestyret. Bruk av lånemidlar kan berre vedtekast av kommunestyret.

Ved overskridinger skal saka alltid verta lagt fram for kommunestyret til handsaming så snart prosjektansvarleg er kjend med dette.

Drøfting

Byggerekneskapen som ligg føre viser at samla utgifter har vore kr. 11.007.827 for prosjektet idrettsanlegget.

Finansiering har vore:

Besøksadresse: Agnes Mowinckelsgt. 5 - Postadresse: Postboks 7900. 5020 Bergen - Telefon 55 23 90 00

Direkte telefon 55239406 - Mobil 91664183 - E-postadresse: kari.nygard@hfk.no eller kontrollutvalet@hfk.no

Bankgiornr. 5201 06 74239 - Foretaksnr. NO 938 626 367 mva.

- Samnanger kommune har motteke privat tilskot på kr 100.000 frå idrettslaget.
- Utgifter på kr 10.130.565 er finansiert ved bruk av fond og momskompensasjon
- Overskridning på kr 777.262 er dekka av unytta lånemidlar

Kopi av sakshandsaminga i Samnanger kommune viser at byggeprosjektet er gjennomført etter dei vedtak som er fatta. I byggerekneskapen står følgjande med erfaringar vedr. overskridingane i prosjektet:

«I framtidige byggeprosjekt bør det vera tettare dialog og meir dokumentasjon i forprosjektet med brukarane. Dette fordi nye bestillingar eller endringar ofte føre til meirkostnader der ein har gått ut med ein totalentreprise. Dess betre bestillinga i totalentreprisen er, dess mindre kostnadsavvik kan pårekna. I dette prosjektet er kostnadsavvika i stor grad knytt til endra ønske frå brukarane og forbetringar oppdaga undervegs.»

Kontrollutvalet skal gje sin uttale til byggerekneskapen for idrettsanlegg i Hagabotnane, og måten den er lagt fram på. Dokument i saka omfattar:

- Byggerekneskap for idrettsanlegget i Hagabotnane
- Saksframlegg vedr. Kunstgrasbane – forskottering av statstilskot
- Saksframlegg vedr. Hagabotnane idrettsanlegg – val av dekke i halvsirkel og finansiering
- Vedtak KS 057/2017 – Økonomirapportering pr. nov. 2017
- Deloitte sin uttale til byggerekneskapen

Sekretariatet registrerer at det er ei overskridning på kr 777.262, som er dekka av unytta lånemidlar.

Sekretariatet registrerer og forklaring om at kostnadsavvika i stor grad er knytt til endra ønske frå brukarane og forbetringar oppdaga undervegs. Dessutan ei erkjenning av at det i framtidige byggeprosjekt bør vera tettare dialog og meir dokumentasjon i forprosjektet med brukarane.

Utover det som kjem fram av dokumenta i saka, og revisjon sin uttale, finn ein at prosjektet er utført på ein tilfredstillande måte.

Konklusjon

Byggerekneskapen med vedlegg som er lagt fram gjev eit godt og oversiktleg bilet av prosjektet for idrettsanlegget i Hagabotnane. Sekretariatet vil gjere framlegg om at kontrollutvalet gjev slik uttale i saka:

Forslag til uttale

Kontrollutvalet tilrår at kommunestyret godkjenner prosjektrekneskap for idrettsanlegget i Hagabotnane.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Kari Marie Nygard
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Vedlegg:

- Byggerekneskap for idrettsanlegget i Hagabotnane
- Saksframlegg vedr. Kunstgrasbane – forskottering av statstilskot
- Saksframlegg vedr. Hagabotnane idrettsanlegg – val av dekke i halvsirkel og finansiering
- Vedtak i sak Økonomirapportering pr. november 2017 (KS 057/2017)
- Deloitte sin uttale til byggerekneskapen

SAMNANGER KOMMUNE

-der du vil leva og bu -



BYGGJEREKNESKAP

FOR

Idrettsanlegget i Hagabotnane



Byggjerekneskap – Idrettsanlegget i Hagabotnane i Samnanger kommune

1. Skildring av tiltaket

Idrettsanlegget i Hagabotnane vart bygt på 80-talet. Anlegget bestod av garderobeanlegg, ei grasbane, ei grusbane og løpebane. Samnanger vart etter kvart ein av få kommunar som framleis hadde grasbane. Det var eit ønskje om å erstatta grasbanen med kunstgras og finne løysingar som kunne erstatte den nedslitne løpebanen. I samband med anleggsplanen 2014-2024 til kommunen, vart dette vedteke.

2. Vedtak om oppstart og endringar

I kommunen sitt handlingsprogram – spelemidlar ks-sak 67/15 vedtok kommunestyret å prioritera kunstgras og delanlegg friidrett som nummer 1 og 2. Det vart søkt om spelemidlar og kommunestyret vedtok i budsjettet sak 65/15 å sette av 5,25 millionar kroner til ny krøllgrasbane. Kommunen har i løpet av byggeperioden auka opp finansieringa av prosjektet.

I samband med vurderinga av innkomne anbod vart det peika på nokre forbetringar knytt til løpebanane og metode for kva som kan gje tilfredstillande kvalitet. Dette resulterte i meirkostnader knytt til løpebanane. Kommunestyret auka derfor i sak 64/16, den 30.06.16, kostnadsramma til prosjektet med å låna 3,4 millionar frå fond til bygginga av idrettsanlegget i Hagabotnane. Summen var ei forskotering av statstilskotet, som vert betalt attende når kommunen får utbetaadt tippemidlar. Den økonomisk ramma for anlegget vart auka til 8,1 millionar kroner, der den kommunale andelen var på 4,2 millionar kroner.

Idrettslaget kom i løpet av prosessen med å innspel på endringar i forhold til eine halvsirkel som var planlagt med grus. I formannskapsmøtet den 20.10.16, sak 48/16, vart det vedteke å legge kunstgrasdekke i eine halvsirkel istandfor grus. Kostanden skulle verte finansiert av restmidlar i prosjektet og ved å omdisponera midlar sett av til ungdomsaktivitet i Sima-Samnanger-fondet. Til saman kr. 352.158. Meirkostnaden samanlikna med drenasfalt for å få fullverdig kunstgrasdekke i eine halvsirkelen, skulle finansierast som gavé frå Samnanger Fotball, med makspris på kr. 100.000. Total økonomisk ramme inkl.moms for prosjektet vart auka til 10 millionar kroner.



3. Organisering av prosjektet

Ansvar for planlegging og totalentreprise vart lagt til kultursjef Arnved Lund. Tor Børressen vart innleidd som prosjektkonsulent (ca 1 mnd) for å bistå arbeidet med å legge ut og vurdera totalentreprisen. Endre Kulleseid har i tillegg til ansvar for teknisk drift vore byggjeleiar for prosjektet då byggearbeidet starta. Lars Larsen i teknisk drift har ført tilsyn under vegs i bygginga og gjennomført opplæring i vedlikehald av anlegget. I framtidige prosjekt vert det viktig at den som skal vera byggjeleiar og bør vera med i tidleg i planlegginga og under utarbeiding av anbodet. Dette for å få ein betre kvalitet og økonomistyring av framtidige prosjekt. Det er også ein fordel om kommunen kan stille med eigne ressursar til byggeleiing/-ombod på dei bygg som skal kommunen skal ha framtidig vedlikehald og drift på. Ein føresetnad er at dette lett seg gjera ressursmessig, har fagkunnskapen og er mest hensiktsmessig.

4. Framdriftsplan

Sjølve planlegginga av prosjektet og utlegging av totalentreprisen i Doffin tok noko lengre tid enn føresett. Sjølve bygginga er i tråd med oppsett framdriftsplan. Samnanger kommune inngjekk kontrakt med Saltex AS og sette i gang prosjektet den 05.09.16. For å få ein betre kvalitet på arbeidet i vintermånadane, valgte me å stoppe arbeidet og vente til våren med ferdigstilling. Avtalen var å få anlegget ferdigstilt til 01.06.17 og klar til fotballsesongen.

Det har vore fleire endringar i planlegginga underveis. Frå å gå bort frå gummikrøllgrasbane til meir miljøvenleg korkgranulat løysing, og til å få eit mindre friidrettsanlegg tilknytt banen. Løpebanen vart auka frå 2 til 4 baner og det vart etablert hoppegrop og kulering. I tillegg vart det Drensavsfalt og kunstgress i halvsirklane. Dette medførte til ekstra drenering mellom



løpebane og bygg. Med tanke på universell tilrettelegging vart det då nødvendig å asfaltere område mellom løpebane og mur/garderobebygg. Med nytt lysanlegg vart det og nødvendig å foreta skrifte av hovudsikring.

5. Økonomisk oversyn

Konto (T)	KS 65/15	Form 48/16	KS 64/16	Sum budsjett	Rekneskap	Avvik
Prosjektleiing			84 000	84 000	83 533	467
Pensjon			13 000	13 000	13 779	-779
Arbeidsgjevaravgift			13 000	13 000	13 675	-676
Byggetenester og nybygg	4 200 000	452 158	3 290 000	7 942 158	8 718 431	-776 274
Betalt mva - momskompensasjon	1 050 000	113 000	822 500	1 985 500	2 178 407	-192 908
Sum utgifter	5 250 000	565 158	4 222 500	10 037 658	11 007 827	-970 169
Tilskot frå private		-100 000		-100 000	-100 000*	
Bruk av nytt ubunde inv.fond.	-2 800 000	0	-3 400 000	-6 200 000	-6 200 000	
Bruk av Sima - Samnanger fond	-1 400 000	-352 158	0	-1 752 158	-1 752 158	
Momskompensasjon					-2 178 407	
Sum finansiering	-4 200 000	-452 158	-3 400 000	-8 052 158	-10 230 565	
Netto	1 050 000	113 000	822 500	1 985 500	-777 262	-777 262

*) Sendast krav til Samnanger idrettslag om utbetaling av gåvetilskotet

Avviket på kr 777 262 er i stor grad knytt opsjonar, meir arbeid og ekstra kostnader i løpet av byggeprosessen. Det vart viktig å få eit anlegg som på ein god nok måte kunne tilfredsstille behova til brukarane i idrettslaget – både fotballgruppa og friidrettsgruppa. Det ville verte langt meir kostbart å måtte ta ein del av desse kostnaden i etterkant av at anlegget var ferdig.

Kostandene med opsjonane som vart tatt med i prosjektet og fordyra det:

- Miljøvenlig Korkgranulat 133 334
- Drensavsfalt og kunstgras i halvsirkel sør 611 098
- Løpebane frå 2 oppgradering til 4 baner 622.365
- Skifte av hovudsikring 40 250

Andre kostander som kom til undervegs etter bestilling frå byggeherre:

- Krøllgras med Saltexped i halvsirkel på bane kr. 455.341.
- Det vart nødvendig med ekstra drenering mellom løpebane og bygg kr 118 587. For å forhindre at stein og grus kom ut på løpebana, samt få ei meir universell utforming, vart området mellom løpebane og mur/garderobe asfaltert kr. 126 950.
- Etter samtalar med friidrettsgruppa, og for å få godt nok anlegg for dei ulike brukargruppene vart det etablert ny hoppegrop og ring til kulestøyt til ein meirkostnad på kr. 55 218.



Overskridning på totalt kr 777 262 vert finansiert med unytta lånemidlar (ks-sak 057).

6. Skildring av gjennomføring av prosjektet.

Entreprenøren valte å gå bort frå løysinga med å legge PAD oppå eksisterande grasbane. I staden grov dei av jord og grasmatta, og bygde opp med grus for å få rette avrenning.

I løpet av planlegginga kom det til gode innspel frå både brukarar og politikarar om å få til eit meir brukarvennleg anlegg med løpebaner og aktiviteter i begge halvsirklane. Det resulterte i at løpebanen vart utvida frå to til fire. I eine halvsirkel vart det lagt PAD og krøllgras med korkgranulat, slik at denne kunne nyttast til treningsfotball. Den andre halvsirkelen var med i den opprinnelege planen og lagt til rette for friidrettsøvingar. Kulesirkel og hoppegrop vart etablert heilt på slutten av prosjektet i tilknyting til denne.

Mellan løpebane og bygg vart det behov for ekstra drenering mellom løpebane og garderobebygget. Dette for ikkje få grus ut på løpebanen og lettare vedlikehalde løpebane og anlegget. Flomlys vart montert i tråd med bestillinga.

Sjølvé gjennomføringa av prosjektet har vore ein svært god dialog mellom byggeherren og Saltex.

7. Måloppnåing

Samnanger kommune har fått oppgradert idrettsanlegget i Hagabotnane og interessa for dei ulike aktivitetane i anlegget har auka. Både skular, barnehagar og eldre har teke anlegget i bruk i tillegg til idrettslaget sine medlemmar. I følgje friidrettsgruppa har dei og fått eit tilfredstilande anlegg for sitt nivå. Kommunen har med dette og lagt til rette for å nå målet i folkehelseplanen om å auka fysisk aktivitet.

8. Avsluttande merknader

I framtidige byggeprosjekt bør det vera tettare dialog og meir dokumentasjon i forprosjektet med brukarane. Dette fordi nye bestillingar eller endringar ofte føre til meirkostnader der ein har gått ut med ein totalentreprise. Dess betre bestillinga i totalentrepisen er, dess mindre kostnadsavvik kan pårekna. I dette prosjektet er kostnadsavvika i stor grad knytt til endra ønske frå brukarane og forbetringer oppdaga undervegs.

For dette anlegget vert det svært viktig å etablere gode vedlikehaldsrutinar ilag med brukarane og idrettslaget. Levetida av anlegget er avhengig av godt og sikkert vedlikehald. Dette føresett årlege vedlikehaldsmidlar i budsjettet og partnarskapsavtalar med idrettslaget på oppgåver som må verte utretta. Teknisk drift skal gjennomføra og rapportera i ein bruks- og vedlikehaldsinstruks for krøllgrasbaner til Saltex. Det er avtale om årleg dyprens av banen. Likeens vert det noko av det viktigast å inngå partnerskapsavtalar med idrettslaget om framtidig bruk og korleis ta god vare på anlegget i lag med kommunen.



9. Vedlegg

**SAK 15/24 VAL AV DEKKE I HALVSIRKEL OG FINANISERING
SAK 15 /56 KUNSTGRASBANE - FORSKOTTERING AV STATSTILSKOT**





SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Tone Ramsli	Arkivkode: FE-233, FA-D11
Arkivsaksnr: 16/56	Løpenr: 16/5216
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG			
Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr.	Saksbeh.
Kommunestyret	23.06.2016	047/16	TR
Kommunestyret	30.06.2016	064/16	TR

KUNSTGRASBANE - FORSKOTTERING AV STATSTILSKOT

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Det vert lånt inntil kr 3.4 mill. kroner frå nytt fond til bygging av kunstgrasbane i

23.06.2016 KOMMUNESTYRET

Handsaming i møtet:

KS-047/16 VEDTAK:

Saka vert utsett

Hagabotnane. Summen vert betalt attende når kommunen får utbetalt tippemidlar.

30.06.2016 KOMMUNESTYRET

Handsaming i møtet:

Arlild Røen (H) orienterte om at Samnanger idrettslag er i ferd med å laga eit orienteringskart for Kvamskogen. Dette skal m.a. nyttast til NM i 2017. Det er ikkje gitt tippemidlar til prosjektet i år, men søknaden stettar krava. Slik representant Røen oppfattar det, kjem Samnanger idrettslaget til å få godkjent ein søknad om tippemidlar til prosjektet. Det er eit stort løft for idrettslaget å forskotera 800.000 kroner, og Røen vil vurdera å be om at kommunen tek på seg forskoteringa.

Det vart røysta over formannskapet sitt framlegg til vedtak. Framlegget vart samrøystes vedteke.

KS-064/16 VEDTAK:

Det vert lånt inntil kr 3.4 mill. kroner frå nytt fond til bygging av kunstgrasbane i

Hagabotnane. Summen vert betalt attende når kommunen får utbetalt tippemidlar.

Kva saka gjeld:

Samnanger kommune skal i gang med bygging av kunstgrasbane i Hagabotnane. Inkludert i dette ligg også ein del arbeid knytt til løpebaner. Det er kome inn tilbod på arbeidet frå tre aktørar. Den eine, og lågaste tilbydar har ei anna og rimelegare løysing enn dei to andre. Kommunen arbeider no for å undersøke om denne metoden gir ein tilfredsstillande kvalitet. Arbeidet er derfor ikkje tildelt enda, men etter planen skal det skje før ferien.

Slik saka står no er det snakk om kostnad med tiltaket mellom 6,7 – 8.1 mill. kroner. Kommunen har stilt til rådvelde 4.2 mill. kroner. Idrettslaget har fått inn midlar på 0,5 mill. kroner. Det vert fortsett arbeidd for å få inn meir. Det er gitt løyving om tippemidlar, og det er forventningar om at summen til løpebanene kan aukast. Det vert derfor rekna med tippemidlar på ca. 3.1 mill. kroner. Desse midlane legg me til grunn vert utbetalt om 2 år.

Skal me kunne skriva under kontrakt, må me ha tilstrekkeleg midlar. Desse kan lånefinansierast eller finansierast ved bruk av eigne midlar. Rådmannen foreslår at me bruker av nytt investeringsfond (frå havbrukskonsesjon). Det er udisponert vel 5.5 mill. kroner på fondet.



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Arnved Soldal Lund	Arkivkode: FA-D11
Arkivsaksnr: 15/24	Løpenr: 16/7885
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG			
Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr.	Saksbeh.
Formannskapet	20.10.2016	048/16	ASL

HAGABOTNANE IDRETSANLEGG - VAL AV DEKKE I HALVSIRKEL OG FINANISERING

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Det vert lagt drenasfalt med eit tynt kunststoffdekke i halvsirkelen for å letta vedlikehaldsarbeidet og det vil og gjera at anlegget framstår som meir heilskapleg. Med dette dekke vil ein kunne tilby ein stad til uorganisert aktivitet som tennis og ulike ballaktivitetar.

Kostnaden vert finansiert av restmidlar i prosjektet og ved å omdisponera midlar sett av til ungdomsaktivitet i Sima-Samnanger-fondet.

20.10.2016 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet:

Utvælt drøfta rådmannen sitt framlegg og ønska å erstatte densasfalt med kunststoffdekke med kunstgrasdekke. Finansiering av meirkostnaden vart drøfta og Monica Tjønna (Sp) sette fram følgjande tilleggsframlegg:

«Meirkostnaden samanlikna med drenasfalt med å få fullverdig kunstgrasdekke i eine halvsirkelen, vert finansiert som gavé frå Samnanger Fotball, med makspris på kr. 100.000.»
Det vart røysta over tilleggsframlegget, som vart samrøystes vedteke.

Formannskapet vedtek å nytta hasteparagrafen til å finansiera kunstgrasdekket inntil kr. 352.158,-, jf Kommunelova §13.

Melding om vedtak gjort i medhold av denne paragraf skal verte lagt føre kommunestyret i neste møte.

Eit samrøysta formannskap slutta seg til å bruke hasteparagrafen.

FORM-048/16 VEDTAK:

1. Det vert lagt kunstgrasdekke i den eine halvsirkelen. Kostnaden vert finansiert av restmidlar i prosjektet og ved å omdisponera midlar sett av til ungdomsaktivitet i Sima-Samnanger-fondet. Til saman kr. 352.158.
2. Meirkostnaden samanlikna med drengesfalt for å få fullverdig kunstgrasdekke i eine halvsirkelen, vert finansiert som gáve frå Samnanger Fotball, med makspris på kr. 100.000.

Formannskapet vedtek å nytta hasteparagrafen, jf Kommunelova §13.

Melding om vedtak gjort i medhold av denne paragraf skal verte lagt føre kommunestyret i neste møte.

Dokument som er vedlagt:

Kunstgrasbane - statusrapport

Kva saka gjeld:

I den eine halvsirkelen i det nye anlegget i Hagabotnane er det planlagt grus. Det har kome innspel frå Samnanger idrettslag i prosessen med planlegginga av anlegget om mogeleg bruk av arealet, det har òg kome innspel frå fridretten i Hordaland, Teknisk driftseining og kommunestyrrerrepresentant Martin Haugen (BI) i kommunestyret 29.9.16

I det anlegget som vart bestilt, så er det planlagt grus i den eine halvsirkelen. Den økonomiske ramma for anlegget var kr 8 100 000 og anlegget som er bestilt kostar kr 7 911 455. Ved bygging av idrettsanlegg kan me søke om speleidalar, og det vil me gjera med dette anlegget. Av den økominske ramma for prosjektet er det ein kommunal del på kr 4 200 000.

Me har bestilt dei tre opsjonane som er omtalt i notatet, korkgranulat, to ekstra løpebanar, ein sektor med kunststoffdekke til tekniske øvingar i fridrett. Nettokostnaden for dei tre tillegga er på omrent kr 520 000. Me har i tillegg satt av inntil kr 100 000 til innkjøp av nødvendig vedlikehaldsutstyr og kr 200 000 til uføresette utgifter. Med reknestykket sett opp i notatet, skal det då vera kr 100 000 igjen i prosjektet.

Vurderingar og konsekvensar:

Rådmannen er ikkje ueinig at det bør vera eit anna dekke enn grus i halvsirkelen. Dersom det ligg grus der, så vil det verta trekt med inn både på løpebanen og fotballbanen. Det kan gjera at slitasjen vert større og at det trengs meir vedlikehald.

I tillegg til å lette vedlikehaldsarbeidet vil eit anna dekke enn grus føra til auka aktivitet.

Arealet det er snakk om er på 1 177 m², forma som ein halvsirkel. Det er i utgangspunktet eit areal det er vanskeleg å nytta til konkurranseidrett anna enn friidrett. I eit tradisjonelt friidrettsanlegg ville det arealet vorte nytta til kasteøvingane. Dei har me valt bort ettersom me skal leggja kunstgras, og fordi me ikkje har lagt inn eit kastebur i prosjektet. Kasteøvingane kan gjerast på

grusbanen. Me har ikkje eit behov for å leggja til rette for kasteøvingane ved det nye anlegget. Arealet kan nyttast til anna aktivitet.

Det er ein økonomisk kostnad med å leggja eit fast dekke i halvsirkelen. Det er avhengig av kva for eit dekke som vert valt. Dei ulike moglegheitene er lista nedanfor.

1. Asfalt
2. Asfalt med tynt dekke med kunststoffdekke
3. Kunststoffdekke med kulesektor
4. Kunstgras
5. Ikkje gjera noko

1. Drenasfalt

Asfalt er den rimelegaste løysinga dersom det skal gjeras noko. Det vil då verta lagt drenasfalt for å sikra at vatn trekk ned i grunnen. Prisen for asfalt er omtrent kr 250 per m², kr 294 250 ekskl. mva.

Med asfalt slepp me at det kjem grus i løpebanen og fotballbanen. I tillegg kan arealet nyttast til aktivitet. Det er få idrettar som nyttar asfalt som underlag, men det er mogeleg å nytte arealet til idrettsleg aktivitet eller leik.

Pris er estimert til underkant av kr 300 000 ekskl. mva.

2. Drenasfalt med tynt kunststoffdekke

Ein vil leggja drenasfalt for avrenning av vatn og spraye på eit tynt lag med kunststoffdekke. Kunststoffdekket vil ikkje tilfredsstilla dei krava som friidretten stiller til underlag for konkurransen. Arealet kan framleis i hovudsak nyttast til idrettsleg aktivitet og leik, men det vil vera eit betre underlag å gjera det på. I tillegg vil anlegget vera meir estetisk å sjå på. Ein vil få same farge på underlaget i begge halvsirklane.

Pris er kr 352 158 ekskl. mva.

3. Kunststoffdekke med kulesektor

I eit tradisjonelt friidrettsanlegg ville denne halvsirkelen vorte nytta til kasteøvingane. Me har på eit tidleg tidspunkt valt bort kasteøvingane med å leggja kunstgras på fotballdelen. Spyd, slegge og diskos vil øydelegge kunstgraset i tillegg til at det er få utøvarar som driv med det. Dersom det skal gjennomførast kasteøvingar, så kan det gjerast på grusbanen. Me har heller ikkje planlagt å sette opp eit kastebur.

Me kan vert lagt inn ein sektor for kule i halvsirkelen, men kule kan òg utøvast på grusbanen. For kule er det ikkje eit krav om kunststoffdekke.

Dersom det leggjast kunststoffdekke i halvsirkelen får me eit dekke som kan nyttast til trening og konkurranse for friidretten, men me kan òg sjå for oss andre aktiviteter idrettslege aktivitetar og leik. Kunststoffdekket vil vera mjukare enn asfalt med eit tynt dekke.

Pris er kr 611 098 ekskl. mva

4. Kunstgras

Fotballgruppa i Samnanger idrettslag har spelt inn kunstgras tidleg og sein i prosessen, og kommunestyrerepresentant Martin Haugen (BI) har kome med innspel om kunstgras i kommunestyret den 29. september 2016.

Å leggja kunstgras i halvsirkelen har tidlegare vorte avvist grunna at det vert ei utfordring med drenering. Måten banen vert bygd opp på, gjer at grunnen under kunstgraset vert tørt. Det vert lagt ein tett duk imellom og vatnet vert leda ut i dreneringsrør i ytterkant av kunstgraset.

Dette lar seg ikkje gjera i halvsirkelen. Halvsirklane skal byggast opp utan fall på grunn av krav i friidretten. Kunstgraset må leggjast med at dreneringen går ned i grunnen. Me har tidlegare vurdert massane under grasbanen til å vera tilfredsstillande, men for å vera sikre må masane på denne delen skiftast ut.

Dersom det vert lagt kunstgras der kan me sjå for oss at det er fotball som er den dominerande aktiviteten.

Pris er kr 455 341 ekskl. mva

5. Ikkje gjera noko

Arealet vil ikkje kunne nyttast til anna enn leik og det vil kome grus inn på kunstgrasbana og løpebanene.

Ingen kostnad.

Det er to hovudaktiviteter på det nye anlegget. Fotball og friidrett, og begge idrettane kan nytte seg av arealet. Fotballgruppa ynskjer kunstgras. Dei meiner at det kan leggjast ei 3'er-bane der. Ei 3'er-bane vert nytta av utøvarar under sju år i kamp. Ved å leggja kunstgras så får fotballen litt meir treningsareal.

Den anbefalte speleflata for 3'er-fotball er 10 m x 15 m, og med tryggleikssoner på 3 m vert den totale arealbruken 234 m^2 . Halvsirkelen har eit areal på 1177 m^2 .

Med å bytte ut grasbana med ein kunstgrasbane så vert brukstida auka frå 150 timer i året til inntil 2 000 timer. Det er ei auke på 5 timer kvar dag heile året. I tillegg har me òg ein grusbane med inntil 2 000 brukstimar i året ved sidan av. Kunstgrasbana får ei speleflate på $6\,400 \text{ m}^2$ og grusbana har eit areal på $6\,000 \text{ m}^2$. Det totale arealet sett av til fotball vert $12\,400 \text{ m}^2$.

Samnanger idrettslag hadde i 2015 14 fotballag med omtrent 145 aktive utøvarar. I 2016 sesongen er den største banestørrelsen dei nyttar 9'er. Ein 9'er-bane er den nest største banestørrelsen. Til ein 9'er-bane kan ein nytta den eine halvsida av fotballbanene, eller frå sekstenmeter til sekstenmeter.

Rådmannen meiner at behovet til fotballen vert oppfylt av grusbanen og den planlagde kunstgrasbanen.

Som nemnt tidlegare så vert dette arealet nytta til kasteøvingane i friidrett. Dei må gjerast på grusbanen. Rådmannen meiner at friidretten ikkje har behov for arealet.

Frå ein idrettsfagleg ståstad er det best med kunststoffdekke, men at arealet vert nytta til anna aktivitet enn friidrett. Det kan til dømes vera tennis, volleyball, bordtennis eller eit leikeareal. Dersom det vert lagt kunstgras i halvsirkelen, så vil fotballen nytta arealet til organisert aktivitet. Ved å leggja eit kunststoffdekke, og leggja til rette for anna aktivitet, så vil me leggja til rette for meir uorganisert eller eigenorganisert aktivitet.

Å driva med idrett og fysisk aktivitet har ein eigenverdi for den enkelte. Dei føl glede med aktivitet, og det er det som er drivkrafta. For Samnanger kommune har idrett og fysisk aktivitet ein

nytteverdi. Å vera i god fysisk form påverkar helsa til den enkelte positivt, og ei frisk befolkning er Samnanger kommune tent med.

Å leggja kunststoffdekke i halvsirkelen er det dyraste alternativet, og på grunn av det vil ikkje rådmannen anbefala det. Den økonomiske situasjonen til Samnanger kommune gjer at me må vurdera kva kostnad dei ulike alternativa har.

Finansieringshøve vårt er å nytta dei midla som er igjen i prosjektramma, og å omdisponera midlar frå Sima-Samnanger-fondet vårt. Der er det satt av kr 756 477 til ungdomsarbeid som ikkje er bunde opp i økonomiplanen.

Å nytta midlar som er satt av til ungdomsarbeid kan forsvarast med at idrett først og fremst er ein barne- og ungdomsaktivitet. Det er flest barn og unge som er aktive utøvarar i idretten. Med det nye anlegget vil deira høve til fritidsaktivitet vera god.

Med bakgrunn i den økonomiske situasjonen og at fotballen og friidretten sine behov er godt nok ivaretatt, så foreslår rådmannen at me vel å leggja drengesfalt for å letta vedlikehaldsarbeidet og eit tynt kunststoffdekke for det estetiske. Dette dekket kan òg nyttast til uorganisert aktivitet. Det vert finansiert av restmidlar i prosjektet og å omdisponera midlar satt av til ungdomsaktivitet i Sima-Samnanger-fondet.

KS- 057/2017 Vedtak:

Økonomirapportering pr november 2017 vert tatt til etterretning og det vert gjort fylgjande budsjettjusteringar:

	Utgift opp/ Inntekt ned	Utgift ned/ Inntekt opp
Driftsbudsjettet:		
Auka ramme og skjønstillskot		1 134 000
Konsesjonskraft		150 000
Taksering av eigedomar	30 000	
Betalt ut arbeid utover vanleg arbeidstid	140 000	
Rådmann , 1 mnd tidlegare enn førutsatt	123 000	
Samningaveko	79 700	
Brann	290 000	
Auka ytingar til livsophald	320 000	
Innsparing Nav		184 000
Innsparing flyktningekontoret		136 000
Renter planlagt ført i investering	130 000	
Avsett til disposisjonsfond	491 300	
Sum	1 604 000	1 604 000
Investering		
Investering i oppmålingsutstyr for vatn	122 900	
Innsparing på vassforsyning Rolvsvåg		171 400
Meirforbuk Frøland vatn	48 500	
Totrænavegen - mindreforbruk		371 700
Kommunale vegar - mindreforbruk		789 000
Ungdomsskulen - mindreforbruk		291 000
Barneskule - meirforbruk	43 000	
Bjørkheim VVA - sum meirforbruk	2 561 251	
Bjørkheim VVA - unytta lånemidlar.		1 152 551
Bibliotek - overskridning dekka av unytta lånemidlar	75 000	75 000
Bibliotek - lågare tilskot enn forventa. Lån frå fond	500 000	500 000
Krøllgrasbane - meirforbruk	777 262	
finansiert med unytta lånemidlar		777 262
Bu- og aktivitetssenter, ikkje starta opp		9 900 000
Unytta lånemidlar	9 900 000	
KLP eigeinkapitaltilskot, auka bruk av fond	16 091	16 091

Arv av eigedom, føres både som kjøp og gavé.	3 000 000	3 000 000
Kontrollsum	17 044 004	17 044 004

Til

Samnanger kommune

BYGGEREGNSKAP IDRETSANLEGG – REVISORS UTTALELSE

Vår kontroll av byggeregnskapet for idrettsanlegget er utført etter oppdrag fra kontrollutvalget i Samnanger kommune.

Det reviderte byggeregnskapet viser samlede utgifter på kr 11.007.827 for prosjektet idrettsanlegget. Utgiftene i byggeregnskapet utgjøres hovedsakelig av byggetjenester og nybygg.

Samnanger kommune har mottatt privat tilskudd på kr 100.000. Utgifter på kr 10.130.565 er finansiert med bruk av fond og momskompensasjon. Overskridelse på kr 777.262 er dekket av ubenyttede lå nemidler.

Vi har gjennomført de kontrollhandlinger som er avtalt med dere og listet opp nedenfor. Vårt oppdrag er utført i samsvar med ISRS 4400 – Avtalte kontrollhandlinger. Handlingene er utført for å bistå dere i vurderingen av riktigheten av utgifter og inntekter, og oppsummeres som følger:

1. Vi har innhentet oversikt over utgiftene som er ført på prosjektet og kontrollsummert disse.
2. Vi har på stikkprøvebasis rimelighetsvurdert og kontrollert de vesentligste utgiftskontoene og beløp mot underliggende bilag.
3. Vi har kontrollert faktisk finansiering mot vedtak på finansiering i form av bruk av fond.

Siden de ovenstående kontrollhandlinger verken utgjør revisjon eller begrenset revisjon i samsvar med revisjonsstandardene, gir vi ikke uttrykk for noen sikkerhet for at informasjonen ikke inneholder vesentlige feil. Dersom vi hadde utført tilleggshandlinger eller hadde gjennomført revisjon eller begrenset revisjon i samsvar med revisjonsstandardene, kunne andre forhold ha kommet til vår kunnskap og blitt rapportert til dere.

Vår uttalelse er utelukkende utarbeidet for det formålet som er beskrevet i første avsnitt i denne rapport og skal ikke brukes til noe annet formål.

Bergen, 24.januar 2018
Deloitte AS


Unni-Renate Moe
statsautorisert revisor



Samnanger kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Arkivsak: 216

Arkivnr: 2016/48-26

Sakshandsamar: Kari Marie Nygard

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Samnanger kommune	5/18	12.02.2018

Byggerekneskap for nytt biblioteklokale på Bjørkheim

Bakgrunn

Kontrollutvalet har motteke «Byggerekneskap for nytt biblioteklokale på Bjørkheim» i mail 12.01.18.

Bakgrunn for at kontrollutvalet skal gje sin uttale i denne saka følgjer av reglement for kontrollutvalet i Samnanger kommune, der det mellom anna står:

«Prosjektrekneskapar over kr. 500.000: Så snart eit prosjekt er avslutta, skal prosjektrekneskapen leggast fram for kontrollutvalet som gjev tilråding til det organ som har vedteke kostnadsoverslag og finansieringsplan – (sjå Økonomireglement for Samnanger kommune).

Økonomireglement for Samnanger kommune, utdrag:

«Investeringsprosjekt som skal førast på to eller fleire budsjett, skal førast som eige prosjektregnskap (byggeregnskap). For investeringsprosjekt med ei kostnadsramme på over kr. 500.000 skal det alltid førast eige prosjektrekneskap.

Prosjektrekneskapen skal spesifiserast slik at tala kan samanliknast direkte med kostnadsoverslaget.

Så snart eit prosjekt er avslutta, skal prosjektrekneskapen leggast fram for kontrollutvalet som gjev tilråding til det organ som har vedteke kostnadsoverslag og finansieringsplan. Organet skal samstundes med slutthandsaming av prosjektet gjera vedtak om finansiering av eventuelle overskridinger, eller disponering av ubrukte midlar til prosjektet. Overskridinger som ikkje vert dekkja av ledige midlar innanfor same rammeområde i kapitalbudsjettet, skal handsamast av kommunestyret. Bruk av lånemidlar kan berre vedtekast av kommunestyret.

Ved overskridinger skal saka alltid verta lagt fram for kommunestyret til handsaming så snart prosjektansvarleg er kjend med dette.

Drøfting

Byggerekneskapen som ligg føre viser ei samla utgifter på kr. 15.148.695 for prosjektet nytt biblioteklokale.

Utgiftene er finansiert med tilskot frå Hordaland fylkeskommune på kr. 500.000, refusjon frå Hordaland fylkeskommune på kr. 100.000, overføring frå driftsrekneskap og bruk av fond.

Besøksadresse: Agnes Mowinckelsgt. 5 - Postadresse: Postboks 7900. 5020 Bergen - Telefon 55 23 90 00

Direkte telefon 55239406 - Mobil 91664183 - E-postadresse: kari.nygard@hfk.no eller kontrollutvalet@hfk.no

Bankgiornr. 5201 06 74239 - Foretaksnr. NO 938 626 367 mva.

Rekneskapen viser ei meirutgift på kr 575.000. Meirutgifa vert dekka med å låne kr 500.000 frå ubunde investeringsfond, og at det vert søkt om resterande tilskot om tilskot frå Hordaland fylkeskommune på kr 500.000 i 2018. Vidare er det gjort vedtak i KS 057/2017 om å dekka kr 75.000 av unytta lånemidlar.

Kontrollutvalet skal gje sin uttale til byggerekneskapen for nytt biblioteklokale på Bjørkheim, og måten den er lagt fram på. Dokument i saka omfattar:

- Byggerekneskap for nytt biblioteklokale på Bjørkheim
- Kjøpekontrakt med Bjørkheim Senter AS
- Saksframlegg vedr. Framtidig bibliotek i Samnanger (KS 071/14)
- Saksframlegg økonomirapportering pr. april 2017 (KS 021/17)
- Tilsagnbrev frå Hordaland fylkeskommune datert 21.09.17
- Vedtak i KS 057/17 – økonomirapportering pr. november 2017
- Deloitte sin uttale til byggerekneskapen

Utover det som kjem fram av dokumenta i saka, og revisjonen sin uttale, finn ein at prosjektet er utført på ein tilfredstillande måte.

Konklusjon

Byggerekneskapen med vedlegg som er lagt fram gjev eit godt og oversiktleg bilet av prosjektet for nytt bibliotek på Bjørkheim. Sekretariatet vil gjere framlegg om at kontrollutvalet gjev slik uttale i saka:

Forslag til uttale:

Kontrollutvalet tilrår at kommunestyret godkjenner prosjektrekneskap for nytt bibliotek på Bjørkheim.


Hogne Haktorson
kontrollsjef

Kari Marie Nygard
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Vedlegg:

- Byggerekneskap for nytt biblioteklokale på Bjørkheim
- Kjøpekontrakt med Bjørkheim Senter AS
- Saksframlegg vedr. Framtidig bibliotek i Samnanger (KS 071/14)
- Saksframlegg økonomirapportering pr. april 2017 (KS 021/17)
- Tilsagnbrev frå Hordaland fylkeskommune datert 21.09.17
- Vedtak i KS 057/17 – økonomirapportering pr. november 2017
- Deloitte sin uttale til byggerekneskapen



SAMNANGER KOMMUNE

-der du vil leva og bu -



BYGGJEREKNESKAP

FOR

Nytt Biblioteklokale på Bjørkheim



Byggjerekneskap – Biblioteklokale i næringsbygg på Bjørkheim

1. Skildring av tiltaket

Samnanger kommune sitt folkebibliotek var lokalisert til kjellaretasjen i kommunehuset på Indre-Tysse. Lokalet var på om lag 100 m² og svært lite eigna til publikumsbesøk, arrangement og magasinkapasitet. Det var ikkje mogleg å kome til lokalet med rullestol og ekskluderte ei rekke innbyggjarar frå å bruka biblioteket som møteplass. Ulike tiltak vart vurdert i eksisterande lokale. For å få til eit framtidig og moderne bibliotek ønska kommunen heller vurdera andre alternativ. Nytt biblioteklokale på Bjørkheim kom opp som eit godt mogleg alternativ, då Bjørkheim Senter realistiske sitt bygg.

2. Vedtak om oppstart og endringar

I gjennom feire år har det vore fleire innspel om eit meir tilgjengelege biblioteklokale. I 2014 retta Finn Mohn spørsmål til kommunen om leige evt kjøp av lokale i samband med bygging av Bjørkheim senter. Saka vart drøfta politisk og administrativt fleire gongar. I kommunestyret den 17.12.2014 sak 71/14 vedtok kommunen følgjande:
«Samnanger kommune inngår kontrakt med Bjørkheim senter om kjøp av areal i nytt bygg på Bjørkheim til bruk for bibliotek. Kommunen vil inngå avtale om kjøp av ca 500 kvadratmeter. Vedtaket er med atterhald om at tiltaket vert innarbeid i økonomiplan og at byggestart vert i 2015.

Samnanger kommune inngjekk kjøpekontrakt med Bjørkheim Senter den 21.10.2015 om kjøp av areal.

Vedtak om finansiering vart gjort i samband med økonomoplanen 2017-2020 i Kommunestyret sak 16/100. Totalt vart det sett av kr 14.334.000.



3. Organisering av prosjektet

Prosjekteigar har vore assisterende rådmann Hilde-Lill Våge medan kultursjef Arnved Lund har vore prosjektleiar under byggeperioden. I tillegg har teknisk driftssjef Endre Kulleseid vore med i



drøftingar for det som gjeld tekniske vurderingar og problemstillingar. Kultureininga har utgjort ei prosjektgruppe, og har hatt ein tett dialog med fylkesbiblioteket.

4. Framdriftsplan

I kontraktmøte i oktober 2015 var kommunen lova overtaking av lokala den 22.06.15. Av ulike grunnar vart bygginga utsett av byggeigar. Tidspunktet vart difor seinare flytta til november 2016 og ytterleg til mars 2017. Den 2. mars 2017 overtok kommunen næringsseksjonen/biblioteklokala. Lokala er seksjonert som eigen eigarseksjon til Samnanger kommune.

5. Økonomisk oversyn

I budsjett og økonomiplanen 2017-21, KS-sak 100/16, vedtok kommunen eit budsjett på 14,33 millionar kroner til kjøp og bygging av biblioteklokale. 12 millionar vart vedteke å lånefinansiera, medan 1,21 millionar vart finansiert frå ubunde investeringsfond og 1 million i tilskot frå Hordaland fylkeskommune (kulturanlegg). Fylkeskommunen løvvde og kr 150.000 i tilskot for modellbibliotek, som kunne verte brukt til arkitekthjelp og kjøp av utstyr.

	KS vedtak 100/16	KS vedtak 21/17	Overført frå drift	Overført frå drift	Sum budsjett	Rekneskap
Gebyr og lisensar kjøp lokale	21 000				21 000	20 525
Innbu og utstyr	150 000		100 000	52 000	302 000	308 513
Byggetenester og nybygg	100 000	400 000	75 000		575 000	594 034
Kjøp av bygg/anlegg	14 000 000				14 000 000	14 000 000
Betalt mva - momskompensasjon	62 500	100 000	31 250	13 000	206 750	225 622
Sum utgifter	14 333 500	500 000	206 250	65 000	15 104 750	15 148 695
Refusjon frå fylkeskommunen	-150 000				-150 000	-100 000
Overføring frå fylkeskommunen	-1 000 000				-1 000 000	-500 000
Bruk av nytt ubunde inv.fond.	-1 021 000				-1 021 000	-1 021 000
Bruk av Sima - Samnanger fond	-100 000				-100 000	-100 000
Overføring frå driftrekneskapen	0		-175 000	-52 000	-227 000	-227 000
Sum finansiering	-2 271 000	0	-175 000	-52 000	-2 498 000	-1 948 000
Netto	12 062 500	500 000	31 250	13 000	12 606 750	13 200 695
Momskompensasjon	-62 500	-100 000	-31 250	-13 000	-206 750	225 622
Lånemidlar	-12 000 000	-400 000			-12 400 000	12 400 000
Sum /meirutgift	0	0	0	0	0	575 073



I 1.tertialrapport til kommunestyret (KS-sak 21/17) vart det varsla om meirutgifter, for å få tilrettelagt lokala i tråd med arbeidsmiljølova og brannforskriftene. I dei opprinnelige teikningane var det ikkje teke omsyn til krav om eigen garderobe og toalett for dei tilsette. For å få til ei betre, meir direkte og universell hovudtilkomst vart inngangspartiet lagt til utsida av lokalet. Dette resulterte i strengare branntiltak og meirutgifter. Budsjettet vart difor justert opp med kr 575.000. Totalbudsjettet vart då oppjustert til 15,1 millionar kroner.

Kommunen hadde budsjettet med 1 million i tilskot frå fylkeskommunen, men fekk halvparten i tilskot i 2017. Kommunen har høve til søkje om nye kr 500.000 i 2018 for å få fullfinansiert tiltaket. Rekneskapen viser difor ei meirutgift på kr 575.000. Det vert føreslått å låne kr 500.000 frå ubunde investeringsfond med tilbakebetaling med tilskotet som vert søkt om i 2018. Ser ein bort frå underdekning av tilskot er det ei overskridning på kr 75 073 på prosjektet i høve revidert budsjett. Desse vert dekka inn med ubrukte lånemidlar (ks-sak 57/17).



6. Måløppnåing

Samnanger kommune har no fått eit svært godt og eigna biblioteklokale for folk flest. Det ligg sentralt og er lett gjengeleg for brukar som må nytte kollektiv transport eller går frå sine bufellesskap i nærleiken. Viktigaste er at biblioteket no vert opplevd som ein offentleg møtestad der ein treff folk til samtale eller debatt i tillegg til å låne bøker.

7. Vedlegg

Kjøpekontrakt

KS-sak 71/14 og Økonomirapportering april 2107.

Fordeling av spelemidlar – tilskot biblioteket

KJØPEKONTRAKT

Mellom:

Org nr / fnr/pnr:

Bjørkheim Senter AS
c/o Samnanger Eiendom AS
5650 Tysse

979 308 760

heretter kalt "Selger"

og

Samnanger kommune
Tyssevegen 217
5650 Tysse

964 968 985

heretter kalt "Kjøper"

er i dag inngått følgende kjøpekontrakt:

1. BAKGRUNN OG SALGSOBJEKT

Selger har prosjektert et nybygg på gnr. 18 bnr. 209 i Samnanger kommune ("Tomten"). Selger er eneier av Tomten. På Tomten skal det oppføres et kombinert bolig- og næringsbygg som så igjen skal oppdeles i eierseksjoner. Kjøper er kjent med det prospekt som Selger har utarbeidet i anledning det planlagte bygg, samt den rammetillatelse som er gitt til Selger. Prospekt datert 3. september 2014 vedlegges (Vedlegg 1).

Selger overdrar med dette til Kjøper den planlagte næringsseksjon til bibliotek på ca. 558 m², herunder ideell andel av det planlagte eierseksjonssameiets fellesareal (heretter samlet kalt «Næringsseksjonen»). Næringsseksjonen skal ha rett til inntil 3 parkeringsplasser på Tomtens uteareal, og partene er enige om at dette utearealet skal inntas som tilleggsdel grunn til Næringsseksjonen ved den kommende seksjonering. Et situasjonskart som viser det aktuelle parkeringsområdet vedlegges (Vedlegg 2).

H. Aa.

Kvam herad har no sendt faktura til Samnanger kommune for tilkopling til vatn og avløp for bustader og fritidseigedomar i Eikedalen. Dette skal vera eit eige sjølvkostområde og kommunen må vedta eit eige gebyrregulativ for Eikedalen.

Sektorane

Einingane rapporterer i bedre styring og sektorleiarane sine oppsummeringar ligg vedlagt til denne rapporteringa pr april. Det er eit par område som vil ha behov for å få styrka budsjettet som ikkje er nemnt tidlegare. Det eine området er brann. Brannbilen har hatt reperasjoner for til saman kr 70 000. Brannbefalet har i vår tatt BER1 kurs fordelt over fleire helger og ei praksisveke. Overtidskostnad er på ca kr 80 000. Kurset og kostnad var lagt inn i budsjettet, men kostnad til lønn vart noko høgare enn forventa. Brannmannskapet har i april vore på eit vekes kurs/praksisveke. Utgift til dette er pr no ikkje avklart og me kjem tilbake til dette dersom det skulle vise seg at utgifta ikkje er innanfor budsjetttrammene.

Byggeskahandsamar ved teknisk forvaltning har i deler av 2016 og 2017 hatt svangerskapspermisjon. Ferie for 2016 vart overført til 2017 og det skal avviklast 10 veker ferie i 2017. Kommunen kan ikkje stå utan byggeskahandsamar i ein så lang periode og eininga har forlenga kontrakt med bemanningsbyrå for innleige av vikar for denne perioden. Dette var det ikkje tatt høgde for i budsjettet og eininga bør få styrka budsjettet sitt med kr 94 000 som vil dekke utgift til 5 veker.

Investering

Vassloppa og ungdomsskule

I rådmannen sitt framlegg til budsjett for 2017 var utgangspunktet at det skulle arbeidast

med å slå saman barnehagane og skulane. Det var då lagt inn midlar til oppgradering av Vassloppa barnehage. I tekstdelen til framlegg til budsjett 2017 står det at dersom dette ikkje vert gjennomført må det utførast arbeid på ungdomsskulen. Det er mellom anna oppgradert eldre SD (Sentralt driftsovervåkings) anlegg. Summen som er løyvd i budsjettet på kr 500 000 eks moms må flyttast frå Vassloppa til Ungdomsskulen for å finansiere dette arbeidet.

Barneskule

Det er løyvd kr 550 000 i budsjett 2017 til varmepumpe og borehol. Varmepumpe er no montert og borehol skal borast i slutten av mai. Arbeidet går som planlagt.

Vatn

Det er kjøpt inn og montert nytt strømagggregat i Myra som planlagt. Ny trykktank i Rolvsåg er montert. Det som gjenstår er å bygge hus over den.

Totland og Tysseland er no kopla på det kommunale vatnet. Det er her snakk om 23 nye abonnentar. Totalt med Frøland og Ulland er det no kome til 55 abonnentar i dette området. BKK as har gitt tilskot/ betalt for at kommunen skal overta deira anlegg med totalt kr 1,4 mill. Kr 1 mill. er knytt til arbeid som vart utført i 2015. Resten, kr 400 000, dekker utgiftene ved å få kopla Totland og Tysseland på kommunalt vatn. Tilskot og utgift var ikkje lagt inn i budsjettet og skal budsjettjusterast.

Bjørkheim

Arbeid med parken vart ferdig før 17.mai. Det andre arbeidet på Bjørkheim med VVA er for det meste ferdig. I vedtatt budsjett var det ikkje lagt inn kostnad med tidlegare inngåtte avtaler med grunneigarar i området og utgift til desse avtalene er ikkje finansiert. Dette kjem me tilbake til i byggjerekneskap.

Kunstgras i Hagabotnane

Arbeidet er svært veravhengig. Deler av løpebana er lagt og arbeidet startar opp att så snart det er langvarig opphaldsver. Kunstgras vert lagt fortløpande etter at dette er ferdig. Det ser ut til at det vil bli ekstrakostnader i samband med at opparbeiding frå løpebane til gjerde ikkje var tatt med i totalentreisen. Kostnaden på dette kjem me tilbake med. Det vil bli laga byggjerekneskap.

Veg til Hagabotnane

Eininga arbeider med å få inn priser på asfaltering, montering av rekkverk, fjellsikring, montering av ledd-veglys. Arbeidet vil bli gjennomført i juni. Arbeid med prosjektering av ny veg er starta opp.

Veg til Totræna

Kommunestyret løyvde i sak 10/17 inntil kr 2,5 mill eks moms til rassikring og til å legge om vegen til Totræna. Vegen er no ferdig og klar for asfaltering i mai og rekkverk vil bli montert i slutten av juni dersom alt går etter planen. Vegen på oppsida av ny veg er blitt utvida og forbetra med nye stikkrenner, grøfter og asfalt. Utgifter vil halde seg innafor budsjett.

Hus på Lønnebakken

Eigedomen på Lønnebakken er no selt. Salspris var kr 2 310 000. Kostnad ved sal inkl provisjon kom på kr 135 880. Netto inntekt kr 2 174 120 vert sett av til ubunde investeringsfond. Det var budsjettert med kr 2,4 mill. i inntekt og avsett til fond som må justerast ned.

Rolvsvåg bustadfelt

Det er selt ein tomt i Rolvsvåg bustadfelt til kr 100 000. Inntekta bør settast av til ubunde investeringsfond.

Samnangerheimen

I slutten av februar 2017 fekk kommunen ein faktura på kr 98 000 eks moms som gjeld sjukeheimen. Faktura gjeld reklamasjonsarbeid som er utført av eit anna firma enn det kommunen hadde kontrakt med. Denne informasjonen er tatt med i årsmeldinga.

Kommunen har unytta lånemidlar på kr 3 mill. som kan nyttast til finansiering.

Bibliotek

Det har vore utført noko endringsarbeid på ca kr 400 000 som det ikkje er budsjettert med.

Dette vert foreslått finansiert med unytta lånemidlar. Utgifta er knytt til ombygging av inngangspartiet til universell utforming og arbeid etter pålegg frå arbeidstilsynet.

Det skal og kjøpast inn inventar til biblioteket. Anbodet var på kr 250 000 og eininga arbeider med å finne midlar til inventaret innafor eige budsjett. Kommunen har og fått tilsegn om tilskot frå fylkeskommunen på kr 100 000.

Det vil bli laga byggjerekneskap.

Vurderingar og konsekvensar:

Totalt sett ser det ut til at kommunen har budsjett for 2017 under kontroll. Det er ein del usikkerheitsmoment, men prognosane ser så langt bra ut. Det ser ut til at kommunen får auka inntekter frå skatt, inntektsutjamning og eigedomsskatt som kan nyttast til å dekke opp for lågare forventa inntekt frå sal av konsesjonskraft og utgifter som det ikkje er budsjettert med.



Samnanger kommune

SAMNANGER KOMMUNE SENTRALADMINISTRASJONEN	
SAK.NR.....	JNR.....
27 SEPT 2017	
EMNEKODE:.....	
OBJEKTKODE:.....	
SAKSH:.....	GRADERING.....

5470 ROSENDAL

21.09.2017

Deres ref.:

Saksbehandler:
Bjørg Larsen

Søknadsnr: 17/01759
Arkiv nr: 2017/3764-44

**FORDELING AV MIDLAR TIL IDRETSANLEGG 2017 - TILSEGN OM
KULTURBYGGMIDLER TIL ANLEGGNSNR 1224 0036 01 SAMNANGER BIBLIOTEK –
SAMNANGER KOMMUNE.**

Vi viser til søknad om tilskot til nemnde anlegg.

Ved fordeling av spelemidlar vart søknaden imøtekomen med eit tilskot på kr 500 000. Grunngjeving: Nytt bibliotek er viktig for Samnanger kommune. Fylkesrådmannen tilrår støtte med kr 500 000,-

Generelle retningslinjer for utbetaling av løyvd tilskot:

1. Det kan søkjast om delutbetaling når anleggsarbeida er kome godt i gang. Søknad om delutbetaling må innehalde eit delrekneskap og ein statusrapport med kommunal stadfesting på framdrifta av anlegget.
2. Løyvd tilskot skal i hovudsak nyttast i tildelingsåret. Tilskot som ikkje vert teke ut innan 2 år etter at tilsegn er gjeve, det vil seie datoен på tilsegnsbrevet, vert inndrege.
3. Sluttutbetaling vert ikkje gjort før kontrollert rekneskap er sendt inn saman med kommunal stadfesting på at anlegget er fullført i samsvar med godkjende planar. Kommunerevisor må kontrollere rekneskap ved tilsegn om tilskot over kr 100 000,-. For kart skal i tillegg eit eksemplar av kartet leggast ved.
4. Alle utbetalingar skjer via den kommunen der anlegget er fysisk plassert.
5. Dersom det gjeld fornying av søknad, skal denne leverast på elektronisk skjema. Orientering om byggearbeidet og førebels rekneskapsoversikt skal leggast med, sjå V-0732. Dersom anlegget er ferdigstilt, skal kontrollert rekneskap leggast ved søknaden.

Postadr.: Postboks 7900, 5020 BERGEN

Tlf.: +47 55239000

Faks: +47 55239949

Besøksadr.: Agnes Mowinckels gate 5
E-post: hfk@post.hfk.no



Klagerett:

Forvaltningslova gjev søkerar som har fått avslag på søknad om tilskot frå spelemidlane rett til å klage over det vedtaket som er gjort, sjå Forvaltningslova § 27 tredje ledd og § 28 andre ledd, samt kapittel 7 i føresagnene om tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet, V-0732. Klagefristen er 3 veker frå den dagen dette brevet er motteke. Dersom fylkeskommunen ikkje endrar vedtaket som følgje av klaga, skal saka sendast Kulturdepartementet for endeleg avgjerd.

Klageskjema finn ein på sida <http://www.signform.no/dss/>

Med helsing

Per Morten Ekerhovd
Konst. fylkesdirektør kultur og idrett

Ronny B Skaar
Utviklingssjef

Kopi: Samnanger kommune

KS- 057/2017 Vedtak:

Økonomirapportering pr november 2017 vert tatt til etterretning og det vert gjort fylgjande budsjettjusteringar:

	Utgift opp/ Inntekt ned	Utgift ned/ Inntekt opp
Driftsbudsjettet:		
Auka ramme og skjønstillskot		1 134 000
Konsesjonskraft		150 000
Taksering av eigedomar	30 000	
Betalt ut arbeid utover vanleg arbeidstid	140 000	
Rådmann , 1 mnd tidlegare enn førutsatt	123 000	
Samningaveko	79 700	
Brann	290 000	
Auka ytingar til livsophald	320 000	
Innsparing Nav		184 000
Innsparing flyktningekontoret		136 000
Renter planlagt ført i investering	130 000	
Avsett til disposisjonsfond	491 300	
Sum	1 604 000	1 604 000
Investering		
Investering i oppmålingsutstyr for vatn	122 900	
Innsparing på vassforsyning Rolvsvåg		171 400
Meirforbuk Frøland vatn	48 500	
Totrænavegen - mindreforbruk		371 700
Kommunale vegar - mindreforbruk		789 000
Ungdomsskulen - mindreforbruk		291 000
Barneskule - meirforbruk	43 000	
Bjørkheim VVA - sum meirforbruk	2 561 251	
Bjørkheim VVA - unytta lånemidlar.		1 152 551
Bibliotek - overskridning dekka av unytta lånemidlar	75 000	75 000
Bibliotek - lågare tilskot enn forventa. Lån frå fond	500 000	500 000
Krøllgrasbane - meirforbruk	777 262	
finansiert med unytta lånemidlar		777 262
Bu- og aktivitetssenter, ikkje starta opp		9 900 000
Unytta lånemidlar	9 900 000	
KLP eigeinkapitaltilskot, auka bruk av fond	16 091	16 091

Arv av eigedom, føres både som kjøp og gavé.	3 000 000	3 000 000
Kontrollsum	17 044 004	17 044 004

Til

Samnanger kommune

BYGGEREGNSKAP NYTT BIBLIOTEKLOKALE PÅ BJØRKHEIM – REVISORS UTTALELSE

Vår kontroll av byggeregnskapet for nytt biblioteklokale på Bjørkheim er utført etter oppdrag fra kontrollutvalget i Samnanger kommune.

Det reviderte byggeregnskapet viser samlede utgifter på kr 15.148.695 for prosjektet «Nytt biblioteklokale på Bjørkheim». Utgiftene utgjøres hovedsakelig av bygg/anlegg.

Utgiftene er finansiert med tilskudd fra Hordaland fylkeskommune på kr 500.000, refusjon fra Hordaland fylkeskommune på kr 100.000, overføring fra driftsregnskapet og bruk av fond.

Vi har gjennomført de kontrollhandlinger som er avtalt med dere og listet opp nedenfor. Vårt oppdrag er utført i samsvar med ISRS 4400 – Avtalte kontrollhandlinger. Handlingene er utført for å bistå dere i vurderingen av riktigheten av utgifter og inntekter, og oppsummeres som følger:

1. Vi har innhentet oversikt over utgiftene som er ført på prosjektet og kontrollsummert disse.
2. Vi har på stikkprøvebasis rimelighetsvurdert og kontrollert de vesentligste utgiftskontoene og beløp mot underliggende bilag.
3. Vi har kontrollert faktisk finansiering mot vedtak på finansiering i form av bruk av fond.

Siden de ovenstående kontrollhandlinger verken utgjør revisjon eller begrenset revisjon i samsvar med revisjonsstandardene, gir vi ikke uttrykk for noen sikkerhet for at informasjonen ikke inneholder vesentlige feil. Dersom vi hadde utført tilleggshandlinger eller hadde gjennomført revisjon eller begrenset revisjon i samsvar med revisjonsstandardene, kunne andre forhold ha kommet til vår kunnskap og blitt rapportert til dere.

Vår uttalelse er utelukkende utarbeidet for det formålet som er beskrevet i første avsnitt i denne rapport og skal ikke brukes til noe annet formål.

Bergen, 26. januar 2018
Deloitte AS


Unni-Renate Moe
statsautorisert revisor



Samnanger kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Arkivsak: 216

Arkivnr: 2016/48-27

Sakshandsamar: Kari Marie Nygard

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Samnanger kommune	6/18	12.02.2018

Byggerekneskap for ny vegtrase Totræna

Bakgrunn

Kontrollutvalet har motteke «Byggerekneskap for ny vegtrase Totræna» i mail 12.01.18.

Bakgrunn for at kontrollutvalet skal gje sin uttale i denne saka følgjer av reglement for kontrollutvalet i Samnanger kommune, der det mellom anna står:

«Prosjektrekneskapar over kr. 500.000: Så snart eit prosjekt er avslutta, skal prosjektrekneskapen leggast fram for kontrollutvalet som gjev tilråding til det organ som har vedteke kostnadsoverslag og finansieringsplan – (sjå Økonomireglement for Samnanger kommune).

Økonomireglement for Samnanger kommune, utdrag:

«Investeringsprosjekt som skal førast på to eller fleire budsjett, skal førast som eige prosjektregnskap (byggeregnskap). For investeringsprosjekt med ei kostnadsramme på over kr. 500.000 skal det alltid førast eige prosjektrekneskap.

Prosjektrekneskapen skal spesifiserast slik at tala kan samanliknast direkte med kostnadsoverslaget.

Så snart eit prosjekt er avslutta, skal prosjektrekneskapen leggast fram for kontrollutvalet som gjev tilråding til det organ som har vedteke kostnadsoverslag og finansieringsplan. Organet skal samstundes med slutthandsaming av prosjektet gjera vedtak om finansiering av eventuelle overskridinger, eller disponering av ubrukte midlar til prosjektet. Overskridinger som ikkje vert dekka av ledige midlar innanfor same rammeområde i kapitalbudsjettet, skal handsamast av kommunestyret. Bruk av lånemidlar kan berre vedtekast av kommunestyret.

Ved overskridinger skal saka alltid verta lagt fram for kommunestyret til handsaming så snart prosjektansvarleg er kjend med dette.

Drøfting

Byggerekneskapen som ligg føre viser ei samla utgifter på kr. 2.621.056 for prosjektet.

Utgiftene er i si heilheit finansiert ved bruk av fond og momskompensasjon. Det er eit overskot på prosjektet på kr 392.288. Dette skuldast at kommunen sjølv prosjekterte tiltaket.

Besøksadresse: Agnes Mowinckelsgt. 5 - Postadresse: Postboks 7900. 5020 Bergen - Telefon 55 23 90 00

Direkte telefon 55239406 - Mobil 91664183 - E-postadresse: kari.nygard@hfk.no eller kontrollutvalet@hfk.no

Bankgiornr. 5201 06 74239 - Foretaksnr. NO 938 626 367 mva.

Kontrollutvalet skal gje sin uttale til byggerekneskapen for ny vegtrase Totræna, og måten den er lagt fram på. Dokument i saka omfattar:

- Byggerekneskap for ny vegtrase Totræna
- KS-sak 10/17 – Endra tidsplan og finansiering ny vegtrase Totræna
- Deloitte sin uttale til byggerekneskapen

Utover det som kjem fram av dokumenta i saka, og revisjonen sin uttale, finn ein at prosjektet er utført på ein tilfredstillande måte.

Konklusjon

Byggerekneskapen med vedlegg som er lagt fram gjev eit godt og oversiktleg bilet av prosjekt for ny vegtrase Totræna. Sekretariatet vil gjere framlegg om at kontrollutvalet gjev slik uttale i saka:

Forslag til uttale

Kontrollutvalet tilrår at kommunestyret godkjenner prosjektrekneskap for ny vegtrase Totræna.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Kari Marie Nygard
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Vedlegg:

- Byggerekneskap for ny vegtrase Totræna
- KS-sak 10/17 – Endra tidsplan og finansiering ny vegtrase Totræna
- Deloitte sin uttale til byggerekneskapen

SAMNANGER KOMMUNE

-der du vil leva og bu -



BYGGJEREKNESKAP

FOR

Ny vegtrase Totræna



Byggjerekneskap – Ny vegtrase Totræna i Samnanger kommune

1. Skildring av tiltaket

Avkøyring og nedste del av vegen til Totræna var svært rassfarleg. Teknisk drift har rapportert om fleire mindre ras og steinsprang den siste tida. Dei frykta at større ras ville komme, og at vegen vil verte stengt på kort varsel. Auka aktivitet i skianleggget har og ført til at vegen var meir i bruk enn tidlegare. Ved store nedbørsmengder og ekstremnedbør var vegen svært rasutsett og vart ofte stengt. Geolog ble derfor kontakta etter fleire bekymringsmeldinger frå innbyggjarar og befaring frå kommunen. Geolog frå Sweco Norge utført ei skredfarevurdering, jf notat 14577001-A01. datert 9.3 2016. Geologuttale datert den 27.02.17, konkluderte med at endra vegtrase er det mest realistiske for å sikra seg mot skred. I søknaden om dispensasjon datert 02.03.17. la geologen fram ulike alternative traseval med i vurderingane. Traseevalget som ble valt ble klarert med fylkesmannen, og det vart henta inn flomberekning av Samnangervassdraget.



2. Vedtak om oppstart og endringar

I økonomiplan 2017-2020 er rassikring av vegen omtala og kommunestyret vedtok å sette av 1 million kroner i 2017 til utredninga av ny trase og 2,5 millionar i 2018 til omlegging av vegen (KS-



sak 100/16). Tiltaket vart framskunda og kommunestyret vedtok i sak 10/17 å søkja dispensasjon og bruka 2,5 millionar til ny vegtrase frå ubundne investeringsfond.

3. Organisering av prosjektet

Sidan dette vart eit hasteprosjekt fekk teknisk forvaltning i ansvar å gå i samarbeid med grunneigar, for ein snarleg avtale om å legge om vegen. Saka vart byggesakhandsama og det vart søkt Fylkesmannen om dispensasjon for tiltaket. Teknisk drift sto for søknad, og kontakta to entreprenørar om forslag på vegtrase og anbod. Leiar teknisk drift, Endre Kulleseid har og hatt ansvar for byggeleiinga og gjennomføringa av prosjektet. Hylland AS fekk oppdraget.

4. Framdriftsplan

Tiltaket var eit hastetiltak der ny trase burde verte teken i bruk snarast mogleg. Prosjektet starta opp så snart dispensasjonen var handsama ca 20 april, og vart ferdigstilt til sommarferien, ca medio juni i 2017. Prosjektet vart gjennomført på om lag 3 månader, med unntak av ekstra rekkverk langs delar vegen som vart montert rett etter ferien.

5. Økonomisk oversyn

Det er eit overskot på prosjektet på kr 392 288. Dette skuldast at kommunen sjølv prosjekterte tiltaket.

Konto (T)	Beløp	Budsjett KS 10/17	Mindre forbruk
Engasjement prosjekt	40 618	40 618	
Pensjon	6 785	6 785	
Arbeidsgjevaravgift	6 934	6 934	
Byggetenester og nybygg	267 540	0	
Entreprenørkostnad	1 766 635	2 426 463	
Konsulenttenester	19 200	19 200	
Betalt mva - momskompensasjon	513 344	611 416	
Sum utgifter	2 621 056	3 111 416	
Bruk av ubunde investeringsfond	-2 107 712	-2 500 000	-392 288
Sum finansiering	-2 107 712	-2 500 000	
Netto	513 344	611 416	
momskomp	-513 344	-611 416	
Sum	0	0	

I høve til prosjektet og anbodet vart det nødvendig å gjera ytterlegare utbetring av vegen underveis. Det vart nødvendig å utvide og lage fleire møteplassar, noko som førte til meir asfaltering. I tillegg vart det nødvendig å sikre med rekkverk ein lengre del av vegen. Dette er gjort innanfor prosjektramma. Alle tiltaka er gjennomført innanfor budsjettet på 2,5 millionar. Det inkluderer og finjustering med grus og asfaltermat vegen på ny veg heilt opp til skianleggset. Dette



for å kunne brøyte og sikre at både innbyggjarane, brukarar og tilsette ein sikker veg i skianlegget.



6. Skildring av gjennomføring av prosjektet.

Under sprengningsarbeidet viste det seg at steinmassen inneholdt mykje jord og hadde for dårlig kvalitet til å nyttast i den nye traseen. I tillegg hadde det i mellomtida blitt tatt ut ein del tømmer langs vegen. Mange bratte og farleg skråningar kom då fram i dagen, som vart trafikksikra med rekksverk.

I tillegg vart vegen utvida for å gje betre siktsoner, og flytta noko frå bratte skråningar mot ein bekke. Justeringa av vegtraseen resulterte og til at strømtilførselen måtte flyttast i tråd med vegtraseen.



7. Måloppnåing

Rassikre vegen i tråd med geologundersøking er gjennomført. Vegen har og forbetra trafikktryggleik og HMS.

8. Avsluttande merknader

Dette har vore eit prosjekt som stort sett har gått i tråd med plan. Utfordringa var størst i høve tidsbruken på dispensasjonssøknaden og behovet for undersøkingar som skulle ligge ved. Den kommunale del av vegen til Totræna er no ein rassikra veg som er av god nok standard til bruk for busette langs vegen for brukarar av skianlegget. Representantar for skianlegget er godt tilfreds med resultatet. Det står att å gå i samarbeid med private og idrettslaget om den midtre delen av vegen, td gjennom eit veglag. Parkeringsplassen i skianlegget bør og verte asfaltert for å redusera tidsbruken til brøyting og hindre øydelegging av denne. Dette er tiltak som er utanom prosjektet men som vert viktig å følgje opp for å få ei heilskapleg løysing for heile vegtraseen.

9. Vedlegg

KS-sak 10/17 – Endra tidsplan og finansiering ny trase Totræna.



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Hilde-Lill Våge	Arkivkode: FA-Q10
Arkivsaksnr: 17/391	Løpenr: 17/3035
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG			
Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr.	Saksbeh.
Kommunestyret	16.03.2017	010/17	HLV

ENDRING TIDSPLAN FOR FINANSIERING - RASSIKRING VEG TOTRÆNA

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Tidsplan for å gjennomføra tiltak for å rassikre og legge om Totrævegen vert endra til 2017. Midlar sett av i økonomiplanen 2017-18 på inntil 3,5 millionar vert finansiert med ubundne fondsmidlar i 2017.

16.03.2017 KOMMUNESTYRET

Handsaming i møtet:
Kommunestyrerepresentantane diskuterte saka.

Knut Harald Frøland (Bl) sette fram følgjande framlegg til vedtak:

Tidsplan for å gjennomføra tiltak for å rassikra og legge om Totrævegen vert endra til 2017. Midlar sett av i økonomiplanen 2017-18 på inntil 2,5 millionar vert finansiert med ubundne fondsmidlar i 2017.

Det vart røysta over framlegget frå rådmannen og over framlegget frå Knut Harald Frøland (Bl), og resultatet vart som følgjer:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:	Framlegg til vedtak frå Knut Harald Frøland (Bl)
Gunn Østvik Petersen (A)	Nils Aadland (A)
Øyvind Strømmen (MDG)	Vidar Tveiterås (A)
Arild Røen (H)	Harald Boge (A)
Sture Tveit (H)	Kristian Jørgensen (Krf)
Jon Magne Bøgevik (politisk uavhengig)	Gunn Totland Moss (Krf)
	Karl B. Kollbotn (Frp)

	Gunnar Bruvik (Frp)
	Ingvild R. Bogevik (Frp)
	Knut Harald Frøland (Bl)
	Lena Tveit (Bl)
	Anja Elisabeth G. Markhus (Bl)
	Martin Haugen (Bl)
	Solveig Vassenden (Bl)
	Øyvind Røen (Sp)
	Monica Tjønna (Sp)
Totalt: 5 røyster	Totalt: 15 røyster

Framlegget fra **Knut Harald Frøland (Bl)** vart vedteke med 15 mot 5 røyster.

KS-010/17 VEDTAK:

Tidsplan for å gjennomføra tiltak for å rassikra og legge om Totrævegen vert endra til 2017. Midlar sett av i økonomiplanen 2017-18 på inntil 2,5 millionar vert finansiert med ubundne fondsmidlar i 2017.

Dokument som ikkje er vedlagt:

Søknad frå SK om dispensasjon for å rassikre og legge om nedre del av vegen til Totræna.
SWECO-rapport datert 09.03.2016 om skredfare veg Totræna.

Kva saka gjeld: Endre tidsplan for finansiering til 2017 og gjennomføre rassikring av nedre del av vegen til Totræna i 2017.

Bakgrunn for saka: Avkøyring og nedste del av vegen til Totræna er rassfarleg, jf geolograpport datert 09.03.2016. Rapporten foreslår å legge om avkøyringa av vegen eller bygge heilt ny trase. Geologen har og vurdert alternative traseval i søknaden om dispensasjon datert 02.03.17. I økonomiplan 2017-2020 er rassikring av vegen omtala og kommunestyret vedtok å sette av 1 million kroner i 2017 og 2,5 millionar i 2018 til omlegging av vegen (KS-sak100/16). Tiltaket skulle finansierast med ubundne fond.

Vurderingar og konsekvensar:

Teknisk drift har rapportert om fleire mindre ras og steinsprang den siste tida. Dei frykter at større ras vil komme, og at vegen vil verte stengt på kort varsel. Auka aktivitet i skianlegget har og ført til at vegen er meir i bruk en tidlegare. Ved store nedbørsmengder og ekstremnedbør er vegen svært rasutsett. Tiltaket bør derfor verte framskunda og ny trase bør verte teken i bruk snarast mogleg. Kommunen har fått avtale med grunneigar om å legge om vegen.

Det er krav om reguleringsplan for slike tiltak. Kommunen søker derfor om dispensasjon for framkunde tiltaket og finne ei snarleg rassikker løysing. Dispensasjonen ligg no til fylkesmannen til uttale (hasteuttale).

Teknisk drift har saman med grunneigar utarbeidd eitt forslag til trase (alt. 1). I samband med handsaming av dispensasjonen har teknisk forvaltning henta inn uttale frå geolog og utarbeidd eit

alternativ 2, og ein kombinasjon av desse (alt 3). Alternativa er sendt til uttale til fylkesmannen som forslag til løysing. Anbod på valt trase vert henta så snart formelle krav er innfridd, og kommunen kan starte bygginga.

Den økonomiske ramma som er sett av til tiltaket er stipulert til å vera tilstrekkeleg, medan tidsplanen for finansieringa som er vedteken må framkundast. Tiltaket er finansiert med fondsmidlar i både 2017-18. Det let seg gjera å finansiera heile tiltaket i 2017 med ubundne fondsmidlar.

Til

Samnanger kommune

BYGGEREGNSKAP NY VEGTRASE TOTRÆNA – REVISORS UTTALELSE

Vår kontroll av byggeregnskapet for vegtraseen er utført etter oppdrag fra kontrollutvalget i Samnanger kommune.

Det reviderte byggeregnskapet viser samlede utgifter på kr 2.621.056 for prosjektet «Ny vegtrase Totræna». Utgiftene i byggeregnskapet utgjøres hovedsakelig av entreprenørutgifter.

Utgiftene er i sin helhet finansiert med bruk av fond og momskompensasjon.

Vi har gjennomført de kontrollhandlinger som er avtalt med dere og listet opp nedenfor. Vårt oppdrag er utført i samsvar med ISRS 4400 – Avtalte kontrollhandlinger. Handlingene er utført for å bistå dere i vurderingen av riktigheten av utgifter og inntekter, og oppsummeres som følger:

1. Vi har innhentet oversikt over utgiftene som er ført på prosjektet og kontrollsummert disse.
2. Vi har på stikkprøvebasis rimelighetsvurdert og kontrollert de vesentligste utgiftskontoene og beløp mot underliggende bilag.
3. Vi har kontrollert faktisk finansiering mot vedtak på finansiering i form av bruk av fond.

Siden de ovenstående kontrollhandlingene verken utgjør revisjon eller begrenset revisjon i samsvar med revisjonsstandardene, gir vi ikke uttrykk for noen sikkerhet for at informasjonen ikke inneholder vesentlige feil. Dersom vi hadde utført tilleggshandlinger eller hadde gjennomført revisjon eller begrenset revisjon i samsvar med revisjonsstandardene, kunne andre forhold ha kommet til vår kunnskap og blitt rapportert til dere.

Vår uttalelse er utelukkende utarbeidet for det formålet som er beskrevet i første avsnitt i denne rapport og skal ikke brukes til noe annet formål.

Bergen, 5. februar 2018
Deloitte AS


Unni-Renate Moe
statsautorisert revisor



Samnanger kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Arkivsak: 146

Arkivnr: 2016/81-10

Sakshandsamar: Kari Marie Nygard

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Samnanger kommune	7/18	12.02.2018

Årsmelding for kontrollutvalet i Samnanger kommune 2017

Bakgrunn

Sekretariatet har utarbeidd forslag til årsmelding for kontrollutvalet for 2017. Årsmeldinga skal gje eit oversyn over kva utvalet har arbeidd med i året som gjekk.

Føremålet med årsmeldinga skal og vera å melda tilbake til kommunestyret, som er kontrollutvalet sin oppdragsgjevar, resultata av utvalet sitt arbeid. Årsmeldinga peikar både på handsaming av saker som er sluttført frå kontrollutvalet si side, og på kva som må følgjast opp vidare framover.

Konklusjon:

Årsmeldinga frå kontrollutvalet må reknast som ein del av den lovpålagte rapporteringa frå utvalet til kommunestyret. Sekretariatet meiner difor at det vil vera rett at kommunestyret godkjenner årsmeldinga i eiga sak.

Forslag til innstilling

Kommunestyret godkjenner årsmelding for kontrollutvalet for 2017.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Kari Marie Nygard
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Vedlegg:

- Årsmelding for kontrollutvalet i Samnanger kommune for 2017



Samnanger kommune

Kontrollutvalet

ÅRSMELDING 2017

FOR KONTROLLUTVALET I

SAMNANGER KOMMUNE



1 Føremål og oppgåver for kontrollutvalet

I reglement for kontrollutvalet, som vart vedteke i kommunestyret 25.09.13, saman med reglement for dei andre politiske utvala i kommunen, står det om føremål og oppgåver:

«Hovudføremålet til kontrollutvalet er å medverka til at det er ålmenn tillit til at kommunen sine oppgåver vert løyst på best mogleg måte og i samsvar med gjeldande lover og forskrifter. Kontrollutvalet kan i prinsippet ta opp alle tilhøve ved kommunen si verksemd, så lenge det kan definerast som kontroll og tilsyn. Kontrollutvalet kan hos kommuneadministrasjonen, utan hinder av teieplikt, krevja alle opplysningar, utgreiingar eller alle dokument og gjera undersøkingar som det finn naudsint for å gjennomføra oppgåvene.»

I «Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar» finn ein i kap. 3 «Alminnelige regler om kontrollutvalgets ansvar og oppgaver». I § 4 står det mellom anna:

«Kontrollutvalget skal føre det løpende tilsyn og kontroll med den kommunale forvaltningen på vegne av kommunestyret, herunder påse at kommunen har en forsvarlig revisjonsordning.»

2 Samansetjing av kontrollutvalet

Kontrollutvalet for perioden 2015 - 2019 er slik samansett:

Medlemmer:

Brigt Olav Gåsdal (Ap) – leiar
Vibeke Bohre Våge (H) - medlem

Vararepresentant for Ap, H, Krf og Mdg:

1. Gisle Gardar Øye (H)
2. Shirin Kernes Kadoor (Ap)
3. Bjarne Hauge (Krf)

Vararepresentant for Bl, Frp og Sp:

Anne Tandstad (Sp) – nestleiar
Øystein Foss (Bl) - medlem
Svein Verner Røseth (Frp) medlem

1. Evelyn Frøland (Bl)
2. Roy Ove Eikedal (Sp)
3. Tor Henning Grønlien (Bl)
4. Marion Langhelle Pedersen (Frp)

I følgje lova skal minst ein av medlemmane i kontrollutvalet vera medlem av kommunestyret.
Brigt Olav Gåsdal er kommunestyremedlem.

3 Om verksemda til kontrollutvalet i 2017

- Kontrollutvalet hadde 5 møter i 2017, og handsama 43 saker.
- Ordførar har møterett i kontrollutvalet og har møtt på dei fleste møta.
- Rådmann og andre tilsette i kommunen har møtt for å orientera til kontrollutvalet, når dei har vorte innkalla.
- Revisjonen har også møtt på møta i kontrollutvalet.
- Kontrollutvalet har fått tilgang til den informasjonen det vart bede om.

4 Sekretariatsordninga

I kommunelova § 77 pk.10 står det at kommunestyret skal sørge for sekretær bistand til kontrollutvalet. Sekretærfunksjonen kan ikkje leggast til kommunen sin administrasjon.

Utdrag frå § 20 i Forskrift om kontrollutvalg - «Kommunestyret skal sørge for at kontrollutvalget har sekretær bistand som til enhver tid tilfredsstiller utvalgets behov. Sekretariatet skal påse at de saker som behandles av kontrollutvalget er forsvarlig utredet og et utvalgets vedtak blir iverksatt. Sekretariatet skal være uavhengig av kommunens administrasjon og av den eller de som utfører revisjon for kommunen. Sekretariatsfunksjonen kan ikke legges til kommunens administrasjon.»

Sekretariat for kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune utfører sekretariatstenesta for kontrollutvalet i Samnanger kommune. Kari Nygard har utført sekretær oppgåver på kontrollutvalsmøta.

Forutan å vera sekretariat for kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune yter også sekretariat sekretariatstenester til kontrollutvala i desse kommunane: Samnanger, Stord, Kvinnherad, Bømlo, Tysnes, Ulvik, Eidfjord, Kvam, Ullensvang, Odda, Voss, Fusa, Øygarden, Sund, Fitjar, Askøy og Vaksdal. Frå 2017 av utfører sekretariatet også sekretærtenester for kontrollutvalet i Bergen Kirkelige Fellesråd.

5 **Revisjonstenesta**

Kontrollutvalet skal på vegne av kommunestyret ha tilsyn med den kommunale forvaltninga. Utvalet må halda seg orientert om kva saker revisjonen arbeider med, og føra tilsyn med at revisjonsarbeidet er å jour og føregår i samsvar med forskrift og vedtak.

Deloitte AS er revisor for Samnanger kommune. Noverande avtale gjeld fram til og med 30.06.2020. Deloitte har lagt fram revisjonsmelding, slik kravet er, samt rapportar og annan informasjon om revisjonen sitt arbeid.

På grunnlag av revisjonen sine rapportar, rekneskapsplan og annan informasjon, har utvalet ført tilsyn med at forvaltninga er i samsvar med gjeldande lover, forskrifter og vedtak. Utvalet skal vidare i samarbeid med revisjonen gjennomføra ei systematisk vurdering av bruk og forvaltning av dei kommunale midlar, med utgangspunkt i oppgåver, ressursbruk og oppnådde resultat (forvaltningsrevisjon).

Til dagleg er det den valde revisor som utfører tilsynet og kontrollen mot kommunen, men kontrollutvalet har eit eige ansvar med å sjå til at arbeidet vert tilfredstillande utført. Kommunelova stiller krav om at utvalet sjølv må visa ei aktiv haldning. For å få utført det arbeid utvalet er pålagt, er ein avhengig av god kommunikasjon med kommunestyret, administrasjonen i kommunen og revisor. Samarbeidet har vore godt med dei aktuelle aktørar.

Fram til hausten 2017 var partner Bjarne Ryland ansvarleg revisor. Vidare overtok partner Unni-Renate Moe som ansvarleg revisor. I tråd med regelverket har revisor lagt fram for kontrollutvalet eigenvurdering for at Deloitte er uavhengig i høve til Samnanger kommune.

6 **Arbeid med forvaltningsrevisjon.**

Plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2016 – 2020

Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 10 om Plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon lyd slik:

*"Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon. Planen vedtas av kommunestyret eller fylkestinget selv som kan delegera til kontrollutvalget å foreta endringer i planperioden.
Planen skal baseres på en overordnet analyse av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet ut fra risiko- og vesentlighetsvurderinger, med sikte på å identifisere behovet for forvaltningsrevisjon på de ulike sektorer og virksomheter."*

Plan for forvaltningsrevisjon vart vedteken i kommunestyremøte 15.12.2016.

Gjennomføring av forvaltningsrevisjonsprosjekt

Forvaltningsrevisjon er eit verktøy som kommunestyret og kontrollutvalet skal nytta for å sikre at kommunen på best mogleg måte tek omsyn til innbyggjarane sine behov og rettar.. Forvaltningsrevisjon er ein av dei pålagde oppgåvene til kontrollutvalet. I forskrift for kontrollutval står det at «*Kontrollutvalget skal påse at kommunens eller fylkeskommunens virksomhet årlig blir gjenstand for forvaltningsrevisjon.*»

Oppfølging av tidlegare gjennomførte forvaltningsrevisjonsprosjekt.

Forvaltningsrevisjon av «Internkontroll i Samnanger kommune».

I 2014 vart det vedteke å gjennomføra forvaltningsrevisjon om «Internkontroll i Samnanger kommune». Arbeid med gjennomføring av forvaltningsrevisjonen vart utført på slutten av 2014 og første halvår 2015. Rapport etter arbeidet vart lagt fram for kommunestyret i møte 14.10.15. Det vart gjort slikt vedtak:

«Kommunestyret merkar seg det som kjem fram i rapport etter forvaltningsrevisjon av internkontroll i Samnanger kommune. Kommunestyret ber rådmann syta for å:

1. Arbeide vidare med å sikre at internkontrollarbeidet har eit sterkt fokus i kommuneorganisasjonen.
2. Sikre at tilrådingar som er gjeve i rapporten kapittel 6, knytt til overordna internkontroll, vert gjennomført.
3. Sikre at tilrådingar som er gjeve i rapporten kapittel 6, knytt til internkontroll i støtteprosessar, vert gjennomført.
4. Sikre at tilrådingar som er gjeve i rapporten kapittel 6, knytt til tenestespesifikk internkontroll, vert gjennomført. Kommunestyret vil at arbeid med å etablere lovpålagt internkontrollsysteem i barnevernstenesta, slik det er krav om etter barnevernlova, vert prioritert.
5. Sikre at tilsette får systematisk opplæring og støtte i bruk av internkontrollsysteem, og at det vert etablert rutinar for leiinga sin gjennomgang av internkontrollsysteemet.
6. Lage ein handlingsplan innan 01.02.2016 til kommunestyret, med kopi til kontrollutvalet, som syner kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltak skal setjast i verk og kven som skal ha ansvar for iverksetjinga.»

Kontrollutvalet har fått informasjon om arbeidet med oppfølging av kommunestyret sitt vedtak i etterkant av rapporten. Notat som viser plan for oppfølging er lagt fram. Vidare fekk kontrollutvalet orientering i saka i mai 2017. Utvalet gjorde då slikt vedtak:

«Kontrollutvalet har merka seg at arbeidet med implementering av eit heilheitleg internkontrollsysteem er kome godt i gang. Utvalet ønskjer å følgja med på korleis internkontroll-arbeidet vert følt opp også i tida framover, og vil be om ei ny orientering i starten av 2018.»

6.3 Vidare arbeid med plan for forvaltningsrevisjon.

Forvaltningsrevisjon av «Innkjøpsarbeid i Samnanger kommune».

I plan for forvaltningsrevisjon for 2016 – 2020, som vart vedteke i kommunestyret 15.12.2016, var sjukefråvær prioritert som nr. 1. I møte 03.10.17 fekk kontrollutvalet informasjon om at den nye rådmann har teke initiativ til å setja fokus på tre områder som det vil bli arbeidd særleg med i tida framover. Områda det vil bli sett fokus på er:

- Verdiprosjektet
- Kompetanseløftet
- Sjukefråvær

Kontrollutvalet valde såleis å ikkje sjå på prosjektet som er nr. 1 i planen. I møte 04.12.17 vart det fatta slikt vedtak:

1. Kontrollutvalet ønskjer at det vert gjennomført forvaltningsrevisjon av innkjøpsarbeid i Samnanger kommune.
2. Deloitte vert beden om å levera forslag til prosjektplan i tråd med dei føringar utvalet har gjeve, inkl. føremål, problemstillingar, evnt. avgrensingar og ressursbruk.
3. Forslag til prosjektplan vert å levera til sekretariatet seinast innan 11.12.17. Etter å ha innhenta synspunkt frå kontrollutvalet får utvalsleiar i samråd med sekretariat fullmakt til å godkjenna prosjektplanen.

I prosjektplanen som er godkjent av utvalsleiar i samråd med sekretariet står kva som skal vera føremål og spørsmålsstillingar i prosjektet:

«Føremål og problemstillingar:

Føremålet med forvaltningsrevisionen vil vere å undersøkje om organisering av innkjøpsarbeidet i Samnanger kommune er føremålstenleg, om rutinar og system for innkjøpsarbeidet er i samsvar med lovar og reglar og ev. politiske føringar i kommunen, og om regelverket blir følt i innkjøpsprosessar.

Med bakgrunn i føremålet er det utarbeidd følgjande problemstillingar som vil bli undersøkt:

1. Er organiseringa av innkjøp i kommunen føremålstenleg?

- a) I kva grad er det etablert ein føremålstenleg fullmaksstruktur?
- b) I kva grad har tilsette som er involvert i innkjøp naudsynt kompetanse, og i kva grad er

- det etablert rutinar for opplæring som sikrar dette?*
- c) *Fungerer innkjøpssamarbeidet med Bergen kommune etter intensjonen?*
2. *I kva grad har kommunen etablert føremålstenlege system, rutinar og retningsliner for å sikre at innkjøp av varer og tenester er i samsvar med regelverket for offentlege innkjøp?*
3. *I kva grad blir reglane for offentlege anskaffingar følgt i kommunen sine innkjøp?*
- a) *Er utvalde innkjøp lyst ut eller konkurranseeksponert i samsvar med krav i regelverket?*
- i) *Er korrekt konkurranseform nytta?*
 - ii) *Er korrekt kunngjering/utlysing nytta?*
- b) *Er kjøp innanfor rammeavtalar gjennomført i samsvar med avtalane?*
- i) *Har rammeavtalane vore gyldige på det tidspunkt kjøpet bleigjort?*
 - ii) *Er kjøpet/avropet gjennomført i samsvar med reglane fastsett i rammeavtalen?*
- c) *I kva grad har kommunen inkludert krav til løns- og arbeidsvilkår hos leverandørar og underleverandørar i utlysing og kontraktar?*
- d) *Er ev. avvising av leverandørar gjort på rett grunnlag?*
- e) *Er tilbodsevaluering dokumentert?*
- f) *Er tilbodsevalueringa gjennomført på ein føreseieleg måte, med likebehandling av leverandørar?*
- g) *Er det utarbeidd protokoll for innkjøpet, og er denne i samsvar med regelverket?»*

Etter planen skal rapport etter forvaltningsrevisjon av innkjøp i Samnanger kommune leggast fram innan utgangen av mai 2018.

6.4 Andre saker som kontrollutvalet har arbeidd med.

Klage på handsaming av sak vedr. konsesjonsvedtak for Aldalselva kraftwerk.

I juni 2016 kom det henvending til kontrollutvalet frå grunneigarar i Aldalselva kraftwerk om å sjå på handsaming av anke som var sendt inn i høve konsesjonsvedtak for Aldalselva kraftwerk. Kontrollutvalet hadde saka føre i fleire møter i 2016 og 2017, og saka har vore ressurskrevjande. I kontrollutvalet sitt møte 14.11.16 vart saka handsama på nytta.

Det vart då fatta vedtak om at Deloitte skulle gjennomgå sak vedr. klage på handsaming av sak om konsesjonsvedtak. Gjennomgangen skulle bygga på følgjande spørsmålsstillingar:

1. *Er regelverk for sakshandsaming og delegasjon følgt i samband med anke knytt til konsesjonssak for Aldalselva kraftwerk ?*
 - a) *Er kommunestyrevedtak knytt til saka følgt opp?*
 - b) *Er ankesaka handsama av dei rette politiske organa?*
 - c) *Er rutinar for innkalling og protokollering av politiske møte der saka har blitt handsama, følgt?*
 - d) *Har rådmannen handsama ankesaka i tråd med regelverket?*
2. *Er regelverket for habilitet følgt i samband med anke knytt til konsesjonssak for Aldalselva kraftwerk?*
 - e) *Blei kommunen sine rutinar knytt til vurdering av habilitet i politiske møte følgt i samband med denne saka?*
 - f) *Kva blei gjort for å sikre at dei som handsama saka var habile til å gjere dette?*
 - g) *Er det døme på at enkeltpersonar som var involvert i handsaming av ankesaka ikkje var habile til å handsame saka?*

Det vart lagt fram notat / rapport frå Deloitte etter gjennomgangen av saka, og kontrollutvalet handsama rapporten i møte 02.05.17. Det vart gjort slik innstilling til kommunestyret:

1. *Kommunestyret merkar seg det som kjem fram i notat frå Deloitte datert 18.04.17, herunder at det vert peika på svikt i forhold til kommunen sitt eige delegasjonsreglement, feil sakshandsamingsinstans og sannsynlegvis ei manglande habilitetsvurdering.*
2. *På bakgrunn av det som kjem fram i notatet ber kommunestyret om at rådmann utarbeider utkast til rutinar for korleis habilitet skal vurderast eller varslast, gjeldande både politikarar og tilsette.*
3. *Etter at kurs i habilitet er gjennomført i kommunestyret i mai, bør ein vurdera om det er naudsynt med eit liknande kurs også på eit seinare tidspunkt.*

Innstillinga frå kontrollutvalet vart samråystes vedteke i kommunestyret 11.05.17.

Utbyggjarane av Aldalselva kraftverk klaga på kommunestyret sitt vedtak. Det vart mellom anna stilt spørsmål til om habilitetsvurderingane som var gjort i rapporten til Deloitte, var rett. Kontrollutvalet drøfta saka på nytt. Det vart konkludert med at vedtaket som var gjort ikkje var eit enkeltvedtak, og at det dermed ikkje var klageadgang. Men kontrollutvalet ville likevel sjå på saka på nytt. Frå møteprotokollen heiter det:

«Konklusjonen vart at kontrollutvalet ikkje vil gå vidare med å sjå på habilitetsspørsmålet for einskildpersonar. Ein vil heller be om å få retta opp dei opplysningane som kom fram i rapporten vedr. habilitetsvurdering. Kontrollutvalet meiner at revisor sine vurderingar i rapporten innehold gode råd om tiltak som det bør setjast fokus på når habilitetsspørsmål kjem opp. Det vart og peika på at det er viktig at kvar einskild både tilsette og politikarar har eit eige ansvar for å ta opp habilitets-spørsmål, og at dette må setjast meir på dagsorden.»

Vedtak:

1. Kontrollutvalet kan ikkje sjå at grunneigarane i Aldalselva kraftverk har klagerett på vedtaket som kommunestyret gjorde i KS-015/2017, då dette ikkje var eit einskildvedtak etter forvaltingslova.
2. Klagen dagsett 01.06.17 inneheld moment som gjer at kontrollutvalet likevel vil vurdera påstandane som er fremja.
3. Kontrollutvalet ber Deloitte retta opp opplysningane som er kome fram i tidlegare rapport om habilitet.»

Til kontrollutvalet sitt møte 04.12.17 la Deloitte fram eit revidert notat etter sin gjennomgang av saka. Kontrollutvalet drøfta notatet og gjorde på nytt innstilling til kommunestyret i saka.

«Innstilling:

1. Kommunestyret merkar seg det som kjem fram i revidert notat frå Deloitte datert 27.11.17.
2. Kommunestyret har særleg merka seg at det skal vera fokus på:
 - At reglement for sakshandsaming og delegering vert følgt i alle saker.
 - At protokollar frå kommunestyremøta vert korrekte med omsyn til å visa tydeleg kva vedtak som vart røysta over og korleis det faktisk vart røysta.
 - At det vert rutine for at habilitetsvurderingar blir gjennomført i saker der dette er naudsynt.»

Denne saka har såleis vore ressurskrevjande for kontrollutvalet. Men med denne gjennomgangen har kontrollutvalet sett eit viktig spørsmål på agendaen – habilitet. Det har mellom anna ført til at kommunen vil gjennomgå regelverket sitt for habilitet på nytt. Det er også teke initiativ til at det på innkallingar til alle politiske møter skal vera ei generell formulering om spørsmålsstilling vedr. om nokon kan vera inhabile i ei eller fleire saker som skal handsamast.

7 Arbeid med selskapskontroll

Plan for selskapskontroll for perioden 2016 – 2020

Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 13 Selskapskontroll lyd slik:

"Kontrollutvalget skal påse at det føres kontroll med forvaltningen av kommunens eller fylkeskommunens interesser i selskap m.m. Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for gjennomføring av selskapskontroll. Planen skal baseres på en overordnet analyse av kommunens eller fylkeskommunens eierskap ut fra risiko- og vesentlighetsvurderinger, med sikte på å identifisere behovet for selskapskontroll på de ulike sektorer og med de ulike selskapene. Planen skal vedtas av kommunestyret eller fylkestinget selv som kan delegera til kontrollutvalget å foreta endringer i planperioden. Kontrollutvalget avgjør selv hvem som på dets vegne skal gjennomføre selskapskontroll."

Plan for selskapskontroll for 2016 – 2020 vart vedteken i kommunestyremøte 15.12.2016.

7.1 Gjennomføring av selskapskontrollar, oppfølgingsarbeid og bedriftsbesøk

Det er ikkje gjennomført selskapskontroll eller bedriftsbesøk i 2017 i nokon av dei selskap som kommunen har eigarskap i.

8 Forum for Kontroll og Tilsyn (FKT)

FKT er ein landsomfattande organisasjon som har som oppgåve å vera møte- og kompetanseplass for kontrollutvala og deira sekretariat. Kontrollutvalet i Samnanger kommune er medlem i FKT.

9 Opplæring

Kontrollutvalet har arrangert kurs i regi av Deloitte. Ein kursdag pr. år inngår i fastprisavtalen med revisor. Det vart arrangert kurs med tema «Habilitet» i samband med kommunestyremøte 11.05.17. Fleirtalet av kontrollutvalet er påmeldt til seminar «Folkevaldopplæring» på Solstrand i januar 2018

10 Samnanger kommune si heimeside og bruk av elektronisk møteinnkalling.

Informasjon om kontrollutvalet på heimesida er lagt til rette på ein god måte. Kommunestyret, alle hovudutval, og også kontrollutvalet brukar lesebrett på møta og får elektronisk innkalling. For å nytt denne arbeidsmåten i politiske utval er det lagt godt til rette både med opplæring og tilrettelegging på heimesida.

11 Arbeid med rekneskapsrevisjon. Den økonomiske situasjonen i Samnanger kommune.

Kontrollutvalet sin uttale om Samnanger kommune sin årsrekneskap for 2016 hadde bl.a. med desse opplysningane:

- driftsrekneskapen viser kr. 156.635.253 til fordeling drift, og
- eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr. 2.260.501.
- netto driftsresultat var på kr. 4.173.059.

Oppsummering og tilrådingar frå kontrollutvalet til den framlagde kommunerekneskapen:

- Kontrollutvalet merkar seg at det økonomiske driftsresultatet for 2016 er positivt. Resultatet ligg litt over TBU sine anbefalingar, men ligg under gjennomsnittet i landet.
- Kontrollutvalet vil presisera at tilrådingar frå revisor i revisjonsrapport nr. 7 må følgjast opp. Det vert peika på at det vil vera særleg viktig å prioriterer arbeidet med å utarbeide skriftlege rutinar i 2017.
- Kontrollutvalet merkar seg og at nivået på lånegjeld i 2016 er svært høgt, og at disposisjonsfondet er svakt.
- Årsmeldinga for 2016 gjev ei god skildring av drifta av kommunen i året som gjekk.

12 Tilsyn frå Fylkesmannen

Når Fylkesmannen, eller andre statlege organ, gjennomfører tilsyn i kommunane, vert det utarbeida rapport etter tilsynet. I rapportar etter slik gjennomgang av tenesteområde, gjev Fylkesmannen, og andre, tilråding, melding eller pålegg til kommunen om kva som bør følgjast opp innanfor saksfeltet. Når påpeikingane er følgd opp / utført på ein tilfredstilande måte, sender Fylkesmannen melding om at tilsynssaka er avslutta. Kontrollutvalet ser det som ei av sine oppgåver å følgja med i slike tilsynssaker.

Følgjande tilsyn er gjennomført i Samnanger kommune i 2017:

- Tilsyn etter barnehagelova § 19g – om tilrettelagt tilbod til barn med nedsett funksjonsevne – Tilsynet er avslutta og lukka.
- Tilsyn – rettstryggleik ved bruk av tvang og makt overfor personar med utviklingshemming 2017. – Tilsynet er avslutta og lukka.

Kontrollutvalet har fått seg førelagt rapportar etter desse tilsyna.

13 Andre saker / orienteringssakene i kontrollutvalet i 2017:

- Uttale fra kontrollutvalet til byggerekneskap for Samnangerheimen
- Orientering om risiko- og sårbarheitsanalyse for Samnanger kommune
- Framlegg om budsjett for kontrollutvalet sitt ansvarsområde i 2018, og
- Budsjettstatus for KUV-budsjett underveis i 2017
- Tertiarrapportar for kommunerekneskapen og finansforvaltning
- Årsrapport frå Skatteoppkrevjar og kontrollrapport frå Skatteetaten.
- Spørsmålsstilling om habilitet i samband med interpellasjon i kommunestyret vedr. delingstal for 1.klasse – sendt over til kommunestyret
- Spørsmålsstilling om habilitet i samband med interpellasjon i kommunestyret vedr. påkobling til kommunalt vassanlegg – sendt over til kommunestyret
- Orientering om prosjektstyring og prosjektmanual for Samnanger kommune
- Utvalet har også som faste punkt på saklista - gjennomgang av møteprotokollar frå kommunestyret, formannskapet og hovudutvala.

Samnanger 12.02.2018

Brigt Olav Gåsdal
Leiar i kontrollutvalet



Samnanger kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Arkivsak: 033

Arkivnr: 2016/14-17

Sakshandsamar: Kari Marie Nygard

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Samnanger kommune	8/18	12.02.2018

Møteplan for kontrollutvalet i Samnanger kommune 2018

Bakgrunn

Møtedatoar for kontrollutvalet bør vera tilpassa møtetidspunkt for formannskap og kommunestyret, slik at det let seg gjera å senda over saker som evt. skal handsamast vidare. Det vert gjort framlegg om at kontrollutvalet set opp møteplan for heile året 2018, slik dei andre politiske utvala har gjort.

Det er særleg møtet der uttale til kommunen sin rekneskap for 2017 skal opp til handsaming, som er viktig å tilpassa til formannskap og kommunestyre. Samnanger kommune legg opp til å handsame rekneskap og årsmelding i formannskapet 31.05.18, og vidare til kommunestyret 14.06.18. For mellom anna å tilpasse seg denne saka, vert det sett opp slikt utkast til møteplan for kontrollutvalet for 2018:

Utkast til møteplan for KUV	Aktuelle saker å ta opp:	Aktuelle møter, dersom saker skal vidare til:	
		Formannskapet	Kommunestyret
12.02.2018	Første møte 2018 – noverande møte		22.02.2018
14.05.2018	- Uttale til kommunerekneskapen	31.05.2018	14.06.2018
03.09.2018	- Forslag til budsjett 2018 for kontrollutvalet - Rapport etter forvaltningsrevisjon innkjøp		13.09.2018
16.10.2018			08.11.2018
05.12.2018			13.12.2018

Besøksadresse: Agnes Mowinckelsgt. 5 - Postadresse: Postboks 7900. 5020 Bergen - Telefon 55 23 90 00

Direkte telefon 55239406 - Mobil 91664183 - E-postadresse: kari.nygard@hfk.no eller kontrollutvalet@hfk.no

Bankgiornr. 5201 06 74239 - Foretaksnr. NO 938 626 367 mva.

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet legg opp til denne møteaktiviteten i 2018:

Dato:	Merknad:
12.02.2018	Under avvikling
14.05.2018	
03.09.2018	
16.10.2018	
05.12.2018	

Møtedatoane vert å senda over til kommunen for å bli lagt inn i møteplan / møteoversyn på heimesida til Samnanger kommune.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Kari Marie Nygard
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.



Arkivsak: 151

Arkivnr: 2016/37-57

Sakshandsamar: Kari Marie Nygard

Saksframlegg**Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Samnanger kommune	9/18	12.02.2018

Budsjett for kontroll- og tilsynsarbeid 2018 - fordeling innanfor ramme**Bakgrunn**

Kommunestyret gjorde slikt vedtak i sak vedr. Budsjett 2018 – i møte 13.12.2017.:

- «Budsjettet til kontrollutvalet for 2018 vert auka med 80.000,- for å kunna utføra prosjekt innan forvaltingsrevisjon og selskapskontroll. Midlane vert henta fra konsesjonskraft.»

Sekretariatet har sendt slik mail til økonomikontoret 25.01.18.:

- Ber om å få tilsendt rekneskapsoversyn for kontrollutvalet sitt budsjettområde pr. 31.12.2017. Reknar med at rekneskapsarbeidet for fjoråret ikkje er endeleg avslutta ennå, men ønskjer å få oversendt førebels rekneskap så langt.
- Ber og om å få opplyst om sekretariatet kan førebu sak om overføring av midlar på kontrollutvalet sitt rekneskapsområde – frå 2017 – til 2018.
- Sekretariatet har merka seg at kommunestyret i Samnanger kommune har gjort vedtak om kontrollutvalet sitt budsjett for 2018: «Budsjettet til kontrollutvalet for 2018 vert auka med 80.000,- for å kunna utføra prosjekt innan forvaltingsrevisjon og selskapskontroll. Midlane vert henta fra konsesjonskraft.»
- Men sekretariatet treng då opplysningar frå økonomikontoret på kva grunnlag er kontrollutvalet sitt budsjett auka med kr 80.000. ? Kva er ramma for kontrollutvalet sitt budsjett for 2018 ?
- Reknar vidare med at det er greit at kontrollutvalet i møte 12.02.18 kan bestemma fordeling av budsjettpostar innanfor den ramma som er gjeve av kommunestyret. Kontrollutvalet sitt forslag til fordeling av midlar på dei ulike postar vert så sendt over til økonomikontoret for registrering.

Økonomikontoret har svara slik tilbake i mail 26.01.18.:

- Vedlagt ligg oversikt som viser rekneskap 2017. Som du skriv er ikkje alt ført. Det som gjenstår er mellom anna avsett til revisjon.
- Dersom kontrollutvalet skal få overført midlar frå eit år til eit anna må kommunestyret gjere vedtak før året er omme. Det har kommunestyret ikkje gjort for 2017. Alternativt kan kontrollutvalet be om auka ramme allereie no for 2018.
- Vedlagt ligg budsjett for 2018. Økonomikontoret har fordelt ramma på konto og funksjon, men de står sjølv sagt fritt til å gjøre budsjettjusteringar innafor ramma.
- Når administrasjonen legg fram framlegg til budsjett, gjer me ingen vurderingar av kontrollutvalet si budsjettramme bortsett frå at me indeksjusterer fjorårets ramme (korrigert for vedtak som berre gjaldt fjorårets budsjett) med 3 %. Auken på kr 80 000 kom som eit resultat av eit fellesframlegg i

formannskapet og som Brigt Olav Gåsdal tok fram i sin presentasjon i kommunestyret av kontrollutvalet sitt framlegg til budsjett.

- Vedtatt ramme for 2018 er på kr 633 115 , for 2017 var ramma på kr 604 859 (inkludert ekstra løvning kr 80 000 i 2017).

Kontrollutvalet handsama sitt forslag til budsjett for kontroll- og tilsynsarbeid for 2018, i møte 03.10.17. Forslaget som vart sendt over til kommunen, og som følgde budsjetsaka via formannskapet til kommunestyret, hadde ei ramme på kr. 711.670,-. I forhold til kontrollutvalet sitt budsjettframlegg må budsjett for kontroll- og tilsynsarbeid for 2018 såleis reduserast med kr. 78.555,- for å halda ramma på kr. 633.115, som kommunestyret har vedteke.

Drøfting

Nokre av budsjettpostane vil ligga med faste kostnader, som det vil vera vanskar med å redusera på grunn av inngåtte avtaler som ligg til grunn. Dette gjeld blant anna kostnad med rekneskapsrevisjon (som er avtala fast-pris). Det vil også gjelda kostander med sekretariatstenester som i tråd med avtale er rekna ut frå at kontrollutvalet vil ha 5 møter i 2018. Dersom denne kostnaden skal reduserast, må antal møter reduserast. Erfaring frå 2017 tilseier at det ikkje er så realistisk. I 2017 var det 5 møter og henvendingar / saker som var ressurskrevjande. Dei postar ein kan peika på som må reduserast vert då konto 12700 – konsulenttenester revisjon – som gjeld bestillingar frå kontrollutvalet av bl.a. forvaltningsrevisjon eller andre utgreiingar som kontrollutvalet vel å bestilla frå revisor. Sekretariatet har elles gjort nokre små justeringar av andre postar ut frå å samanlikna med rekneskapstal for 2017.

Konklusjon

Sekretariatet gjer framlegg om å redusera konto for bestillingar til revisor frå kontrollutvalet (forvaltningsrevisjon og andre bestillingar). Under følgjer eit forslag til fordeling av budsjettpostar innanfor ramme på kr. 633.115,-.

Forslag til fordeling innanfor ramme på kr. 633.115,-:

Ansvar: 5315 KONTROLLUTVALET	Regnskap 2017	KUV-forslag til budsjett 2018	Budsjett 2018
10802 Tapt arbeidsforteneste	0	10 000	10 000
10803 Møtegodtgjering	31 620	28 900	28 900
- Delsum		38 900	38 900
10990 Arbeidsgjevaravgift	4 458	5 485	5 485
- Delsum	36 078	44 385	44 385
11001 Faglitteratur / abonnement	400	500	500
11150 Matvarer på kontrollutv.møter	1 934	1 600	2 000
11400 Kunngjeringar	1 174	500	1 200
11501 Kurs / opplæring	0	10 000	10 000
11501 Folkevaldopplæring for kontrollutvalet		16 000	16 000
11600 Skyss- og kostgodtgjering	0	5 000	5 000
11950 Kontingentar	1 400	3 500	3 500
12700 Konsulenttenester rekneskapsrevisjon	97 160	158 255	158 255
12 700 Konsulenttenester forv.revisjon, selsk.kontroll og andre bestillingar	92 810	336 930	257 275
13300 Kjøp fylkeskom. sekretariatstenester	136 155	135 000	135 000
- Delsum	331 033	667 285	588 730
14290 Meirverdiavgift	89 625	164 811	128 400
17290 Moms-kompensasjon	-89 625	-164 811	-128 400
Sum ansvar: 5315 KONTROLLUTVALET	367 111	711 670	633 115

Berekning av kostnad med forvaltnigsrevisjons-prosjektet som kontrollutvalet bestilte i møte 04.12.17 er omlag kr 300.000,-. Summen som står att når denne posten nå vert redusert er kr. 257.275,-. Dette viser at kontrollutvalet truleg må søkja om ekstramidlar alt nå. Det er i alle høve ikkje rom for å ta på seg nye prosjekt / undersøkingar. Kontrollutvalet bør drøfta om sak for å søka om ekstra midlar skal førebuast til neste møte.

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet godkjenner det framlagde forslaget til budsjett for kontroll- og tilsynsarbeid for 2018, innanfor den vedteken ramma på kr 633.115,-.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Kari Marie Nygard
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Vedlegg:

- Rekneskapoversyn kontrollutvalet sitt budsjett 2017
- Budsjettoppsett kontrollutvalet sitt budsjett 2018

REKNESKAP 2017 KONTROLLUTVALGET (førebels)

Konto	Konto (T)	Ansvar	Funksjon	Funksjon (T)	Beløp	Beløp DA	Beløp DD
12700 Konsulentten	5315	1100	Revisjon	97 160	155 000	155 000	Skal først skuldig revisjon
14290 Betalt mva - k	5315	1100	Revisjon	42 540	38 760	38 760	
17290 Momsrefusjor	5315	1100	Revisjon	-42 540	-38 760	-38 760	
		1100	Revisjon	97 160	155 000	155 000	
10802 Tapt arbeidsfø	5315	1101	Kontrollutval	0	10 000	10 000	
10803 Møtegodtgjær	5315	1101	Kontrollutval	31 620	28 000	28 000	
10990 Arbeidsgjever	5315	1101	Kontrollutval	4 458	5 358	5 358	
11001 Faglitteratur,	5315	1101	Kontrollutval	400	500	500	
11150 Matvarer	5315	1101	Kontrollutval	1 934	1 500	1 500	
11400 Kunngjeringar	5315	1101	Kontrollutval	1 174	0	0	
11501 Kurs/ opplæri	5315	1101	Kontrollutval	0	15 000	15 000	
11600 Skyss- og kost	5315	1101	Kontrollutval	0	5 000	5 000	
11950 Kontingentar	5315	1101	Kontrollutval	1 400	1 300	1 300	
12700 Konsulentten	5315	1101	Kontrollutval	92 810	250 201	250 201	
13300 Kjøp frå fylkes	5315	1101	Kontrollutval	136 155	133 000	133 000	
14290 Betalt mva - k	5315	1101	Kontrollutval	47 085	89 640	89 640	
17290 Momsrefusjor	5315	1101	Kontrollutval	-47 085	-89 640	-89 640	
19400 Bruk av disposis	5315	1101	Kontrollutval	-80 000	-80 000	-80 000	
		1101	Kontrollutval	189 951	369 859	369 859	
				287 111	524 859	524 859	

sum ramme

367 111 604 859

BUDSJETTOPPSETT 2018 KONTROLLUTVALGET

Konto	Konto (T)	Ansvar	Funksjon	Funksjon (T)	Budsjett 2018
12700	Konsulenttenester	1225	1100	Revisjon	155 000
14290	Betalt mva - komskompensasjon	1225	1100	Revisjon	38 760
17290	Momsrefusjon drift	1225	1100	Revisjon	-38 760
17290	Momsrefusjon drift	1225	1100	Revisjon	155 000
14290	Betalt mva - komskompensasjon	1225	1101	Kontrollutval	-89 640
12700	Konsulenttenester	1225	1101	Kontrollutval	89 640
13300	Kjøp frå fylkeskommunen	1225	1101	Kontrollutval	250 201
10802	Tapt arbeidsforteneste	1225	1101	Kontrollutval	147 000
10803	Møtegodtgjering	1225	1101	Kontrollutval	10 000
10990	Arbeidsgjevaravgift	1225	1101	Kontrollutval	44 000
11001	Faglitteratur, tidsskrift, avis	1225	1101	Kontrollutval	7 614
11150	Matvarer	1225	1101	Kontrollutval	500
11501	Kurs/ opplæring	1225	1101	Kontrollutval	1 500
11600	Skyss- og kostgodtgjering	1225	1101	Kontrollutval	15 000
11950	Kontingentar	1225	1101	Kontrollutval	1 000
			1101	Kontrollutval	1 300
			1101	Kontrollutval	478 115
					633 115



Samnanger kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Arkivsak: 000

Arkivnr: 2018/7-1

Sakshandsamar: Kari Marie Nygard

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Samnanger kommune	10/18	12.02.2018

Ny personvernlov frå 2018 - Konsekvensar for kommunane

Bakgrunn

EU sin personvernforordning, General Data Protection Regulation (GDPR), vil tre i kraft for alle medlemsstatar i EU, også for Norge i mai 2018. Dette vil medføra ei rekke endringar i norsk personvernlovgjeving.

På datatilsynet sine nettsider har vi bl.a. funne ei punktliste som viser kva dei nye personvernreglene kan bety: «*Nye personvernregler fra 2018. Hva betyr det for din virksomhet*». Denne ligg som vedlegg. Meir informasjon finn ein på denne lenka: <https://www.datatilsynet.no/regelverk-og-skjema/nye-personvernregler/>

Sekretariatet har delteke på fleire ulike kurs om den nye personvernlova, og har i den samanheng fanga opp ein del problemstillingar som det kan vera fornuftig at kontrollutvalet tek opp med rådmannen, for å forsikra seg om at kommunen er i gang med naudsynte tilpassingar.

Drøfting

På denne bakgrunn bør kontrollutvalet vurdera om ein skal innhenta informasjon om kva konsekvensar dette vil få for kommunen.

Utvalet kan f.eks. be rådmannen svara på desse 7 spørsmåla:

1. Er det peika ut nokon som jobbar med ny personvernlov?
2. Er det laga protokoll som viser kva som er samla inn av personopplysningar?
3. Er det inngått databehandlaravtalar, og er desse oppdatert?
4. Er det oppretta personvernombod/rådgjevar?
5. Er personvernerklæringa oppdatert?
6. Er det innebygd personvern i kommunen sine datasystem?
7. Er det vurdert å få vennlegsinna hackere til å testa datasistema?

Konklusjon

På bakgrunn av det som går fram over, blir det rådd til at kontrollutvalet ber om at rådmannen til neste møte svarar skriftleg på spørsmåla som går fram av spørsmålsstillingane over. Vidare blir det rådd til at rådmannen kjem i neste møte for å orientera munnleg i tillegg om saka.

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet ber rådmannen til neste møte å svara skriftleg på dei 7 spørsmåla som går fram av drøftingspunktet over når det gjeld status i arbeidet med tilpassing til ny personvernlov. Det skriftlege svaret vert å senda til sekretariatet innan 23.04.2018.
2. I tillegg ber kontrollutvalet rådmannen om å koma i møte 14.05.2018 for å orientera munnleg om saka.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Kari Marie Nygård
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikke underskrift.

Vedlegg:

- Info om «Nye personvernregler fra 2018. Hva betyr det for din virksomhet?»

Hva blir nytt?

1

Alle norske virksomheter får nye plikter

Alle virksomheter må sette seg inn i den nye lovgivningen og finne ut hvilke nye plikter som gjelder dem. Ledelsen må sørge for å få på plass rutiner for å overholde de nye pliktene. Alle ansatte må følge de nye rutinene når reglene trer i kraft.

2

Alle skal ha en forståelig personvernerklæring

Informasjon om hvordan din virksomhet behandler personopplysninger skal være lett tilgjengelig og skrevet på en forståelig måte. Det nye lovverket stiller strengere krav til informasjonens form og innhold enn dagens lovgivning. All informasjon som gis til barn, skal tilpasses barnas forståelsesnivå.

3

Alle skal vurdere risiko og personvernkonsekvenser

Dersom et tiltak utgjør en stor risiko for personvernet, må virksomheten også utrede hvilke personvernkonsekvenser det kan ha. Hvis utredningen viser at risikoen er stor og dere selv ikke kan redusere den, skal Datatilsynet involveres i forhåndsdrøftelser.

4

Alle skal bygge personvern inn i nye løsninger

De nye reglene stiller krav til at nye tiltak og systemer skal utarbeides på en mest mulig personvernvennlig måte. Dette kalles innebygd personvern. Den mest personvernvennlige innstillingen skal være standard i alle systemer.

5

Mange virksomheter må opprette personvernombud

Alle offentlige og mange private virksomheter skal opprette personvernombud. Et personvernombud er virksomhetens personvernekspert, og et bindeledd mellom ledelsen, de registrerte og Datatilsynet. Ombudet kan være en ansatt eller en profesjonell tredjepart.

6

Reglene gjelder også virksomheter utenfor Europa

Virksomheter som holder til utenfor

Europa må også følge forordningen, dersom de tilbyr varer eller tjenester til borgere i et EU- eller EØS-land. Dette gjelder også om de ikke direkte tilbyr tjenester, men kartlegger adferden til europeiske borgere på nett. De som er etablert i flere land i Europa, skal bare trenge å snakke med personvernmyndighetene i det landet der de har sitt europeiske hovedkvarter.

7

Alle databehandlere får nye plikter

Databehandlere er virksomheter som behandler personopplysninger på oppdrag fra den ansvarlige virksomheten. Ofte er det snakk om leverandører av IT-tjenester. De nye reglene pålegger databehandlere å ha rutiner for innsamling og bruk av personopplysninger. Databehandlere skal også si ifra til oppdragsgiveren sin hvis de får instrukser som er i strid med loven. Oppdragsgiver skal også godkjenne databehandlerens underleverandører. Databehandlere kan også bli holdt økonomisk ansvarlig sammen med oppdragsgiver.

8

Alle bør samarbeide i egne nettverk og følge bransjenormer

De nye reglene oppmuntrer til sektorvis utforming av retningslinjer og bransjenormer. Om dere følger bransjenormer, vil dere ha deiktigste rutinene på plass. Datatilsynet skal godkjenne bransjenormene.

9

Alle får nye krav til avvikshåndtering

Reglene for håndtering av sikkerhetsbrudd blir strengere. Forordningen stiller krav til når det skal varsles, hva varselet skal inneholde og hvem som skal varsles. Kort sagt skal man si fra raskere og oftere enn man gjør i dag.

10

Alle må kunne oppfylle borgernes nye rettigheter

Den enkeltes rett til å kreve at hans eller hennes personopplysninger slettes blir styrket. Dette kalles «retten til å bli glemt». Norske og europeiske borgere vil blant annet kunne kreve å ta med seg personopplysingene sine fra en leverandør til en annen i et vanlig brukt filformat. Dette kalles «dataportabilitet». De kan også motsette seg profilering. Alle henvendelser fra borgere skal besvares innen en måned.

Hva bør dere gjøre nå?

1

Ha oversikt over hvilke personopplysninger dere behandler
Alle virksomheter som samler inn eller bruker personopplysninger skal ha oversikt over hvilke personopplysninger det er snakk om, hvor de kommer fra og hva som er det rettslige grunnlaget for behandlingen. Sørg for å ha en slik oversikt. Det er et krav som gjelder også etter dagens lov.

2

Sørg for å oppfylle dagens lovkrav

Overgangen til de nye reglene blir lettere om dere etterlever kravene i personopplysningsloven, som gjelder i Norge i dag. Har dere gode rutiner for internkontroll som fungerer etter hensikten og er kjent i organisasjonen, er det lettere å få oversikt over hva dere må endre.

3

Sett dere inn i det nye regelverket

Dere finner forordningsteksten på Datatilsynets nettsider. Der fyller vi også på med artikler om de nye reglene etter hvert som vi utarbeider dem.

4

Lag rutiner for å følge de nye reglene

Gå gjennom rutinene dere har for behandling av personopplysninger. Oppdater dem etter nytt regelverk der det trengs. Dokumenter de nye rutinene, og legg en plan for nødvendige endringer. Er systemene deres laget for å ivareta kravet til innebygd personvern, dataportabilitet og personvern som standardinnstilling? Klarer dere å fange opp og besvare henvendelser fra borgerne innen én måned? Endringer i systemer og rutiner tar tid. Begynn allerede nå!

datatilsynet.no/forordning



Samnanger kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Arkivsak: 085

Arkivnr: 2014/426-29

Sakshandsamar: Kari Marie Nygard

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Samnanger kommune	11/18	12.02.2018

Kurs i regi av Deloitte 2018

Bakgrunn

Samnanger kommune valde Deloitte som revisor med verknad frå 01.07.2016. I kontrakten som er inngått går dette fram av vedlegg A, pkt 3.3 om Opplæring:

«REVISOR skal leggje fram for kontrollutvalet forslag om, og halde kurs for utvalet sine medlemmar, politisk nivå og/eller for medarbeidrarar i administrasjonen. Tema skal avtalast med kontrollutvalet ved det einskilde høve. Omfang skal reknast til 1 kursdag pr. år. Slike kurs skal som ein hovudregel haldast i kommunen.»

Drøfting

Deloitte har levert forslag til kurs som kan vera aktuelle å halde for kontrollutvalet og/eller administrasjonen eller kommunestyret i Samnanger kommune. Oversikten ligg ved.

Dersom det er andre tema kontrollutvalet ønsker å ha kurs innan, kan dette diskuterast med Deloitte. Skal ein spørja om administrasjonen ønsker å nyta noko av denne kurksvoten, eller skal ein tilby kurs for kommunestyret eller andre målgrupper? Det normale til no har vore at kursa har hatt ein varighet på ca. 2 timer og har vore halde i samband med eit kontrollutvalsmeeting eller eit kommunestyremøte. I 2017 vart det gjennomført kurs i «Habilitet» i samband med kommunestyremøte 11.05.17.

Konklusjon

Sekretariatet rår til at kontrollutvalet diskuterer kva kurs dei vil at Deloitte skal gjennomføre utover i 2018. Vidare bør utvalet be sekretariatet ta seg av alt det praktiske med organisering, kunngjering og avvikling av kursa, gjerne i samarbeid med kommuneadministrasjonen.

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet ber om at Deloitte gjennomfører kurs innan (dato)
2. Kontrollutvalet ber om at Deloitte gjennomfører kurs innan (dato)
3. Sekretariatet vert beden om å ta seg av det praktiske med organisering og avvikling av kursa, gjerne i samarbeid med kommuneadministrasjonen.

Besøksadresse: Agnes Mowinckelsgt. 5 - Postadresse: Postboks 7900. 5020 Bergen - Telefon 55 23 90 00

Direkte telefon 55239406 – Mobil 91664183 - E-postadresse: kari.nygard@hfk.no eller kontrollutvalet@hfk.no

Bankgiro nr. 5201 06 74239 - Foretaksnr. NO 938 626 367 mva.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Kari Marie Nygard
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Vedlegg:

- Kursoversikt frå Deloitte

Kva kurs kan Deloitte tilby?

Lista over kurs er ikkje uttømmande.

**Nivået på kvart einskild kurs kan tilpassast
kursdeltakarane.**



Oversikt over kva kurs Deloitte kan tilby

- Samfunnsansvar og antikorrupsjon
 - Gi ei innføring i relevante lover, krav og konsekvensar. Gi praktiske døme og underbygge viktigheita av eit tilstrekkeleg antikorrupsjonsprogram.
- Lov om offentlige anskaffelser
 - Innføring i endringar i regelverket
- Meirverdiavgift og meirverdiavgiftskompensasjon
 - Innføring i kompensasjonsordninga
 - Praktiske døme
- Habilitet
 - Kurset vil gi ei innføring i regelverk knytt til habilitet, korleis desse vurderingane kan gjerast og korleis kommunen kan etablere gode rutinar for å sikre at tilsette ikkje handsamar saker der dei er inhabile.
- Kontrakts- og leverandør oppfølging
 - Kurset gir ei innføring i korleis ein kan etablere gode system og rutinar for å følgje opp at leverandørar leverer tenester i samsvar med avtale. Fokus vil vere på ivaretaking av oppdragsgjevar sitt omdømme, samfunnsansvar, kvalitet i leveransane og oppfølging av kontrakt.

Oversikt over kva kurs Deloitte kan tilby

- Ny kommunelov (ikkje aktuelt før ny kommunelov føreligg)
 - Kva er dei viktigaste endringane frå tidlegare lov?
- Utvalde tema knytt til forvaltningsrevisjon og selskapskontroll basert på mellom anna kontrollutvalsboka
 - Kva er forvaltningsrevisjon og/eller selskapskontroll?
 - Korleis føreta ei god bestilling?
 - Korleis følgje opp ein gjennomført revisjon?
 - M.v.
- Innføring i kommunerekneskap
 - Grunnleggjande innføring i kommunerekneskap
- Avstemming av rekneskapen
 - Kva bør ei avstemming innehalde?
 - Kor ofte bør avstemmingar utarbeidast?
 - Kva avstemmingar skal utarbeidast?
 - Kva regelverk gjeld på området?

Oversikt over kva kurs Deloitte kan tilby

- Pensjon
 - Pensjon er eit komplisert område. Kurset omhandlar gjeldande regelverk på området og praktiske døme.
- Innberetting av lønn
 - Kva ytingar er arbeidsgjevaravgiftspliktige og kva ytingar er oppgåvepliktige?
- Skiljet mellom driftsrekneskap og investeringsrekneskap
 - Kva skal bokførast i driftsrekneskapen?
 - Kva kriterium skal vere oppfylt for bokføring i investeringsrekneskapen?
- Andre rekneskapsmessige problemstillingar
 - Tilpassa den einskilde kommune

Deloitte.

Deloitte refers to one or more of Deloitte Touche Tohmatsu Limited, a UK private company limited by guarantee, and its network of member firms, each of which is a legally separate and independent entity. Please see www.deloitte.no for a detailed description of the legal structure of Deloitte Touche Tohmatsu Limited and its member firms.

Deloitte Norway conducts business through two legally separate and independent limited liability companies; Deloitte AS, providing audit, consulting, financial advisory and risk management services, and Deloitte Advokatfirma AS, providing tax and legal services.

This communication contains general information only, and neither Deloitte AS nor Deloitte Advokatfirma AS is, by means of this publication, rendering professional advice or services and shall not be responsible for any loss whatsoever sustained by any person who relies on this communication.

PS 12/18 Referatsaker



Til Kontrollutvalet

UTVALET SITT KVARTER:

Kontrollutvalet ønskjer å ha «utvalet sitt kvarter» som fast post på saklista i sine møter. Dersom det vert teke opp saker som krev nærmare undersøking / innhenting av opplysningar, ber ein om at saka vert meldt inn på førehand til styreleiar og sekretariatet. Ellers kan medlemmane som tek opp saker be om at spørsmålet som vert reist vert undersøkt nærmare til neste møte.

Følgjande spørsmål / saker vart reist i dette møtet:



Til
kontrollutvalet

Bergen 05.02.2018.

**Referatsak vedr. vedtak i formannskapet i Samnanger kommune 01.02.2018.
Gjeld sak om «Vegtilkomst til Économusée Fjordtønna».**

Det er motteke slik mail fra Samnanger kommune v/ Jan Erik Boge 02.02.2018.:

«*Formannskapet i Samnanger handsama i går sak om vegtilkomst til Économusée Fjordtønna på Tysse. Det vart gjort følgjande vedtak:*

- *Formannskapet ber kontrollutvalget vurdere saka i kva grad Samnanger kommune har påtatt seg juridiske forpliktelser, og vurdere tidligare ordførar si rolle i saka. Samnanger kommune skal i tida fram til neste politisk behandling forsette dialog med Norges vel, samt arbeida for å prøva å få tilskot frå andre instansar til utbedring av vegen.*

Sakspapira ligg i møteinkallinga på kommunen si heimeside, sjå <https://www.samnanger.kommune.no/Handlers/fh.ashx?MId=157&FilId=1965> (sak 005/2018 på side 17 i møteinkallinga).

Kan du ta ei kikk på saka/vedtaket og ta kontakt med meg? Det var litt usikkerheit i formannskapet om dette vil vera ei oppgåve kontrollutvalet har høve til å ta på seg, og eg kunne ikkje svara godt på dette i møtet.»

Sekretariatet har ikkje fått snakka med Jan Erik Boge etter at mailen vart sendt til kontrollutvalet. Men sekretariatet har drøfta saka med utvalsleiar. Konklusjonen er at saka vert lagt fram for kontrollutvalet til drøfting på møte 12.02.18.

Vedlegg som følgjer dette notatet:

- saksframlegget til formannskapet sitt møte 01 02 18, med vedlegg.

Med helsing

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Kari Nygard
sekretær for kontrollutvalet

**SAKSFRAMLEGG**

Sakshandsamar: Boge, Jan Erik	Arkivkode: FA - Q14
Arkivsaksnr: 11/333	Løpenr: 18/170
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	01.02.2018	005/2018

Vegtilkomst til Économusée Fjordtønna**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Det vil krevja betydelege økonomiske midlar dersom den kommunale vegen opp til Économusée Fjordtønna skal utbetrastr slik at det blir god tilkomst for større bussar (turbussar). Stipulert kostnad er 1,2 – 2 millionar kroner, avhengig av kva løysing som vert valt. Ein vesentleg del av utgiftene vil truleg måtte dekkast av kommunen. Behovet for utbetring av denne vegen må sjåast opp mot mellom anna kommunen sin økonomiske situasjon og behovet for midlar til vedlikehald og utbetring av andre kommunale vegar og bygningar. På bakgrunn av dette finn ikkje kommunen å kunne prioritera midlar til å utbeta vegen opp til Économusée Fjordtønna til ein standard gir god tilkomst for større bussar (turbussar).

Kommunen vil arbeida for å prøva å få tilskot frå andre instansar til utbetring av vegen. Dersom andre instansar gir tilsegn om tilskot, vil kommunen sjå på saka på nytt.

Dokument som er vedlagt:

Notat grovvurdering kostnad utbetring av veg til Fjordtønna
 Informasjonsnotat frå Norges Vel om économusée
 Rapport vurdering markedspotensialet Économusée (Norges Vel)
 Brev frå Norges Vel datert 15.08.2017
 Søknad om etablering av économusée datert 16.06.2008
 Brev frå fylkeskommunen datert 09.06.2011
 Brev til fylkeskommunen datert 30.07.2010 - Støtteerklæring frå Samnanger kommune
 Notat frå eigar av Fjordtønna datert 22.09.2011
 Sakspapir og vedtak i formannskapet 28.11.2011 - tilkomsten til économusée Fjordtønna
 E-post frå Tide Buss 12.06.2014
 Notat frå rådmannen datert 17.06.2014
 Sakspapir og vedtak i formannskapet 25.06.2014 - Tilskot frå næringsfondet til transport
 Ope brev frå eigar av Fjordtønna 31.10.2017

Kva saka gjeld:

Formannskapet løyvde 19.10.2017 inntil 50.000 kroner til innleiande prosjekteringsarbeid til

utbetring av veg til Économusée Fjordtønna på Tysse. Desse midlane er førebels ikkje brukt. Før midlane eventuelt blir bruk, har ordføraren bedt administrasjonen leggja fram ny sak om tilkomsten til Fjordtønna.

Bakgrunn:

Fjordtønna fekk status som économusée i 2010, mellom anna på bakgrunn av søknad frå ordførarane i Fusa og Samnanger i 2008. Konseptet med économusée er mellom anna at publikum skal kunne sjå og oppleva tradisjonelle handverkstradisjonar. God tilkomst er her viktig. Heilt sidan Fjordtønna fekk status som économusée, har det vore utfordringar knytt til at det ikkje er tilkomst for større bussar («turbussar») på vegen opp til museet. Dette er ein kommunal veg. Problemets med tilkomsten har vorte teke opp med kommunen ved diverse høve, både av eigaren av Fjordtønna, Hordaland fylkeskommune, Tide Buss og Norges Vel. Kommunen har også gjort utbetringstiltak på vegen, men framleis er ikkje standarden på vegen slik at store bussar kan køyra til Fjordtønna. Det er først og fremst ein skarp sving på vegen som er problemet (større bussar kan kanskje koma seg gjennom svingen på vegen opp, men ikkje koma seg ned igjen utan å ta ned i svingen).

Då Fjordtønna fekk status som économusée i 2010, var det fylkeskommunen som var «samarbeidspart» for både Fjordtønna og kommunen. Norges Vel har no overteke fylkeskommunen sitt ansvar for å utvikla économusée-nettverket i Noreg og vidareutvikla samarbeidet i det internasjonale économusée-nettverket. For meir utfyllande informasjon om économusée blir det vist til vedlagte notat frå Norges Vel v/Asbjørn Stavland.

I brev til kommunen datert 15.08.2017 skriv Norges Vel at Fjordtønna no står i den situasjonen at verksemda må fornya 5-årskontrakten sin for å kunne halda fram som kvalifisert medlem i économusée-nettverket. I brevet tek Norges Vel opp problema med tilkomsten til Fjordtønna, og skriv at dersom ikkje tilkomstvegen blir utbetra innan 30.03.2018, vil dei måtte tilrå at Fjordtønna ikkje får fornya kontrakten sin med économusée-nettverket. I seinare samtalar mellom Norges Vel og ordføraren har det kome fram at «fristen» 30.03.2018 nok kan utsetjast noko.

Ordføraren har også vore i kontakt med Norges Vel for å avklara om det kan vera mogleg å få midlar/tilskot til utbetring av tilkomsten til Fjordtønna. Norges Vel har gitt tilbakemelding om at dei vil kunne arbeida for å prøva å få midlar frå fylkeskommunen til delfinansiering.

Ordføraren har også teke opp med Norges Vel om det vil kunne setjast vilkår dersom kommunen går inn med midlar til utbetring av vegen opp mot Fjordtønna, for eksempel at Fjordtønna då må forplikta seg til å halda fram drifta som économusée i eit tal år framover. Ordføraren har fått tilbakemelding om at Norges Vel vil sjå på dette og også ha dialog med eigaren av Fjordtønna.

Kommunen løvvde for sommarsesongen 2014 tilskot til finansiering av transport til besøkande som ikkje er i stand til å gå frå Tyssebrua og vegen opp til Fjordtønna. Dette tilskotet vart ikkje brukt.

Teknisk forvaltning v/planleggjar Roald Aandahl har etter formannskapsmøtet 19.10.2017 utarbeidd eit notat med vurdering av moglegheit for utviding av vegen (den skarpe svingen) opp mot Fjordtønna. Notatet inneholdt òg ei grovvurdering av kostnader. Notatet følgjer vedlagt. Det er der skissert to ulike alternative løysingar:

1. Utvida svingen slik at buss uhindra kan køyra direkte opp til og ned att frå Fjordtønna. Stipulert kostnad 1,5 – 2 millionar kroner.
2. Etablira ein hammar inn parallelt med bedehuset Sion, slik at bussar kan rygga seg inn på plassen framfor bedehuset, og på denne måten klara å køyra gjennom svingen. Stipulert kostnad 1,2 – 1,8 millionar kroner.

Det vil ikkje vera mogleg å gjennomføra slik utbetring innanfor gjeldande budjettramme, d.v.s. at ei slik utbetring vil måtte finansierast med ekstraløyving/ekstramidlar.

Som vedlegg til dette saksframlegget følgjer kopi av diverse dokument knytt til saka.

Vurderingar og konsekvensar:

Det ser ut til å vera ulike oppfatningar vedrørande kva ansvar/plikter kommunen har med omsyn til tilkomstvegen til Fjordtønna. Det går fram av brev/lesarinnlegg frå eigaren av Fjordtønna at han meiner at kommunen har forplikta seg til «veg og parkeringsplass for bussar». Norges Vel viser til at kommunen v/ordførar i søknaden i 2008 skreiv at «verksemda stettar alle kriteria for å ta del i Économusée», og at eit av hovudkriteriene var at det skulle vera god tilkomst for publikum. Kommunen si vurdering, jf. mellom anna notat frå rådmannen til medlemmene i formannskapet datert 17.06.2014, har vore at kommunen ikkje har forplikta seg til å halda ein standard på denne vegen som gjer at store bussar kan ta seg fram. Om ønskeleg vil det vera mogleg å få gjort ei ekstern juridisk vurdering av dette spørsmålet, men det er ikkje sikkert at ei slik vurdering vil gje tilstrekkeleg avklaring. Det er heller ikkje sikkert at det reint juridiske vil vera avgjerande i denne saka.

Med tanke på framtida for Fjordtønna som économusée, vil tilkomst for større bussar truleg kunne vera avgjerande, jf. brev frå Norges Vel. Som nevnt ovanfor i saksframlegget, vil det krevja relativt mykje midlar å få utbetra vegen. Det vil vera mogleg å prøva å få delfinansiering frå fylkeskommunen til slik utbetring, men uansett må det pårekna ei relativt stor kommunal utgift. Det bør takast stilling til om kommunen skal bruka midlar på utbetring av denne vegen. Det er utfordringar knytt til mange kommunale vegar i Samnanger, og det er ikkje sikkert at det vil vera rett å prioritera vegen opp til Fjordtønna framfor andre kommunale vegar. Det kan også vera behov for at kommunen brukar midlar på andre «utviklingstiltak» som ikkje ligg inne i budsjett/økonomoplan i dag, for eksempel andre tiltak knytt til turisme/reiseliv i kommunen.

Eventuell utbetring av vegen opp til Fjordtønna vil måtte finansierast utanom noverande vedteke budsjett/økonomiplan, truleg frå disposisjonsfondet eller ved låneopptak. Bruk av næringsfondet kan kanskje også vera aktuelt.

Det må takast stilling til om kostnadsoversлага som teknisk drift har utarbeidd er tilstrekkeleg i denne omgangen, eller om det skal gjerast ei meir detaljert kostnadsbereking. Dersom det skal utarbeidast meir detaljert kostnadsbereking, vil det kunne bli nødvendig med noko ekstern hjelp. Slik hjelp vil kunne finansierast med midlane som formannskapet løyvde 19.10.2017, men teknisk forvaltning bør få ansvaret for å få utarbeidd ei slik berekning.

Det er absolutt positivt for Samnanger å ha eit économusée i kommunen, og kommunen bør arbeida for å leggja forholda til rette for Fjordtønna. Det er likevel vanskeleg å vita konkret kor stor effekt det vil kunne ha for Samnanger (for eksempel med omsyn til kor mange turistar som besøkjer og stoppar i kommunen) dersom vegen opp til Fjordtønna blir utbetra slik at det blir tilkomst for større bussar. Som nevnt ovanfor i saksframlegget, kan det kanskje vera andre «utviklingstiltak» knytt til turisme/reiseliv i kommunen som vil kunne ha like stor effekt. Reint økonomisk vil det neppe løna seg for kommunen å investera mykje pengar i vegen opp til Fjordtønna.

Rådmannen si vurdering er at det vil vera ei for stor økonomisk investering for kommunen å utbetra vegen opp til Fjordtønna slik at det blir god tilkomst for større bussar, jf. kostnadsoverslaget som det er vist til ovanfor. Sett i forhold til andre behov i kommunen, mellom anna vedlikehaldsbehov på andre kommunale vegar, kan det vanskeleg forvarast å bruka så mykje midlar på denne vegen. Rådmannen si vurdering er òg at kommunen ikkje har forplikta seg til å utbetra vegen opp til Fjordtønna slik at det blir god tilkomst for større bussar. Dersom kommunen kan få tilskot som dekkar ein vesentleg del av utgiftene til utbetring av vegen, bør det gjerast ei ny vurdering av saka.

Notat:

Vurdering av moglegskap for utviding av sving mot Fjordtønna.

I dag kan ikkje bussar køyre opp til Fjordtønna. Å få til ein utviding av svingen, både med omsyn til horisontal-, og vertikalkurvatur er særskilt krevjande.


Administrasjonen har fått i oppdrag å grovvurdere kva som skal til for at det skal verte mogleg å komme opp med buss.

Me har vurdert to ulike løysingar:

Alternativ 1 – Utvide sving slik at buss uhindra kan direkte køyre opp til Fjordtønna.

Alternativ 2 – Etablere ein hammar inn parallelt med bedehuset Sion, slik at busser kan rygge seg inn på plassen framfor bedehuset.

Begge alternativa er vurdert etter sporingskurvane for buss frå vegvesenet sin handbok N-100, Veg, og gateutforming.



Figur 1- Sporingskurve, buss

Alternativ 1:



I dette alternativet utvidast svingen mot nord slik at ein buss kjem rundt svingen. Dette fører til at ein må sprengje seg om lag 4,3 meter lenger inn.

Skjering lengde: ca: 42 meter

Skjering høgde: 10 meter høg på det høgaste.

Volum sprenging: ca 600m³

Areal ny veg: ca: 300m²

Estimert kostnad: 1,5-2 mill.

Alternativ 2:



I dette alternativet vil bussen køyre inn på ein hammar parallelt med bedehuset, rygge tilbake framfor bedehuset, og køyre vidare opp på eksisterande veg.

Skjering lengde: ca: 35 meter

Skjering høgde: 12 meter høg på det høgaste.

Volum sprenging: ca 450m³

Areal ny veg: ca: 270m²

Estimert kostnad: 1,2-1,8 mill.

Området er utfordrande, og vanskelig å komme til. I tillegg må det vere mulig å ta seg fram til eigedomane i anleggsfasen. Dette medfører at det sannsynlegvis må leggjast til rette for mellombels anleggsveg. Kalkylen er basert på ein grovvurdering ut frå erfaringstall og diskusjon med lokal entreprenør. Kalkylen omfattar ikkje eventuelt kjøp/ ekspropriasjon av grunn, eller kostnader til prosjektering.

Économusée

Économusée konseptet/modellen kjem frå Canada og har utvikla seg over 25 år.

I det internasjonale nettverket frå Canada til Nord-Europa er det om lag 90 handverkarar som er med som medlemmer. I Norge er det 14. Det er eit registrert varemerke der Artisans at work Économusée er namnet. Artisans at work, på norsk

Handverkarar i arbeid er handverksbedrifter som er vald ut på grunn av sitt engasjement for kvalitet og autentisk arbeid. Bedriftene skapar tradisjonelle og moderne produkt laga etter gamle metodar og teknikkar. Bedriftene har fokus på å lyfte fram handverket og det immaterielle kulturminnevernet, gjennom vidareføring av handlingsboren kunnskap til dei som vitjar bedrifta.

Konseptet er under utvikling og det kjem fleire nye produk mellom anna Économusée boutique og Économusée galerie. Économusée boutique vil t.d. eigna seg som konsept for landhandelen i Tysse. Norges Vel er i kontakt med Canada om dette og vil vere med å utvikle desse nye konsepta i Norge.

Det er viktig å lyfte Économusée konseptet både lokalt og regionalt. Bedriftene og nettverket i Norge samarbeider med lokalsamfunn og det internasjonale nettverket. Det er eit mål for Économusée bedriftene skal samarbeide med aktørar lokalt og regionalt for utvikling av lokalsamfunnet. Det kan vera nye forretningsområde i reiseliv og for innbyggjarane i lokalsamfunnet (t.d. skular). Nettverket arbeider med rekruttering til handverket/utveksling av ungdommar (Youth placement), lokale kunstnarar/skapande samarbeidspartnarar (Art placement) pensjonistar som er kunnskapsbærarar (Silver service). Dette kan utviklast gjennom arrangementer (events, open days) der Économusée bedriftene er viktige aktørar saman med andre lokale/regionale aktørar.

Marknadspotensialet.

Norges Vel fekk utført ei kartlegging og vurdering av markedspotensialet for eit Economusée bedriftsnettverk i 2016.

Rapporten konkluderte med at et er ein stor marknad, og av turiststraumen som kjem til Norge frå utlandet så representerer kulturturistar 42% av den samla turiststraumen til Norge.

I rapporten vert det forklart kva som er kjenneteiknet på ein kulturturist.

«Det som skiller en kulturturist fra andre turister, er at disse oppgir at de reiser for å oppleve kultur, og at det de vektlegger mest i løpet av ferien er kulturopplevelser. Så hva ellers kjennetegner denne kulturturisten?:

- Det er en som interesserer seg for lokal historie, levemåte, legender og kultur.
- De er opptatt av historiske bygg, tradisjoner og tradisjonsmat.
- Besøker ofte kunstutstillinger og museer. • Gleder seg til å fortelle alle de kjenner historier og fakta om steder de har vært.

- Reiser på ferie for å nyte kulturelle opplevelser etterfulgt av en bedre middag basert på lokale råvarer og spesialiteter.
- De liker også å slappe av, oppleve naturen, shoppe, besøke restauranter og sightseeing.
- Kan også finne på å bo i campingvogn, men sover stort sett på hotell.
- Reiser sjeldnere med barn enn øvrige turister.»

I Regjeringa sin reiselivsstrategi frå 2017 er nemnast kultur som ressurs og kulturturisme slik:

«Kultur som ressurs

Kultur er hele spekteret av kulturminner og kulturmiljø. Det kan være håndverks-tradisjoner, kunst, gastronomi og mattradisjoner, folkefester, musikk, scenekunst, fortellertradisjoner, myter, språk, arkitektur og praktisk erfaring knyttet til natur.

Kulturturisme

FNs reiselivsorganisasjon UNWTO beskriver kulturturisme som «reiser som er motivert av kulturelle formål slik som studieturer, scenekunst, festivaler, kulturarrangementer, kulturattraksjoner og pilegrimsreiser». Kulturturisme handler også om å fordype seg i og nyte lokal livsstil, og det som utgjør lokalsamfunnenes identitet og særegenheter. «

Meld. St. 19 (2016–2017) Opplev Norge – unikt og eventyrlig

Reiselivssatsing i Samnanger

Ved å lyfte opp reiselivssatsinga i Samnanger kommune der kommunen og lokale aktørar går saman med regionale aktørar i eit samarbeid, så kan det på sikt kunne gje mykje att til alle partar i partnarskapet. Ved å styrke den lokale identiteten for alle i lokalsamfunnet, legge til rette for aktørar som vil satse på næringsutvikling, så vil det positivt kunne medverka til at lokalsamfunnet får fleire gny attraktive tilbod som også gir auka trivsel i lokalsamfunnet. Turistane som kjem til Samnanger vil møte dette, og få lyst til å stoppe opp lengre i lokalsamfunnet for å kjøpe eit opplevelingsprodukt med høg kvalitet.

Rapport

"Kartlegging og vurdering av markedspotensialet for et Economusée bedriftsnettverk"

Innledning:

Et «economusée» er en levende småskala håndverksbedrift som i tillegg til det å selge varer fra dagens produksjon, har fokus på å løfte frem kulturhåndverket og det immaterielle kulturminnevernet, gjennom videreføring av handlingsbåren kunnskap til de besøkende.

Fellesnevnerne for economuséene er lette å identifisere.

Foruten det å selge sine egne produkter, så har eierne av et economieséé forpliktet seg på å dokumentere og formidle kunnskap både om dagens produksjon, så vel som virksomhetens historiske produkter og produksjonsmetoder. Formidlingen av håndverksteknikker og produksjonsprosesser vil i et economieséé skje, både ved at de besøkende visuelt kan følge produksjonslinjene, og ikke minst gjennom selv å få prøve ut håndverksfaget.

Håndverkerne i en slik bedrift, blir derfor både aktive forvaltere og formidlere, så vel som utviklere av både en merkevare, selve handverket, vår immaterielle kulturarv og ikke minst lokalsamfunnet rundt.

Dette gir en economieséé-bedrift store muligheter til å markedsføre et unikt produkt og å skape merinntekter utover ordinært salg fra sin løpende produksjon. For enkelte håndverksbedrifter har dette vært en viktig kritisk suksessfaktor for både å opprettholde og utvikle driften videre.

Etter samråd med Fjord Norge og NCE-tourism, vil vi i det videre sortere og sammenligne economieséene sin satsing, under reiselivsbegrepene «kulturturisme».

Economusée-nettverket:

Konseptet «Économusée» ble etablert i 1992 i Quebec, Canada og er registrert som varemerke av International Economuseum Network Society. De håndverksbedriftene som blir tatt opp i Économusée nettverket, velges ut etter strenge kriterier, der man bl.a. forplikter seg på å ha en høy kvalitet på både produkter og opplevelser. I 2015 var det ca. 70 bedrifter med i dette Economusee-nettverket, som strekker seg fra Canada til Europa.

Pr. 10/6 2016 er det 11 norske bedrifter som har fått status som economieséé:

1. Aurlandskogen (Aurland, Sogn og Fjordane)
2. Oselvarverkstaden (Os, Hordaland)
3. Fjordtønna (Tysse i Samnanger, Hordaland)
4. Treskjerartunet (Myrkdal i Voss, Hordaland)
5. Stine Hoff Kunstglass (Hop i Bergen, Hordaland)

6. Tønnegarden (Indre Samnøy i Fusa)
7. Syse Gard (Ulvik i Hardanger, Hordaland)
8. Hillesvåg Ullvarefabrikk AS (Hjelmås i Lindås, Hordaland)
9. Ledaal Teppeveri (Stavanger, Rogaland)
10. Ullform (Stavanger, Rogaland)
11. Oleana (Ytre-Arna i Hordaland) – april 2016

I flere pågående interregssamarbeid, der Norges Vel driver frem et av disse; - «Craft Reach».

Målet er at det samlet sett blir etablert 22 nye economuséer i perioden 2015-2018; - herav 5 i Norge. Foruten Oleana, så er det 3 nye norske virksomheter står nå for tur til å innlemmes i den internasjonale economusée-familien. Disse er:

- Theodor Olsen Sølvvare i Bergen
- Mylna kornmølle i Volda
- Ciderhuset i Balestrand

Forstudie / forprosjektet «Économusée bedriftsnettverk».

De norske economusée-bedriftene ønsker å se på muligheten for å utvikle et godt bedriftsnettverk.

Det vil man gjøre ved først å gjennomføre en 3-trinns forstudie, ledet av Norges Vel, med støtte fra Innovasjon Norge. Forstudien har fått navnet «Économusée bedriftsnettverk».

Målet med forstudien er forøvrig:

1. å kartlegge og vurdere markedspotensialet
2. å kartlegge og rekruttere relevante bedrifter
3. å kartlegge bedriftenes felles interesse og grunnlag for et samarbeidsprosjekt

På et nettverksmøte i Ulvik i februar d.å., ble medlemsbedriftene enige om å starte opp *kartleggingen og vurdere markedspotensialet* for economuséene i nettverket.

Man ba der om at følgende ble utredet:

1. Hvor stort er markedet i Norge dag for produktene og tjenestene til bedriftene
2. Hvordan ser markedsbildet ut i land det er nærliggende å sammenligne seg med
3. Sluttbruker/kjøpsadferd
4. Konkurrenter
5. Partnere i distribusjonsleddet
6. Tiltak

I det videre vil denne rapporten ha fokus på disse ovenfor nevnte punktene.

1. Hvor stort er markedet i Norge dag for produktene og tjenestene til bedriftene

SSB fører noen statistikker over reiselivsvirksomheten i Norge. Blant annet har de en del statistiske fakta om kulturturismen.

FAKTA: KULTURTURISME I TALL (kilde SSB):

- I 2014 oppga 14 prosent av de norske sommerturistene kulturopplevelser som feriens viktigste ingrediens. Dette er en økning på 82 prosent fra 2013.
- I 2014 regnes 42 prosent av de utenlandske sommerturistene kulturturister. Dette er en økning på 14 prosent fra 2013.
- Tilsammen stod norske og utenlandske kulturturister for 3,9 milliarder av det totale forbruket sommeren 2014.
- Norske kulturturister sto for 1,5 milliarder og utenlandske for 2,4 milliarder av forbruket.
- De norske kulturturistene har et høyere forbruk enn den gjennomsnittlige, norske ferieturist.
- Kulturturistene hadde totalt 2,5 millioner overnattinger i sommersesongen 2014.

- De norske kulturturistene står for rundt 1,1 millioner, mens de utenlandske kulturturistene står for 1,4 millioner overnattinger.
- Sammenlignet med sommersesongen 2013, står kulturturistene for rundt 660 000 flere overnattinger i 2014. Denne økningen skyldes især en økning blant de norske kulturturistene.

Den sistnevnte endringen kan simpelthen skyldes den globale finanskrisen, men statistikken viser uansett at kulturturismen er mer og mer vesentlig for norsk reiseliv, og at kulturturisme er en markant og voksende reiselivstrend.

FAKTA: DETTE KJENNETEGNER EN KULTURTURIST (kilde SSB):

Det som skiller en kulturturist fra andre turister, er at disse oppgir at de reiser for å oppleve kultur, og at det de vektlegger mest i løpet av ferien er kulturopplevelser. Så hva ellers kjennetegner denne kulturturisten?:

- Det er en som interesserer seg for lokal historie, levemåte, legender og kultur.
- De er opptatt av historiske bygg, tradisjoner og tradisjonsmat.
- Besøker ofte kunstutstillinger og museer.
- Gleder seg til å fortelle alle de kjenner historier og fakta om steder de har vært.
- Reiser på ferie for å nyte kulturelle opplevelser etterfulgt av en bedre middag basert på lokale råvarer og spesialiteter.
- De liker også å slappe av, oppleve naturen, shoppe, besøke restauranter og sightseeing.
- Kan også finne på å bo i campingvogn, men sover stort sett på hotell.
- Reiser sjeldnere med barn enn øvrige turister.

Hvor stort volum markedet representerer for en enkelt economusée-bedrift er, kan være vanskelig å si; - bare at potensialet er stort. For en slik bedrift handler det om å ta de riktige grepene for å vinne markedsandeler i det område kulturturisten ferdes.

Det vises her til Innovasjon Norge sin samlede presentasjon av «Kulturturistene i Norge». Her er det meste av statistikkdata listet opp på en flott måte og kommentert. Likeledes vises det til Bergen Reiselivslag sine analyser og utledninger fra samme statistikkbank.

Vurderinger:

Man skal være forsiktig med å tolke resultatene for mye, men det er noen fellestrekks- / nevnere som kan trekkes frem som er svært relevant for denne rapporten.

- Kulturturisten er bemidlet
- Lokalmat er et trekkplaster for en kulturturist
- Høg kvalitet på overnatting og mat er svært viktig for denne turisten
- For den utenlandske kulturturist er særleg fjord og fjell viktige. Særleg for dei turistar som kjem til Vestlandet

Det er verd å merke seg at kulturturisten oppholder seg gjerne i samme område, mer enn mange andre typer turister, men gjerne ikke så lenge om gangen; - i alle fall ikke den norske kulturturisten.

Det er også en interessant observasjon at denne type turist ikke synes å være interessert i «pakkeprodukt»; - også her gjelder dette særlig for den typiske norske kulturturisten.

Denne informasjonen gir grunnlag for å ta bevisste strategiske valg på markedsføringssiden.

Man må f.eks. finne de geografisk nærliggende samarbeidspartnerne internt og gå sammen om å markedsføre sine produkt i nært samarbeid med hotell- og restaurantbransjen.

For kan man vise til at det finnes lokale kvalitetsprodukt på mat og overnatting i samme region hvor economusée-bedriften holder til, og det gjerne ikke så langt til neste economusée-opplevelse, så vil man treffe de strenger hos kulturturisten som gjør valget av reisemål enkelt for både den som søker på nett, eller for de få som fremdeles velger å lese i sine brosyrer.

Dette bør også destinasjonsselskapet i den enkelte aktuelle region, følge opp og bevisst ta hensyn til i sin markedsføring.

I en rapport «Adventure Tourism Market study, august 2013 (ATTA)», ser man dette klart i en konkluderende oppsummering, som vil gjelde analogt for en satsning innenfor kulturturismen:

Reisende er ikke lenger fornøyd med enkeltstående passive opplevelser. De søker opplevelser som gjør at de kommer tett på både natur, lokalsamfunn, menneske og kulturelle verdier. Dette har sammenheng med trenden om å stadig søke ekte og autentiske opplevelser på hver destinasjon. Destinasjoner som kan sette sammen en pakke (les her: markedsføre seg) på en god og tjenlig måte som dekker disse behovene (les her: economusée, lokalmat og overnatting), er de som vil se den største suksess med tanke på utvikling og økt omsetning i fremtiden.

Som det også går direkte frem av denne ATTA-rapporten, så er det tydelig at aktører som kan selge inn det bærekraftige elementet i sine pakker (les her: i sin markedsføring), også vil vinne i konkurransen om kundene. Det er et vinnerkonsept å bl.a. kunne vise frem og la kunden være tett på et ekte og livskraftig samfunn; - ergo ikke la kunden bare være en tilskuer og en konsumerende kunde, men heller bli en aktiv del av opplevelsen og lokalsamfunnet.

Dette er jo en del av economuséene og således en riktig retning for videre satsning.

Konklusjon:

- Markedspotensialet blir vurdert som stort, og stadig voksende for den type produkt som et economusée representerer.
- Economuséene må klare å spisse sin markedsføring mot der det «klør som verst» (eks. mat, kulturinteresse etc.) hos kunden.

- Economusée-nettverket må klare å samhandle og samordne markedsføringen både internt med sine egne nettverkspartnere, så vel som med de aktører som man ser vil dekke resten av det totalbehovet en kulturturist vil ha dekket.
- Destinasjonsselskapene vil være en viktig samarbeidspartner for å synliggjøre og bygge nettverk mellom bedriften og mulige samarbeidspartnere.

2. Hvordan ser markedsbildet ut i land det er nærliggende å sammenligne seg med

Utfra statistikken, så representerer utenlandske kulturturister 42% av den samlede turiststrømmen til Norge. Dette er en forholdsvis stor andel. Vel 1/3 av disse kundene kommer fra Tyskland (16%), Nederland (10%) og våre Skandinaviske naboland (10%).

Det meste som er fremført om kunden og kundens behov i forrige kapittel, kan også generelt sett skrives om den utenlandske turisten. Å oppleve kultur og historie er et av de opplagte førstevalgene også for den utenlandske kulturturisten. Men til forskjell fra den norske turisten, så er fjord og fjell et av de viktigste beveggrunnene for en utenlandsk turist til å legge ferien til Vestlandet.

Det betyr at om man vil utnytte denne informasjonen til å vinne nye markedsandeler, så bør man legge inn opplevelser i fjord og på fjell som en del av den målrettede og samlede markedsføringen av economuséene.

Det er naturlig at man ser litt nærmere på den tyske kulturturisten.

Tyskland (fra innsamlede statistikkdata):

- 26% av de tyske turistene kan karakteriseres som kulturturister, siden denne delen av gruppen har deltatt i- eller planlegger å delta i kulturelle aktiviteter
- Kulturturistene fra Tyskland besøker oftere Nord Norge og Oslo, fremfor Vestlandet
- 60% av kulturturistene reiser som par
- 44% reiser som «førstereisgutter»
- Bare 22% kommer til Norge med fly, men det er likevel dobbelt så mange som de andre tyske turistene
- Gjennomsnittlig reiselengde er vel 16 døgn
- Nær 50% av overnattingene skjer på hotell
- De er velutdannet og spiser oftere på restauranter enn andre tyske turister

Tyskland er kjent for sine bobil-fiskeferier og statistikken bærer nok preg av dette. Noen av disse turistene kan nok også slenge innom en og annen kulturell aktivitet i løpet av sitt opphold i Norge og vil da bli registrert i kulturturismekategorien. Man må derfor også her være forsiktig med å trekke analysen for langt.

Men dataene fra Tyskland bekrefter uansett det man kan utlede av den samlede statistikkbanken. De samme markedsmessige strategiene og virkemidlene kan sies å gjelde for denne gruppen. Men her kan man gjerne sette inn tilpassede markedsmessige tiltak og søke samhandling og samarbeid mot leverandører av reiselivstjenester ovenfor fisketuristene.

Slik kan man nok fortsette å liste opp andre lands spesifikke kulturturist-profiler, og deretter nevne tiltak som kan virke positivt.

Det handler samlet sett om å tilpasse markedsføringen til den brukerprofilen som den aktuelle kulturturist-gruppe har, som man søker å få inn på den kulturelle «stien».

I tillegg er det naturlig å se på noen av de samarbeidende landene i economuséene sitt eget Craft Reach-prosjekt. Partnerne i det prosjektet kommer samarbeidspartnerne fra regioner i Irland, Nord-Irland, Færøyane, Island, Grønland, Sverige og Canada.

Vi har gjort noen henvendelser mot Sverige og Nord-Irland.

Sverige – ekstrakt av tilbakemeldinger

Det er bare 3 economuséer i Sverige.

Disse bedriftene regner economuséekaktiviteten som en tilleggsaktivitet. Og tilbakemeldingene på markedsmessige aktiviteter bekrefter dette. Utover å ha noen sporadiske annonser i magasiner og noen «pop-up» butikker, så bruker de lite ressurser på markedsføring.

Den typiske kunden ved et economusée i Sverige er:

- Fortrinnvis en sommerturist, men noen finner veien også vinterstid
- De har en inntekt over gjennomsnittet i Sverige
- Fortrinnvis +35 år m/familie
- De er miljøbevisst
- De vil kjøpe lokale råvarer

Det mest interessante funnet her, er at «miljøbevisstheten» er markant blant deres kunder.

Sverige har alltid ligget foran Norge på det miljømessige området. Når man vet at det globalt sett blir satt stor fokus på miljø, og den globale filosofien / holdningen «leave no trace» sprer seg svært hurtig i hele verden og dermed også i reiselivssammenheng, så forteller dette noe om hva som bør være en rød tråd i den fremtidige markedsføringen av economuséene i Norge.

I markedsføringsteorien har svenskene lært oss et viktig slagord; - «Syns man ikke så finns man ikke».

Men selv svenskene synest å komme til kort her. Så noe må man gjøre både i Norge og Sverige på dette feltet, og gjerne i et samarbeid for den saks skyld.

Nord Irland – ekstrakt av tilbakemeldinger

Fra Nord-Irland får man en del andre type svar på hvem kunden er:

- Lokalbefolkningen
- Sportsinteresserte mennesker
- Matinteresserte grupper og kokker

- Skoleklasser
- Turistbusser med grupper fra ulike samfunnslag

De annerledes svarene henger sammen med at det er en større bevissthet rundt markedsføringen. For å gjøre economuséene synlige har de i Irland blant annet satset på:

- Utvikle egne nettsteder
- Sosiale medier
- Tilvennings besøk
- Deltaking på lokale arrangementer, der håndverket blir synliggjort
- Deltaking på andre håndtverksmarkeder

Vi ser av tilbakemeldingen her at de har satset på digital markedsføring. Denne satsingen treffer like gjerne det lokale markedet så vel som regionale og internasjonale.

Men de har samtidig også satset mye lokalt, noe som skaper bevissthet og lager gode bånd mellom innbyggerne og «deres felles» virksomhet. Tilbakemeldingen sier ingenting om markedsføringen er spisset mot spesielle kundegrupper.

Men uansett spissing eller ikke, så skaper man mange gode «selgere» i eget lokalsamfunn ved å være bevisst på å skape en merkevare og være synlig lokalt.

3. Sluttbuker/kjøpsadferd

Det vises til de 2 ovenforstående hovedkapitler, der dette temaet er bakt inn i den tekstlige delen

4. Konkurrenter

Innledningsvis skal det sies, at en konkurrent like gjerne kan være et aktivum og en samarbeidsaktør for economusée-nettverket, enn en reell konkurrent.

Det er i dag ingen strukturert og samordnet markedsføring av economuséene, og all markedsføring av en region og/eller av en «konkurrent» i regionen der det finnes et economusée, og der omverdenen fra før ikke er særlig kjent med en slik bedrift, vil fremstå som positivt.

Man kan kanskje si at «All markedsføring er god markedsføring» når situasjonen er slik. Av statistiske data ser man at kulturturisten gjerne blir i region en stund, de legger igjen godt med penger og de vil gjerne oppleve flere ting når de først er der. Derfor vil markedsføring av en «konkurrent» i en region med et economusée, høyst sannsynlig føre til økte besøkstall også for economusée-bedriften.

Man kan da si at alle krefter som drar en kulturturist (eller en potensiell kulturturist), bort fra en region der det finnes et economusée, vil være en konkurrerende kraft. I så måte vil faktisk manglende fokusering og markedsføring av economusée fra det regionale destinasjonsselskapet, faktisk representere en

negativ konkurransekraft.

I så måte kan economuséene selv oppleves som konkurrenter seg imellom. Det er her en må skille mellom det å markedsføre en merkevare og det å markedsføre sin egen bedrift.

Det at den tyske turisten reiser Nord og Øst i Norge, fremfor Vest, skyldes selvfølgelig element som nordlys, fiske, hvaler, ferjeanløp, hovedstad, etc. Men dette faktum kan nok også skyldes mangel på en sterk felles merkevare og markedsføring av denne som noe det er verd å spandere en ferie og penger på. I alle fall gjelder dette mot det tyske kulturturist-markedet.

For enkelte economuséer vil en nok oppleve en konkurransepriget hverdag. Den norske turisten kan jo kjøpe sine håndverksprodukt, når de er i byd'n!...eller lignende produkt fra en helt annen nærliggende håndverksbedrift eller nærbutikk med lokalprodukt. Og det er mange som går etter samme kunde og lommebok i reiselivssammenheng; - og som er bevisste på hvor, hvordan og mot hvem de markedsfører seg.

Flere og flere blir bevisste på hva en merkevare betyr, og kjører denne frem gjennom de mest sentrale distribusjonskanaler. Og mange spisser gjerne markedsføringen i sosiale medier ved å legge inn kundeprofilen der; -f.eks. gifte menn, +45, er i forhold, er høyskoleutdannet, nesten voksne barn, etc. etc.

Konkurrentene finnes i hver region, men igjen; - de er de som trekker kunden bort fra regionen man må først må ta opp kampen. De andre må man utnytte / samhandle med.

Når det gjelder konkuransen i utlandet, så tyder tilbakemeldingene fra Nord Irland på at de har en mer konkurransepriget hverdag. Der ligger håndverksbedriftene og utsalgsstedene tettere, og noen av disse er medlemmer av economusée-nettverket og noen er det ikke. Det er kortere vei til supermarkedene som også der, i større grad enn tidligere, selger lokale produkter. I tillegg tyder tilbakemeldingene på at det er sterkere konkurranse fra de som driver hjemmeproduksjon av ulikt slag, f.eks. lokalbrygget øl.

Siden valgmulighetene er større i det geografiske område kulturturisten opererer i Nord Irland, og denne kunden er rimelig laid-back anlagt, så er det begrenset hvor mange kulturopplevelser de tar med seg på sitt opphold. Så her må man være enda mer bevisst og få denne turisten til å «shoppe» economusée-produkter.

Av norske economuséer så kan de som ligger i Bergen og Stavanger sammenlignes med de nordirske.

Det blir viktigere for de bedrifter som har et slikt konkurransebilde, å definere de reelle konkurrentene, og å prøve vinne flest mulig markedsandeler for sin bedrift. I Nord Irland tyder det på at economuséene har et mer bevisst forhold til dette, og et langt mer strukturert markedsføringsarbeid. De er også mer bevisste på å stå

sammen om både markedsføring og distribusjon. De er bevisste på å utnytt de lokale og regionale distribusjonskanaler- og metoder som finnes.

5. Partnere i distribusjonsleddet og tiltak

Når man nå har en del innsikt i hvem disse potensielle kundene er vet hva deres behov er, så kan man istedenfor å snakke om konkurrenter, tvert om utnytte effekten av «konkurrenten» sin markedsføring og være tilstede med spissede og tilpassede markedstilbud der de virker best.

De viktigste partnerne knytt til det å få distribuert det glade budskap er først og fremst:

- Markedssamarbeid i eget Economuséenettverk
- Samordnet markedsføring gjennom destinasjonsselskapene
- Bruke incomingoperatører, Fjord Tours, m.fl.
- De lokale bedrifter i den enkelte region, som ønsker markedsføre seg mot samme målgruppe!!!

Først av alt må economuséene finne frem til hva de vil løfte frem som sin felles merkevare. Det må bli slik at Economusée er noe både kulturturisten, fjordturisten, fisketuristen, m.fl., bare må ha med seg på sin reise i Norge. Da må man lykkes med å etablere et aktivt Economusée-bedriftsnettverket. Da må man også ha evnen til å heie hverandre frem og unne hverandre suksess.

Dernest må man få destinasjonsselskapene til å løfte fram Economusée-merkevaren i sine sentrale publikasjoner og markeds- og salgskanaler, og da på en måte som gjør at produktet spiller godt sammen med andre produkt i samme geografiske nedslagsfelt. Her gjelder det å spille på alle strengene til den typiske kulturturisten.

For det tredje, vil en kunne oppnå en mer spisset markedsføring ved å bruke incomingoperatører og andre som har opparbeidet seg stor kompetanse og kontaktnett mot ulike reiselivssegment- og kundegrupper. Igjen er det viktig å koble sammen og samarbeide med regionale leverandører av reiselivstjenester om felles markedsføring.

Disse tre tiltakene krever en del strategisk arbeid og nettverksbygging, samt en del midler på et markedsføringsbudsjett. Og nettopp derfor må en stå sammen og ta et fellesløft. Man kan da også få fordelt den økonomiske belastningen på en slik måte at både de store og små kan bli med. Her er det en vinn-vinn situasjon, der de små gjerne er like viktige i den helhetlige markedsføringen som de store.

Våre vurderinger:

Man kan fra dag 1 sørge for å inngå partnerskap med de lokale / regionale bedriftene som beviselig kulturturisten vil komme til å bruke, utfra kunnskapen man har om denne kunden sin behovsprofil.

Kulturturisten vil spise godt, de vil slappe av og de er opptatt av lokale tradisjoner og lokalmat.

Man vet utfra statistikken at f.eks. den tyske turisten trekkes mot havet og fisk, og at den utenlandske turisten bare må oppleve fjordene. Den / de lokale restaurantene og hotellene, de som lever av fjord- og fjell, vil derfor sammen med de som selger lokale produkt, være de beste markedsførerne av den lokale / regionale economusée-bedriften.

Har man funnet sammen i et lokalt nettverk, der deltakerne er hverandres distribusjonskanaler og salgsagenter, så vil kulturturisten oppholde seg i område over tid, og det blir en godt fordelt overrislingseffekt på bunnlinjen over tid.

Dette sistnevnte er et svært effektivt, rimelig og samtidig givende tiltak.

En av de viktigste målsetningene for et economusée er å skape en positiv lokal samfunnsutvikling og lokale arbeidsplasser. Dette blir et viktig bidrag for å få oppnå dette på en bærekraftig måte

Oppsummering og konklusjoner:

Det er et stort marked der ute som søker de produkt som et economusée kan levere.

Har man kunnskap om kunden, hvor denne kommer fra, hva denne søker, hva den prioriterer når det kommer til stykket, så kan man tilpasse markedsføringen mot denne type kunde.

Det vi vet er at kunden er bemidlet og kan oppholde seg forholdsvis lenge i en region, bor gjerne på hotell og prioriterer å spise lokalmat på en restaurant. Vi vet at den utenlandske turisten ønsker å oppleve fjord og fjell

Får en til å etablere et bredt samarbeid med andre reiselivsaktører, turoperatører og salgsledd, vil det oppstå en vinn-vinn situasjon og en bedre bunnlinje for alle impliserte aktører.

Nå etterspør ikke den typiske norske kulturturisten noe særlig form for pakkereiser. Den utenlandske gjør det i en noe større grad.

Det er en generell trend at kundene «shopper», mens de er på reis. Det er derfor en økende etterspørsel etter «singelpakking» der man kan plukke element fra nettet etter en menyliste. Det vil helt klart være et godt strategisk grep å utvikle nettsider der man setter sammen salgbare reiselivsprodukt fra lokalsamfunnet / regionen i en menyliste, sammen med de aktører som kan levere etter kunden sine behov.

Selv om man velger å satse på strategisk markedsføring direkte mot kulturturisten, så er det likevel et faktum at economuséene vil være et tilleggsprodukt for mange andre kundegrupper.

Også de som bare tar med seg denne economusée-opplevelsen i det de reiser forbi, etter en dag i skibakken eller en kajakketur på fjorden, er potensielle kunder. «Om man inte syns, så fins man ikke» gjelder i høyeste grad her også. Så bare

det å skilte godt nok, og å ha en generelt god nettside der søkermotoren blir optimalisert slik at man lett og rimelig finner nettsidene til economuséene i den store leverandørjungelen, er riktige og viktige skritt i riktig retning.

Det er mye å hente for economuséene på markedsføringssiden. Om man skulle driste seg til å gi en tilråding, så ville dette bli å satse i en slik prioritert rekkefølge:

1. Løfte markedsføringen opp på et akseptabelt nivå rent digitalt
 - a. Bevissthet på innhold på hjemmesider; - bevisste bilder, tidsriktige formater, oppdatert informasjon
 - b. Bevissthet på å optimalisere hjemmesidene til den enkelte aktør, engelsk tekst, link til de andre i nettverket, mobiloptimalisert design.
 - c. Bruke sosiale medier; - herunder bevissthet rundt hvilken kunde man vil treffe med markedsføringen
2. Samarbeid og synlighet lokalt
 - a. Knytte til seg de riktige samarbeidspartnerne
 - b. Være tilstede med informasjonsmateriell på lokale hoteller, restauranter, lokalproduktutsalg (ref. kulturturisten sine preferanser)
3. Bli en del av det lokale / regionale destinasjonsselskap
 - a. Prioritere å bli synlig
 - b. Samarbeid om markedsføring – nettverk internt
 - c. Samarbeid om markedsføring – nettverk regionalt
4. Når pkt 1-3 er på plass
 - a. Samarbeid med nasjonale turoperatører
 - b. Samarbeid med incomingoperatører og turoperatører internasjonalt



SAMNANGER KOMMUNE SENTRALADMINISTRASJONEN	
SAK NR.	JNR.
16 AUG 2017	
EMNEKODE:	
OBJEKTKODE:	
SAKSH:	GRADERING:

Tollbodallmenningen 1 B

5004 Bergen

Til

Ordførar Knut Harald Frøland

Samnanger kommune

Tyssevegen 217,

5650 Tysse

Vedkommande kommunal veg til Fjordtønna Économusée og fornying av medlemskap og kontrakt

Om status for Économusée i Norge

Norges Vel har etter Hordaland fylkeskommune tatt på seg ansvaret for å utvikle Économusée nettverket i Norge og vidareutvikle samarbeidet i det internasjonale nettverket. Det vert no utvikla nye Économusée på Vestlandet, der også Møre og Romsdal vil få 2 nye Économusée i løpet av det neste året. Norges Vel har som mål å få på plass ein nettverksøknad til Innovasjon Norge i løpet av hausten 2017, der vi er avhengig av at bedriftene vert med på ein felles søknad. Dessutan skal vi i møte med Nærings og Handelsdepartementet no i august for å drøfte søknad om eit nasjonalt utviklingsprosjekt, for å bygge Économusée nettverket for heile landet. Dessutan er det søkt vegvesenet om å få på plass skilt for alle Économusée bedriftene langs hovudvegane og kommunale vegar. Ei ny fellesbrosjyre med kart over alle Économusée bedriftene på Vestlandet vert no distribuert til bedriftene og turistinformasjonar på Vestlandet.

Om status for Fjordtønna Économusée

Fjordtønna har store problem med tilkomst for besøkande. Fjordtønna vart omsøkt av Samnanger kommune til å verte eit Économusée allereie 16.juni i 2008, og der det i skrivet frå ordførar vart sagt «at verksemda stettar alle kriteria for å ta del i Économusée». Eit av hovudkriteriene til å verte Économusée var at det skulle vere god tilkomst for besøkande, noko som viste seg ikkje var

tilfredsstillande til Fjordtønna. Dette var eit tema som tidleg vart teke opp med dåverande ordførar, der både EU prosjektet v/fylkeskommunen og verksemda var lovt at dette skulle ordne seg snarast råd. Tilkomsten vart ikkje utbetra til opninga i 2010, heller ikkje i tida etterpå.

Fylkeskommunen sendte difor eit skriv 9. juni 2011 til Samnanger kommune vedkommande utbetringer av tilkomsten, der ein bad Samnanger kommune om å finne ei god løysing på tilkomstproblematikken til Tysse gard, slik som ein hadde avtalt ved fleire «munnlege samtaler» med kommunale representantar. Første reperasjonen vart utført i 2013, men måtte takast att i 2014 då dosering av svingen mellom anna var feil og det er den framleis.

Tide Reiser hadde utvikla gruppe besøkspakker til Économusée bedriftene i 2014, og den første Tide bussen skulle komme til var Fjordtønna den 3. juni. Bussen kom seg aldri opp til Fjordtønna Économusée, og bilen fekk skada eine sida under forsøket på å komme seg fram. Resultatet vart at Tide Reiser måtte kutta ut besøk til Fjordtønna. I brev av 10. mars 2016 frå Tide Buss seiest det at vegen må utbetrast ytterlegare før bussar kan bruke den, der særleg den første svingen er eit stort problem.

Vidare har det ved alle Économusée vore eit uttrykt ønskje om at vertskommunane gjer seg nytte av sine Économusée ved å sende besøksgrupper dit for å vise fram si lokale historie og sine stolte handverkstradisjonar. Utifrå informasjon frå Johannes Tysse, Fjordtønna så har kommunen omtrent ikkje nytta seg av Économusée til eigne framvisingsformål, korkje for kommunale gjestar, pensjonistar eller skulesekken. Skilting og informasjon om Économusée bedifta i kommunen har heller ikkje vore særleg prioritert, og kommunalt informasjons-/orienteringsskilt slik som tilrådd av Næringsforum ved fleire høve, har ikkje blitt sett opp. Det finns ikkje noko kommunalt vegskilt som viser retning til Fjordtønna.

Konklusjon

Fjordtønna står no i den situasjon at verksemda må fornye sin 5-års kontrakt for å kunne fortsetja som kvalifisert medlem i Économusée nettverket. Verksemda tilfredsstiller alle kriteria som dei sjølv rår over for å vera eit Économusée, men tilkomst til Tysse gard er ikkje tilfredsstillande. Dette var og er kommunen sitt ansvar i følge avtalen, og det er eit grunnleggjande krav at det må vera ein tilfredsstillande tilkomstveg til Économusée bedifta. Norges Vel har nyleg søkt om å få setje opp skilt for alle Économusée bedriftene, men vi kan ikkje sjå at Fjordtønna vil kvalifisere for ei slik skilting langs hovudvegane så lenge det ikkje er tilkomst for bussar.

Dessutan vil Norges vel og stille spørsmål til vertskommunen si rolla med ormsyn til meir lokal bruk av Économusée som eit visningssenter for besøkande til kommunen, koordinert deltaking i kommunalt informasjonsmateriell/marknadsføring, og betre retningsvising til opplevingsverksemda Fjordtønna.

Krav for å få forlenga kontrakten med Économusée nettverket

Tilkomstvegen må utbetrast etter ein plan som vert utarbeida av kommunen hausten 2017, og utbetrinna må gjennomførast slik at denne vegen vert klar for sesongen 2018 innan 30. mars 2018 . Dersom dette ikkje vert gjort, vil diverre Norges Vel måtte tilrå at Fjordtønna ikkje får fornya kontrakten sin med Économusée nettverket.

Dersom det vert ein diskusjon mellom kommunen og bedifta i ettermiddag av ein eventuell eksklusjon av Fjordtønna som Économusée, så vil Norges vel for ordens skyld opplyse om at Hordaland fylkeskommune og EU sitt Interreg program har investert og tilrettelagt for ei utstilling til ein verdi av NOK 900 000, og frå bedifta sjølv vart det investert i bygg og anlegg m.m. for minst NOK 800 000 ekskl. mva i 2010.

Vi voner at Samnanger kommune i tråd med drøftingane som Norgesvel hadde med ordførar 7. desember 2016, vil prøve å finne fram til ei snarleg og god løysing på tilkomstproblematikken langs kommunal veg til verksemda. Dessutan må det utviklast betre koplingar og samarbeid mellom lokalsamfunn, bedrift og kommune for framtida, noko som Samnanger kommune må ta initiativ til, eventuelt i samarbeid med Norges Vel.

Vi voner å få høyre frå Samnanger kommune så snart som råd er i denne saka.

Bergen 15.08.2017

Med vennlig helsing



Asbjørn Stavland,

Mobil 95146623

Asbjorn.stavland@norgesvel.no

Kopi sendt: Fjordtønna, Indre Tysse 56, 5650 Tysse



HORDALAND FYLKESKOMMUNE	
Salme 20080637 Dokas. 1	
18 JUNI 2008	
Aktivit. 658	Saksh. TIND
Brap.	
Uleff.	

Hordaland fylkeskommune
Kultur- og idrettsavdelinga.
Seksjon for kulturbasert næring
Postboks 7900
5020 Bergen

Eikelandsosen / Tysse 16. juni 2008

Dykker ref.: 200800201-21/658/AFOS

Søknad om etablering av Econmusee

Vi viser til skriv frå Hordaland fylkeskommune, Kultur- og idrettsavdelinga, dagsett 9. mai 2008. Ordførarane i Samnanger kommune og Fusa kommune vil med dette fremma søknad om at det vert etablert Econmusee for bokkerhandverket / tønneproduksjon i vår region.

Bokkerfaget har lange tradisjonar i Midhordland. Frå gammalt vart det banka tønner i dei fleste sjøbuer langs stranda. I dag vert den tradisjonelle sildetønna berre produsert i Fusa, på Bogøy / Samnøy. I gode år vart det produsert meir enn 100 000 tønner for året i Fusa. I dag vert det produsert nokon få tusen tønner, men framleis er det ein produsent som har dette som einyrkje og fleire andre som har bokkring som tilleggsnæring. Fusa er i dag einaste staden i landet der tønner vert produsert frå starten av.

Samnanger har ei broten linje når det gjeld produksjon av tradisjonelle tønner. Johannes Tysse har tatt fatt i den gamle tradisjonen og fornya den i måten tønna vert produsert, i storleik og i bruksområde.

Samla gjev i dag Fusa og Samnanger eit komplett bilde av korleis tønner vert produsert i Noreg; Johannes Tysse har vidareutvikla produksjonsmåte, storleik og bruksområde for tønna. Jostein Gangstø representerer det gamle bokkerfaget, men har vidareutvikla produktområdet i stor grad. Bokkerfaget er i høgaste grad utryddingstrua. Det er difor gledeleg at det i vårt området er nokon som er villige til å satsa på dette faget, har det som leyebrød og vil gje det vidare til neste generasjonar.

Vår meinинг er at bokkerfaget hører naturleg heime i den satsinga på Econmusee som Hordaland fylke har starta. Vi vil difor på vegne av Johannes Tysse og Jostein Gangstø søkja om at det vert etablert eit Econmusee / visningssenter i vårt distrikt. Vi viser til vedlegg der desse to produsentane vert presentert. Desse to er genuint opptatt av tønner og tønneproduksjon. Dei har ikkje berre tønner som leveveg, men har ein entusiasme for faget og for tønna som er uvurderleg i samband med eit visningssenter. I tillegg har dei allereie eit godt samarbeid og er opptatt av å vidareutvikla dette samarbeidet. Begge har planar om utviding av sine lokaler og betre tilrettelegging for sal og omvisning. Produksjonen dei har er så vidt ulik at ein ideelt sett burde hatt to visningssenter: Jostein Gangstø representerer det tradisjonelle bokkerfaget, medan Johannes Tysse representerer ei nyutvikling av tønneproduksjonen.

Samnanger kommune og Fusa kommune ser bokkerhandverket som historisk viktig, ikkje berre i våre region, men for heile landet. Det er i vår region at siste resten er att av eit handverk som har vore

levande gjennom tusen år. Det er såleis viktig at dette handverket vert tatt vare på medan det enno er levande. Det er for vår del viktig at handverket er levande også på ein slik måte at det er levedyktig. Begge desse produsentane har vist at med vidareutvikling og innsatsvilje, så kan dette handverket framleis vera ei næring og ikkje berre ein museal aktivitet. Det er likevel viktig å gje handverket best mogeleg høve til å overleva. Deltaking i Econmuee vil vera ei viktig brikke for at handverket kan overleva inn eit nytt tusenår.

I tillegg til momenta knytt til handverket som er nemnt ovafor, så stettar produsentane alle kriteria for å ta del i Economusee.

For å visa heile breidda i tønneproduksjonen og bokkerhandverket treng ein begge produsentane og produksjonsmåtane. Vi ser fram til ein prosess og diskusjon om korleis det kan løysast på ein god måte. Vi har fylgjande framlegg til vidare diskusjon:

1. Etablering av eit fullverdig Economusse/visningsenter på Tysse hos Johannes Tysse. Sal og presentasjon av produkt frå både frå Johannes Tysse og Jostein Gangstø. Det tradisjonelle bokkerfaget må verta presentert med bilde, tekst og video.
2. Jostein Gangstø vert del av visningssenteret med eigen avdeling hos seg. Dels same informasjon kan nyttast her som på Tysse. Avdelinga til Jostein Gangstø får ta del i marknadsføring, kompetansebygging, nettpresentasjon frå Economusee. Jostein Gangstø spesialiserer seg på visning av det tradisjonelle bokkerhandverket, t.d. i form av kurs. Presentasjon og sal av produkt også frå Johannes Tysse.

Vi håpar på ei positiv handsaming av søknaden og ser fram til vidare diskusjon om konkrete løysingar.

Marit A. Aase
Marit Aase
Ordførar
Samnanger kommune

Hans S Vindenes
Hans S Vindenes
Ordførar
Fusa kommune

Samnanger Kommune
Tyssevegen 217,
5650 Tysse

SAMNANGER KOMMUNE SENTRALADMINISTRASJONEN	
SAK.NR.	JÅR
21 JUN 2011	
EMNEKODE:	
OBJEKTKODE:	
SAKSL	DRADERING

Vår ref.: (nyttast ved korrespondanse) Dykker ref.:
200904000-10/180/TIND

Bergen, 09. juni 2011

Vedrørande utbetring av tilkomsten til Economusee Fjordtønna på Tysse


Vi viser til vårt omfattende samarbeide med Samnanger kommune omkring etableringa av Fjordtønna Economusee, som vart opna 11 okt. 2010 som det 3-dje Economusee i Noreg.

Economusee prosjektet er nyleg blitt godkjent som eit kultur og reiselivsprosjekt innan NCE- Norwegian Centre of Excellence si verksemder for å styrke turisme opplevingane og tilboda på vestlandet. Economusea skal vere med på eit kompetanseprosjekt som skal sjå på gode koplingar mellom kulturliv og reiseliv der produktutvikling, pakking, publikumsutvikling, marknadsføring m.m. vert sentrale utviklingsoppgåver. I kompetanseprosjektet skal fleire hotell i Bergen og Tide Reiser (turbussar), vere med saman med Economusea for å lage og prøve ut samanhengande opplevingspakker for grupper ut frå Bergen via Os til Samnanger.

Dersom ein skal lukkast med å skaffe ny og auka turisttrafikk til ulike delar av Samnanger er det viktig at tilkomsten til reiselivsmåla er god. Det er difor viktig at Economuseet på Tysse får ein god tilkomst for bussar.

Vi voner Samnanger kommune på denne bakgrunn vil kunne finne ei god løysing på tilkomstproblematikken til Tysse gard sitt Economusee så snart som mogleg.

Med venleg helsing,


Anna-Elisa Tryti
Fylkeskultursjef



Kultur- og idrettsavdelinga
v/ seksjon for kulturbasert verdiskaping
Postboks 7900
5020 BERGEN

Vår referanse:
09/296/10/2543/ASK/TR

Arkivkode:
FE-223

Dykker referanse:

Dato:
30.07.2010

VIDAREFØRING AV EU-PROSJEKTET ECONOMUSEE FOR PERIODEN 2011 - 2013 – Støtteerklæring frå Samnanger kommune

Me viser til samarbeidet med Hordaland fylkeskommune kring etablering av Economusee for småtønner på Tysse i Samnanger og me ser fram til opninga av visningsenteret i slutten av september i år. Det er lagt ned store private ressursar i prosjektet allereie, og det vert arbeidd vidare med betring av tilkomst til Economuseet. Me syns det er spennande at dette EU prosjektet i Hordaland fylkeskommune har mogeleggjort eit visningsenter for bokkerhandverket i Samnanger.

Me ser og at det i ettertid av opninga vert naudsynt med vidare oppfølging av verksemda til Johannes Tysse i bedriftsutviklings-, marknads- og reiselivssamanheng. Samnanger kommune er kjend med at ei vidareføring av EU prosjektet er ein føresetnad for at fylkeskommunen kan følgja opp Economusea vidare for å sikra auka besøkstal og verdiskaping.

Ein vil då og kunna få med fleire deltakerbedrifter i fylket, utvikla eit levande nettverk av Economusear på Vestlandet og slik kunna skapa grunnlag for ein nettverksorganisasjon som kan støtta oppunder den vidare utviklinga og daglege drifta av Economusea etter at prosjektet vert avslutta i 2013.

Me vil og trekkja fram samarbeidet ein har utvikla mellom Samnanger og Fusa når det gjeld bokkerhandtverket, der Samnanger gjennom Johannes Tysse si verksemd tek for seg dei små tønnane i ein kulturhistorisk og handverksmessig samanheng, medan ei bedrift i Fusa v/ Jostein Gangstø, ønskjer å skapa eit Economusee for dei store tønnene som er eit kulturhistorisk viktig næringsmessig tiltak for Fusa kommune.

43 av 74

**Samnanger kommune vil difor oppmøda Hordaland fylkeskommune om å
søkja om ei vidareføring av EU prosjektet for Economusea for neste
periode for åra 2011 - 2013.**

Med helsing

**Marit Aksnes Aase
rådmann**

**Tone Ramsli
rådmann**

Tysse 22.09.2011.

Notat vedkomande kommunal veg frå Tysse bru til eigedommane på indre Tysse.

Ordførar Marit Aase har bede underteikna koma med ein del konkrete døme på vanskår knytt til den kommunale vegen frå Tysse bru til gardane på Indre Tysse.

Som medeigar av Fjordtønna opplever nok eg større og oftare problem knytt til vegen enn dei andre som treng vegen i det daglege. I tillegg til Fjordtønna som verksemd er det 9 bustadhús som pr. i dag treng denne vegen. Det vert såleis feil å fokusera berre på Fjordtønna når vegstandard og andre problem knytt til denne vegen skal diskuteras.

Som vanleg huseigar opplevde eg for 2 år sidan at eit lass med vindu som kom frå Bergen vart sett av på kaien til neste dag då dei vart transportert opp med anna bil.

Då son min Odd Magnar bygde hus fekk betongpumpebilen på sumarføre så store vanskår med å koma gjennom svingen under Sion at sjåføren var i ferd med å gi opp. Etter mykje fram og tilbake, og hjelp frå underteikna kom bilen med eit nødskrik til slutt gjennom svingen.

Dette året har renovasjonsvesenet fått nye og større bilar som valdar sjåføren store vanskår med å ta seg fram på vegen. Utan Fjordtønna si utviding av området på nedsida av verkstaden ville desse sjåførene hatt alvorlege vanskår med å avhenta boss/papir. Desse vanskane består m.a. i at den kommunale snuplassen ved Johannes L. Tysse er for liten. Bilen må her nyitta Fjordtønna sin oppstillingsplass for opprettiging av bilen før deretter å rygga fram til Johannes L. Tysse. Når bilen så kjem attende klarer den ikkje svingen ned mot hovudvegen og må då køyra rundt verkstaden til Fjordtønna for å snu bilen der. Desse bilane har truleg kun fungert på sumarstid, så korleis dette vil ta seg ut når vinteren set inn gjenstår å sjå.

Vanskår for Fjordtønna:

Desse vanskane er stort sett dei same som for oss private, men har hatt og vil koma til å få større økonomiske konsekvensar.

Transportsselskap som kjem med varer protesterer oftare enn tidlegare på å køyra opp – dette gjeld sumar som vinter. I eit tilhøve køyrd Schenker 3 pallar med pleksiglasplater attende til Bergen då eg ikkje hadde høve å henta dei med traktor på snøfri veg. 3 dagar seinare fekk eg varene levert på tunet med anna bil, medan det i andre enden står eit firma å ventar på varelevering frå Fjordtønna.

For berre nokre dagar sidan fekk eg same sort varelevering med same transportfirma. Sjåføren var så uvenleg då han kom på tunet at eg kommenterte det. Han påstod då at han hadde teke understellet på bilen i svingen. Dette meiner eg er usanning og svært usannsynleg. Det er heller uviljen mot å køyra oppsom gjer seg slike utslag. Før vegen vart utbetra i svingen var eg sjølv oppe med ein 36seters buss, så dette meiner eg er sterkt overdriving frå sjåføren si side.

Eg er etter kvart gått meg svært lei all den munnbruk eg vert utsett for, og det for noko eg er utan skuld i.

Turbussar kjem seg sjølv sagt ikkje opp, noko som skaper vanskår for alle dei som ikkje er gode til beins. Vi har hatt omvising i Economuse der personar med handicap er utelatt på grunn av vegen.

Eit anna problem med tilkomsten til Indre Tysse er parkeringstilhøva ved Tysse bru.

Når fiskesesongen tek til veit vi ikkje lenger når vi kjem opp på grunn av uforstandig parkering- som fysisk stengjer vegen. Eg har ikkje lenger oversikt over alle dei lappar som er skrivne og lagt under vindusviskar og alle dei turar vi har hatt på kaien ved elva for å henta bileigarane for flytting av bil. Underteikna har gjentatte gongar over fleire år teke kontakt med fiskeforreininga og bede dei ta affere. Eg har og kome med konkret forslag for å få slutt på problemet med at ein papirlapp vert hefta ved samlede fiskekort om kvar fiskaren kan parkera, men utan resultat.

Problem knytt til den kommunale vegen er etter kvart blitt så store at dei ikkje er til å leva med . Eg kjenner på maktesløysa, og har ofte lyst til å gi opp.

Underteikna set ingen krav til kommunen om kva som skal gjerast , men forventar ei tilbakemelding om kva kommunen vil gjera med den kommunale vegen – og det hastar. Dette vil så verta retningsgjevande for om det for neste generasjon kan satsast vidare på Indre Tysse , eller om ein må innsjå at utviklingsarbeid over 14 år er tapt.

Eg har også over for teknisk etat sett fram konkrete forslag til betring av vegen for oss som bur her oppe – arbeid som ikkje treng ta meir enn ein dag, men som ville hatt stor nytteverdi, men utan resultat. Kommunen brukar tid å pengar til å sjå på eit konstruktivt forslag- innrømer at forslaget er godt- lover å få det gjort same hausten, men no har det truleg gått 2 eller 3år utan at noko har skjedd. Diverre vart dette siste litt kritikk mot kommunen.

Eg kan koma med mange opplysningar i tillegg til desse, men det får vera nok for denne gongen.

Lukke til med planlegginga!

Mvh

Johannes M. Tysse

Johannes M. Tysse



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Tone Ramsli	Arkivkode: FA-Q14
Arkivsaksnr: 11/333	Løpenr: 11/4682
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG			
Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr.	Saksbeh.
Formannskapet	28.11.2011	059/11	TR

TILKOMSTEN TIL ECONOMUSEE FJORDTØNNNA PÅ TYSSE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Samnanger kommune kan ikkje prioritera utbetring og omlegging av vegen til Economuseet Fjordtønna. Kommunen har mange kommunale vegar i svært dårlig teknisk stand, og evt. ekstraordinære midlar til vegar må nyttast til å få vegane opp på ein minimumsstandard.

Spørsmålet om omlegging av vegen på indre Tysse kan tidlegast takast opp når det er avklara om det kjem ytterlegare bustadbygging i området. Det vil venteleg skje i samband med rullering av arealplanen.

28.11.2011 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet:

Formannskapet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

FORM-059/11 VEDTAK:

Samnanger kommune kan ikkje prioritera utbetring og omlegging av vegen til Economuseet Fjordtønna. Kommunen har mange kommunale vegar i svært dårlig teknisk stand, og evt. ekstraordinære midlar til vegar må nyttast til å få vegane opp på ein minimumsstandard.

Spørsmålet om omlegging av vegen på indre Tysse kan tidlegast takast opp når det er avklara om det kjem ytterlegare bustadbygging i området. Det vil venteleg skje i samband med rullering av arealplanen.

Dokument som er vedlagt:

Skriv om utbetring av tilkomsten til Economusee Fjordtønna på Tysse

Veg frå Tysse Bru til indrfe Tysse

Dokument som ikkje er vedlagt:

Kommunestyresak 8/10 om privatisering av kommunale vegar.

Kva saka gjeld:

Det er kommunal veg frå Tysse bru til gardane øvst på Indre Tysse der m.a. verksemda Fjordtønna ligg. I 2010 vart denne verksemda innlemma i ordninga med Economusee. Hordaland fylkeskommune har i skriv dagsett 9.6.2011 vist til at dagens tilkomst må utbetrast for at turistar i bussar kan koma fram til verksemda.

Dersom ein skal lukkast med å skaffe ny og auka turisttrafikk til ulike delar av Samnanger er det viktig at tilkomsten til reiselivsmåla er god. Det er difor viktig at Economuseet på Tysse får ein god tilkomst for bussar.

Vi voner Samnanger kommune på denne bakgrunn vil kunne finne ei god løysing på tilkomstproblematikken til Tysse gard sitt Economusee så snart som mogleg.

Eigaren av verksemda har også vendt seg til kommunen ved fleire høve med påpeiking av utfordringane. Han har m.a. vist til problem med å få vareleveranse fram til eigedomen. Sjå vedlagde skriv av 22.09.2011.

Teknisk eining har vore på synfaring på staden. Dei har i haust føreteke ein del mindre utbetringar, m.a. grøftereinsk, hogging av ein del tre, og det er og etablert ein mindre forbikjøringsplass. Einingsleiar for teknisk har gitt eigaren av Fjordtønna skriftleg tilbakemelding om det som er gjort, og han har også gitt melding om at denne vegen ikkje er prioritert med midlar ut over det som er gjort.

Vurderingar og konsekvensar:

Standarden på dei kommunale vegane er langt därlegare enn ynskja. Sommaren 2011 vart det gjennomført synfaring på dei fleste kommunale vegar der også ordførar og varaordførar var med. M.a. på bakgrunn av denne synfaringa er det laga eit notat som viser utfordringane våre. I notatet er det og peika på kva som må gjerast for å heva standarden. Det er då berre snakk om å auka den "tekniske" kvaliteten på vegane ut frå dagens standard, ikkje å auka standarden i den forstand som her er omsøkt. I ei slik vurdering kjem ikkje den omsøkte vegen med på prioriteringslista.. Sjå vedlegg

Det kan tenkjast at kommunen bør ta ein diskusjon om endring av traséar for å gjera tilkomsten betre eller tryggare (ROS-analyse). Slikt arbeid vil som oftast medføra til dels store løyvingar. Jmf. m.a. utfordringane me har på vegen til Li. Heller ikkje ut frå ei slik vurdering vil den omsøkte vegen koma øvst på lista..

Det som er spesielt for denne saka er at etableringa av economuseet. Kommunen har ikkje i særleg grad vore trekt med i planlegginga av museet, og problema med tilkomst har t.d. berre uformelt vore drøfta med ordførar.

I skrivet frå eigaren og i samtaler med han viser han til at halvstore/store varebilar ikkje vil kjøra opp med varer til verksemda. Her kan det sjå ut som om det er ulike vurderingar som vert gjort av sjåførane. Etter det me veit kjører t.d. renovasjonsbilen opp. Tilkomsten er vanskeleg for store bilar, sannsynlegvis umogleg for dei store bussane. Dette kan berre løysast dersom det vert laga ny trasé. Bygging av veg i så bratt terreng er både vanskeleg å dyrt.

Kommunestyret handsama spørsmålet om omklassifisering av kommunale vegar i februar 2010. Konklusjonen var at inntil vidare skulle vegane ha same status som tidlegare. Basert på dei kriteria

48 av 74

som vart valde vurderte administrasjonen at vegen til dei øvste gardane på Indre Tysse kunne vera ein av dei som kunne overførast til oppsitjarane.

I ulike planar og på ulike tidspunkt har spørsmålet om vidare bustadbygging på Indre Tysse vore reist. I den samanheng har området over Fjordtønna vore nemnd. Det er pr. d.d. ikkje vedtak som tilseier bustadbygging her. Slike drøftingar vil vera naturleg å ta i samband med utarbeiding av kommuneplan. Arealdelen av denne er forventa starta opp hausten 2012, og dersom det er planar for utbygging i området må det koma innspel om det i samband med dette planarbeidet. Det vil då også vera naturleg å ta opp spørsmålet om dagens tilkomst er god nok for evt. fleire bueiningar. Det kan då vera snakk om å stilla krav til utbyggjar om utbetring av vegen.

Kopi

Fra: Jan Sunde
Sendt: 12.06.2014
Til: Marit Aksnes Aase;Tone Ramsli
Kopi: Terje Inderhaug;Anette Friis Pedersen;Fjordtønna - Économusée
Emne: Ad: Vedrørende buss og anna besøk til Fjordtønna Economusee i sommer

God ettermiddag,

Vi har i lengre tid samarbeid med Hordaland Fylkeskommune og Economuseene i Hordaland (og Aurland) om opplegg for grupper som vil vitja Economuseene. Vi har laga ein dagsturbrosjyre på 52 sider der dagsturar til Economuseene har fått 10 av sidene.

For at det skal være økonomi i sleke prosjekt er det viktig at vi kan komme fram med våre turbussar. Og då snakker vi om dei med +/- 50 seter. Grunnen til dette er at mange av deltakarne er pensjonister og igjen mange med gåproblem noko som igjen gjer at det er viktig at vi kan kjøra dei nesten heilt til døra til Economuseene.

Vi har gjort eit forsøk på å vitja Fjordtønna med stor buss og mange forventningsfulle gjester, men vår buss klarte ikkje vegen særleg bra. Den tok nede i og vi kan ikkje risikera store skader på turbussar som er ein investering for Tide Buss/Tide Reiser på fleire millioner - pr. buss.

Vi ville være svært takksame hvis Samnanger kommune kunne utbedre vegen til Fjordtønna. Dette vil føre til tilkomst for store grupper på besøk (store turbusser) og større inntekter til Fjordtønna og indirekte til kommunen, og vil være med å sikre ein levande turistattraksjon i kommunen.

Tilgjengelighet er eit være eller ikkje være i vår næring.

Ha ein fin dag.

Beste helsing

Jan H. Sunde Salgsjef / Sales Manager

+47 5523 8885 Dir
+47 9011 4896 Mob
+47 5523 8879 Fax
jan.sunde@tide.no

Tide Reiser
Møllendalsveien 1A
Pb 6300 NO-5893 Bergen
reiser@tide.no

tidereiser.no <<http://tidereiser.no/>>



Informasjonsnotat / orientering

Til:

Marit Aksnes Aase

Frå:

Tone Ramsli

KOMMUNAL VEG TIL FJORDTØNNNA - VANSKAR MED BUSSTRANSPORT. SPØRSMÅL OM KOMMUNAL HJELP TL Å FINNA LØYSING

Saknr/Journalnr
14/482/14/3604/ASK/TR

Arkivkode
FE-

Dato:
17.06.2014

Dette notatet vert sendt til medlemmane i formannskapet. Dersom det er snakk om å gje eit kommunalt tilskot, må saka reint formelt handsamast av formannskapet i møte 25.6.2014. Av ulike grunnar ønskjer me likevel å få ei avklaring tidlegare dersom det er mogleg. Me ser då for oss ei tilbakemelding på onsdag 18.6 for så å handsama saka den 25.6.2014.

Eigar av Fjordtønna Johannes Tysse har ved fleire høve teke kontakt med kommunen for å få utbetra den kommunale vegen på Indre Tysse. Fjordtønna har status som godkjend Economuse. Mange besökande til senteret kjem med busstransport, og slik vegen er er det ikkje mogleg å koma fram med dei store bussane. Problemstillinga er ikkje ny. Dette har vore tema heilt frå verksemda var påtenkt som economuse.

Vegen til Fjordtønna m.m. har alltid vore utfordrande. På folkemunne er delar av vegen kalla "millionsvingen", noko som viser at kommunen har hatt store utfordringar med vegen også tidlegare. Frå oppsitjarane og ikkje minst frå Fjordtønna kom det klage på at større bilar – varetransport, bosshenting – ikkje kunne kjøra opp. Kommunen har og hatt utfordringar med vintervedlikehaldet.

Med etablering av og utviklinga av konseptet Fjordtønna som del av Economuse har problemstillingane knytt til besökande med buss kome. Alt ved etablering av dette konseptet var vegtilkomsten problematisert. Samnanger kommune har vore positiv til etableringa av Economuse, men kommunen har ikkje formelt forplikta seg på å halda ein standard på denne vegen som tilseier at store bussar kan ta seg fram.

Samnanger kommune har gjort betydeleg utbetring på vegen, seinast i år. Fjell i innersving er sprengt bort og bortkjørt. Vegen er utvida så mykje som er mogeleg utan å spengja på innsida. Rekkverk er sett opp for å sikra trafikantar i å kjøra i elva.

Vegen er heva så mykje som mogeleg, og det er opparbeida grøft, deretter er vegen grusa og asfaltert.

51 av 74

Vegen har blitt langt betre for transport av varer ,boss, vintervedlikehald og ikkje minst er

sikten i svingen langt betre etter fjerning av fjell i innersving.

Trafikktryggleiken til både bilstalar og mjuke trafikantar er forbetra etter desse tiltaka.

Kostnaden på arbeide som er utført er kr 250000.+mva

Situasjonen er likevel den at det ikkje er mogleg å koma opp med buss. Johannes Tysse har i telefonsamtale med ordførar bedt om at kommunen hjelper til med å finna ei ordning som gjer at alle som melder seg på busstur til Fjordtønna får hove til å besøkja economuseet. Han har vist til at det er forhandstinga besøk. Rådmannen ba på bakgrunn av denne telefonsamtalen Tysse om oversikt over dei avtalte turane. Tysse har i skriv gitt tilbakemelding om at det er ein tur som er tinga. Etter initiativ frå Tysse har Hordaland fylkeskommune v. Inderhaug og Tide buss v. kome med skriv i saka.

Slik administrasjonen ser det er einaste løysinga denne sesongen er at det vert etablert ein transport med drosje/minibuss for dei personane som ikkje klarer å gå frå Fv 48 og opp til Fjordtønna. Spørsmålet vert om kven som skal organisera dette og betala for det.

Samnanger kommune kan vurdera å gje tilskot til transporten ut frå eit næringsperspektiv. Næringsfondet har begrensingar i hove til om tiltaket er å sjå på som drift eller ikkje. Rådmannen meiner at det bør vera mogleg å gje eit tilskot til denne mellomtransporten ut får at det ikkje er ordinær drift. Slik eg forstår situasjonen for denne sesongen er det bussturar gjennom Tide buss som er aktuelle i tillegg til den eine førehandstinga turen. Tal turar vil dermed vera avhengig av om folk nytter seg av tilbodet i Tide buss. Det er vanskeleg å veta kor stor kostnaden vert med å ha drosje tilgjengeleg, men det bør likevel vera mogleg å gje ein lovnad om tilskot som er avgrensa.

Legg me til grunn at dei fleste busstransportane vil skje gjennom Tide Buss, bør ansvaret for å skaffa mellomtransport når det er behov for det verta lagt til dei. Kommunen bør yta eit tilskot som vert betalt ut i ettertid. Kommunen og Tide buss bør avtala korleis oppgjeret skal skje. I den grad det er andre transportørar, bør ansvaret liggja på Fjordtønna, men at rekning kan sendast til Samnanger kommune.

Som nemnd er det vanskeleg å meina noko om omfanget av mellomtransport, og dermed kostnad. Ut frå den informasjonen me har, bør kommunen avgrensa tilskotet til kr 5.000.

Vedlegg:

Kommunal veg på Indre Tysse - tilkomst med buss

SV: Kommunal veg på Indre Tysse - tilkomst med buss

Ad: Vedrørende buss og anna besøk til Fjordtønna Economusee i sommer

Vedrørende buss og anna besøk til Fjordtønna Economusee i sommer

2014.pdf



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Tone Ramsli	Arkivkode: FA-Q87
Arkivsaksnr: 14/482	Løpenr: 14/3714
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG			
Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr.	Saksbeh.
Formannskapet	25.06.2014	040/14	TR

TILSKOT FRÅ NÆRINGSFONDET TIL TRANSPORT TIL FJORDTØANNA

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Det vert stilt til disposisjon inntil kr 10.000 til finansiering av transport av besökande som ikkje er i stand til å gå frå bruva på FV 48 og vegen opp til Fjordtønna. Tilskotet gjeld for sommarsesongen 2014. Utgiftene skal finansierast av næringsfondet.

Samnanger kommune vil inngå avtale med Tide Buss v. Jan Sunde om ordninga for deira turar. Fjordtønna må ta ansvar for det praktiske knytt til andre transportørar.

25.06.2014 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet: Samrøystes vedteke.

FORM-040/14 VEDTAK:

Det vert stilt til disposisjon inntil kr 10.000 til finansiering av transport av besökande som ikkje er i stand til å gå frå bruva på FV 48 og vegen opp til Fjordtønna. Tilskotet gjeld for sommarsesongen 2014. Utgiftene skal finansierast av næringsfondet.

Samnanger kommune vil inngå avtale med Tide Buss v. Jan Sunde om ordninga for deira turar. Fjordtønna må ta ansvar for det praktiske knytt til andre transportørar.

Dokument som er vedlagt:

Kommunal veg til Fjordtønna - vanskar med busstransport. Spørsmål om kommunal hjelpe til å finna løysing

Kommunal veg på Indre Tysse - tilkomst med buss

Kommunal veg på Indre Tysse - tilkomst med buss

Vedrørende buss og anna besök til Fjordtønna Economusee i sommer

feilregistrering

2014.pdf

Vegen til Fjordtønna - førebels tilbakemelding

Kva saka gjeld:

Eigar av Fjordtønna, Johannes Tysse har vendt seg til kommunen å vist til at det ikkje er mogleg for bussar å kjøra opp til Fjordtønna. Vegen frå Fv 48 og opp til verksemda er ein communal veg. Vegen har blitt opprusta mykje, men ei opprusting til å handtera bussar av den storleik det her er snakk om vil kosta store summar.

Det er og ein diskusjon om kva kommunen har bunde seg opp til ved inngåing av avtale om Economuse. Denne delen av saka vil ein koma attende til seinare i haust. No er problemstillinga å finna løysing for inneverande sommarsesong.

I notat til formannskapet er det gitt nærmere greie for ulike problemstillingar og det er også skissert ei løysing som inneber at kommunen tek heile eller delar av kostnaden med drosjeskyss for dei personane som ikkje er i stand til å gå den siste strekninga.

På bakgrunn av dei uformelle drøftingane onsdag 18.6.2014 vert det gitt ei tilråding om å løyva inntil kr 10.000.

Rådmannen har i dag, fredag 20.6.2014 vore i telefonsamtale med Tide Buss v. Jan Sunde som stadfester at ei ordning som skissert i notatet er fullt ut handterbart frå deira si side. Dei har tilsvarande ordning – dvs. med mellomtransport – andre stader i Hordaland.

Ope brev til Samnanger kommune v/ordførar. Gjer merksam på at brevet er stila til Samningen, men fann ut at det heller skulle sendast til kommunen og så kan Samningen eventelt henta dei opplysningane dei vil ha i kommunen.

«Utbetring av veg til privat bedrift!»

Etter referat frå formannskapsmøte vedkomande veg til Fjordtønna , ser det ut for at det er nødvendig at vi som eigarar kjem med ein del opplysningar om korleis framgangsmåten med å verta Economuse` har vore.

Det er ca. 19 år sidan Fjordtønna vart etablert, og 9 år sidan Samnanger kommune søkte om å få Fjordtønna som Economuse` og visningssenter til Samnanger. Vi hadde då drive i ca. 10 år utan å be kommunen om støtte verken til vegopprustning eller på annan måte, og det har vi heller ikkje i ettertid bede om. La meg ta dette i kronologisk orden: I 2007/ 2008 hadde Hordaland Fylke inngått ein samarbeidsavtale med Economuse` -nettverket i Canada om etablering av liknande bedrifter i Norge som i Canada. Etter at 2 Economuse` bedrifter var etablert , kom representanten for nettverket til Fjordtønna og ville ha oss med i dette nettverket etter skriftleg invitasjon frå Samnanger kommune og politiske vedtak om prioritering i fylkeskommunen.

Vi hadde bak oss mange år med utviklingsarbeid og store investeringar og var lite lystne til å investera meir. Til denne tid hadde vi reist over heile Sør Norge på messer som var bærebjelken i omsetninga av tønnene, men dette var både kostesamt og strevsamt. Representanten for nettverket kunne fortelja at dette konseptet var slik at grupper vart køyrt til bedrifta for å sjå korleis ei tønne vart produsert og skulle til slutt enda opp i eit utsal. Han legg til at eg måtte ta kontakt med kommunen om utbetring av den kommunale vegen, då krava for å verta eit Economuse` er at buss kjem fram. Eg svara han såleis: « det kjem eg aldri til å gjera, for vert dette prosjektet mislukka skal ingen i ettertid ha det å seia at vi har pressa kommunen til utgifter på vegen. Dette må fylket ta med kommunen sjølv, og så er det opp til kommunen kva dei vil gjera.» Dette er også referert i brev til tidlegare rådmann. Den 25.05.2007 d.v.s 1 år før kommunen sende søknad om å få Economuse` til Samnanger skriv eg i brev til Samnanger kommune v/ordførar at: «Eit ufråvikeleg krav er veg og parkeringsplass for bussar . Dette er eit krav frå fylkeskommunalt hold for å verta med i prosjektet». Med desse krava for etablering søkte Samnanger kommune om å få Economuse` til Samnanger . Det same er referert til rådnannen i brev av 13.06.2014.

Economuse vart eit EU prosjekt, og i 2010 kom leiaren for nettverket og sa at Fjordtønna måtte opna som Economuse` i okt. s.å. Eg protesterte på dette då eg ikkje hadde høyrte noko sikkert om kva kommunen ville gjera med vegen. Eg fekk til svar at kommunen visste om krava og meinte alvor med søknaden. Gang på gang gav eg våren 2010 tydeleg melding om mi uro for å opna inneverande år då eg var usikker på kommunen, men eg fekk same svar frå leiaren av nettverket i fylket som tidlegare. Economusee var eit EU prosjekt med avgrensa tid på seg. Dei skulle gjere ferdig 5 bedrifter

på 3 år. Vi kom i ein svært pressa situasjon , så eg tok kontakt med offentleg takstmann for å finna ut kva dette ville kosta Fjordtønna. Taksten lydde på kr. 800.000 + mva. Eg gav leiinga i kommunen munnleg melding om kva det ville kosta eigarane å verta Economuse` . Eg tenkte at kommunen ville stoppa dette dersom dei fann at krava ikkje kunne oppfyllast frå kommunen si side. Dette er også på eit seinare tidspunkt skrive til dåverande rådmann, og i tillegg lagt fram i formannskapet der eg møtte og la fram saka. Eg bad formannskapet om å koma med merknader dersom dei meinte min presentasjon ikkje var korrekt, men ingen hadde merknader.

Det vart bestemt at opninga skulle vera 10. okt. og alle skjøna at veg for buss var umogeleg å få på plass til denne dato. Kommunen var svært positiv og spanderte mat ved opninga. Vi har alltid møtt forståing, men lite handling frå kommunen si side. Når ikkje vegen vart gjort noko med til turistsesongen i 2011 sende fylkeskultursjefen 9.juni 2011 purring til Samnanger kommune ang. tilkomsten utan at noko vart gjort. Samningen har gjort greie for kva som vidare har vore gjort frå kommunen i denne saka.

Som eigarar av Fjordtønna meiner vi at Samnanger kommune har rive vekk det grunnlaget som dei sjølve la ved søknaden dei sende. På dette grunnlaget tok vi dei investeringane som vi vart pålagde av nettverket. Messer måtte kuttast ut då vi skulle vera til stades for å ta mot grupper for omvising.

Vegen vart eit problem frå første busslast ,og då ein buss vart skadd slutta Tide Reiser med turar til Fjordtønna. Dei handlande uteblei, men vi er fortsatt eit Economuse` med dei krav som det medfører.

Eg vil til slutt leggja til at vi offentleg ikkje har gått ut med dette før Norges Vel sende brev til kommunen med kopi til Fjordtønna om at Fjordtønna sto i fare for å verta kasta ut av nettverket av di kommunen ikkje hadde oppfylt forpliktinga med vegen. Eg vil tru det er få som hadde latt det gå så lenge før ein offentleg hadde gjort dette kjent. Eg har personleg ikkje i mot nokon, for tanken har heile tida vore at dette skulle ein få til . Det har under vefs skjedd eit arbeidsuhell som er tragisk for alle innvolverte.

I 2008 då dette var om-søkt var underteikna 63 år. Vi såg føre oss ein fem-års periode der vi ville prøva dette konseptet ut for å sjå om dette var liv laga også for neste generasjon. No har vi vore Economuse` i 7 år utan å få prøva ut konseptet . Den laglege tid er i ferd med å renna ut for kona og meg utan at vi kan dra nokon konklusjon og koma med ei anbefaling for neste generasjon.

Det er diverre ikkje mykje positivt i denne framstillinga, men korrekte opplysningar som eg skal stå inne for ord for ord. Så vonar eg at leserane av Samningen og nettskrivarane slepp spekulera og laga tankebygningar som ikkje er korrekte.

Johannes M. Tysse

UTSKRIFT FRÅ MØTEBOK KOMMUNESTYRET

13.12.17.

SAKNR. 052/2017: Handsaming av revidert notat etter konsesjonssak i Aldalselva

Kontrollutvalet sitt framlegg til vedtak:

1. Kommunestyret merkar seg det som kjem fram i revidert notat frå Deloitte datert 27.11.2017.

2. Kommunestyret har særleg merka seg at det skal vera fokus på:

- at reglement for sakshandsaming og delegering vert følgt i alle saker.
- at protokollar frå kommunestyremøte vert korrekte med omsyn til å visa tydlegare kva vedtak som vart røysta over og korleis det faktisk vart røysta.
- at det vert rutine for at habiliteringsvurderinger blir gjennomført i saker der dette er naudsynt.

13.12.2017 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

Olaug K. Øystese (A) og Karl B. Kollbotn (FrP) stilte begge spørsmål om gildskapen sin i saka. Begge representantane er i nær slekt med ein av utbyggjarane i Aldalselva.

Dei to gjekk ifrå medan resten av kommunestyret diskuterte gildskapen deira.

Det vart røysta over, kvar for seg, om dei to var gilde eller ugilde.

Begge representantane vart samrøystes funne gilde. Dei tok deretter plass att i møtet.

Kontrollutvalet sitt framlegg til vedtak i saka vart samrøystes vedteke.

KS- 052/2017 Vedtak:

1. Kommunestyret merkar seg det som kjem fram i revidert notat frå Deloitte datert 27.11.2017.

2. Kommunestyret har særleg merka seg at det skal vera fokus på:

- at reglement for sakshandsaming og delegering vert følgt i alle saker.
- at protokollar frå kommunestyremøte vert korrekte med omsyn til å visa tydlegare kva vedtak som vart røysta over og korleis det faktisk vart røysta.
- at det vert rutine for at habiliteringsvurderinger blir gjennomført i saker der dette er naudsynt.

Rapport frå tilsyn med Samnanger kommune – rettstryggleik ved bruk av tvang og makt overfor personar med utviklingshemming 2017

Adressa til
verksemda: Samnanger
kommune Tyssevegen 217 5650
TYSSE
Tidsrom for tilsynet: 27. og 29.
november 2017

13.12.2017

Fylkesmannen i Hordaland

Oppfølging av tilsynet

I dette tilsynet blei det ikkje funne avvik frå lov eller forskrift. Tilsynet er derfor avslutta.

Samandrag

1. Innleiing

2. Omtale av verksemda

3. Gjennomføring

4. Kva tilsynet omfatta

5. Funn

6. Regelverk

7. Vurdering av styringssystem

8. Dokumentunderlag

9. Deltakarar ved tilsynet

Samandrag

Fylkesmannen i Hordaland gjennomførte tilsyn med Samnanger kommune 27. og 29. november 2017.

Tema for tilsynet var om kommunen sikrar at det blir lagt til rette for tenesteyting til personar med utviklingshemming med minst mogleg bruk av tvang og makt, jamfør helse- og omsorgstenestelova kapittel 9.

Det blei ikkje avdekkta brot på krav i lov og forskrift.

Birthe Lill Christiansen Ørjan Moldestad
revisjonsleiar revisor

1. Innleiing

Rapporten er utarbeidd etter tilsyn med Samnanger kommune 27. og 29. november 2017. Tilsynet er ein del av den planlagde tilsynsverksemda hos Fylkesmannen i Hordaland dette året.

Fylkesmannen i Hordaland har fullmakt til å føre tilsyn med helse- og omsorgstenester etter lov om statlig tilsyn med helse- og omsorgstjenesten § 2.

Formålet med tilsynet er å vurdere om kommunen tek hand om ulike krav i lovgivinga gjennom si leiing og kvalitetsforbetring. Ved tilsynet undersøkte vi:

- Kva tiltak kommunen har for å avdekkje, rette opp og førebyggje brot på lovgivinga innanfor dei tema tilsynet omfattar
- Om tiltaka blir følgde opp i praksis og om nødvendig korrigerte
- Om tiltaka er gode nok for å sikre at lovgivinga blir følgd

Tilsynet blei utført som systemrevisjon. Ein systemrevisjon blir gjennomført ved å granske dokument, ved intervju og andre undersøkingar.

Rapporten handlar om funn som er avdekkja under tilsynet og gir derfor inga fullstendig tilstandsvurdering av det arbeidet kommunen har gjort innanfor dei områda som tilsynet omfatta.

Avvik dreier seg om at krav som er gitt i eller i tråd med lov eller forskrift, ikkje er oppfylte

2. Omtale av verksemda

Rådmannen styrer tenesta i line til sektorleiar helse og omsorg, og vidare til einingsleiar tenester for funksjonshemma. Sektorleiar helse og omsorg er overordna fagleg ansvarleg for bruk av tvang og makt overfor personar med utviklingshemming, einingsleiar er ansvarleg for dagleg drift av bufellesskapet og tenester til heimebuande. På grunn av ombygging av bufellesskapet er tenestemottakarane som bur der midlertidig flytta til sjukeheimen. Her får sju tenestemottakarar tenester frå kommunen, i tillegg får seks personar med utviklingshemming tenester ved avlastning, dagtilbod eller i heimen.

3. Gjennomføring

Tilsynet omfatta følgjande aktivitetar:

Melding om tilsyn blei sendt 11. september 2017.

Program blei sendt på e-post 23. november 2017.

Opningsmøte blei halde 27. november 2017.

Intervju: Ni personar blei intervjua.

Sluttmøte blei halde 29. november 2017. Dette møtet gjennomførte vi ved videokonferanse.

Vi fekk i forkant av tilsynet tilsendt vedtak på tenester etter helse- og omsorgstenestelova for alle tenestemottakarane med utviklingshemming i kommunen, og vi undersøkte journalføringa i nokre av desse sakene i samband med tilsynet.

Oversikt over dokumentasjon som blei gjennomgått under tilsynet er gitt i kapittel 8.

Oversikt over deltakarar ved tilsynet er gitt i kapittel 9.

4. Kva tilsynet omfatta

Tilsynet har undersøkt om kommunen utførar, styrar og forbetrar tenesteyting til personar med utviklingshemming slik at:

- Den skjer med minst mogleg bruk av tvang og makt.
- Naudsynt bruk av tvang og makt skjer i samsvar med reglane i helse- og omsorgstenestelova kapittel 9.

Under tilsynet hadde vi eit særskild fokus på om det er gitt naudsynt rettleiing og opplæring til tilsette i reglane om bruk av tvang og makt.

5. Funn

Ved tilsynet blei det ikkje avdekka brot på krav i lov og forskrift.

6. Regelverk

- Lov av 30. mars 1984 nr. 15 om statlig tilsyn med helse- og omsorgstjenesten
- Lov av 24. juni 2011 nr. 30 om kommunale helse- og omsorgstjenester
- Lov av 2. juli 1999 nr. 63 om pasient- og brukerrettigheter
- Lov av 10. februar 1967 om behandlingsmåten i forvaltningsaker
- Forskrift av 28. oktober 2016 nr. 1250 om ledelse og kvalitetsforbedring i helse- og omsorgstjenesten

7. Vurdering av styringssystem

Fordeling av ansvar og mynde er kjend. Tilsette kan få fagleg oppdatering og det blir gitt opplæring om reglane i kapittel 9. Kommunen ved leiinga er kjend med at ein for tida manglar faste møtepunkt for diskusjon av faglege og etiske utfordringar, under dette problemstillingar opp mot bruk av tvang. Ein jobbar med å få på plass faste møter, og Fylkesmannen støttar vurderinga av at dette kan vere nyttig. Ved vår vurdering av tilhøva i kommunen legg vi likevel avgjerande vekt på den praksis som det blir gjort greie for under tilsynet. Tilsette fortel om rom for spontane diskusjonar, anten dei tilsette i mellom eller saman med leiar, når det oppstår ein situasjon.

Assisterande leiar i bufellesskapet er vidare til stades i miljøet og tar avgjelder saman med einingsleiar, og informasjon om det som er bestemt blir formidla til alle tilsette som treng det.

Leiinga ved sektorleiar og rådmann får jamlege rapportar om drifta. Leiinga har identifisert nokre sårbare områder i tenesta og jobbar med tiltak i høve desse.

8. Dokumentunderlag

Dokumentasjon frå Samnanger kommune som er lagd til grunn for tilsynet:

- Organisasjonskart for kommunen
- Oversikt over tilsette i eining for tenester til funksjonshemma
- Oversikt over tenestestader i kommunen som yter tenester til utviklingshemma, og kven som bur der
- Rutinar og sjekkliste for opplæring av nyttilsette og vikarar ved Skottebakken bufellesskap
- Prosedyre – sakshandsaming bruk av tvang mot personar med utviklingshemming etter helse- og omsorgstenestelova kapittel 9
- Prosedyre ved bruk av alarm for to namngjevne tenestemottakarar
- Prosedyre for avvikshandtering (knytt til prosedyrar)
- Prosedyre for journalføring av reaksjon på fotfølging
- Avviksskjema for bruk av døralarm
- Mal for protokollføring av tvangsbruk i form av alarm på dør
- Leiaravtale mellom rådmann og einingsleiar tenester for funksjonshemma
- Stillingsomtale for stillinga sektorleiar helse og omsorg
- Stillingsomtale for stillinga einingsleiar tenester for funksjonshemma
- Stillingsomtale for stillinga assisterande leiar Skottebakken bufellesskap

Korrespondanse mellom verksemda og Fylkesmannen i Hordaland:

- Melding frå Fylkesmannen om tilsyn sendt 11. september 2017
- E-post frå kommunen med informasjon om kontaktperson sendt 18. september
- E-post frå kommunen den 26. september der ein ber om at tilsynet blir lagt til eit anna tidspunkt
- E-post frå Fylkesmannen 26. september der vi stadfestar endring av dato for sluttmøte i tråd med kommunen sitt ønskje

Dokumentasjon til tilsynet motteke 25. oktober

- E-post frå Fylkesmannen 3. november med spørsmål til organisering av tenestene og til dokumentasjonen frå kommunen
- Tilbakemelding og svar frå kommunen av 6. november på spørsmål til organiseringa
- Kommunen si oversending av alle enkeltvedtak gjeldande tenester til personar med utviklingshemming av 10. november
- E-post frå Fylkesmannen 23. november vedlagt program for tilsynet
- E-post frå kommunen 23. november med korrigeringar til stillingstittel for ein av tenesteytarane som var satt opp til intervju
- Svar frå Fylkesmannen på informasjon om feil stillingstittel i e-post av 24. november

Ikkje offentleg, jf offl § 13 jf fvl § 13: Saksutgreiingar og vedtak om tildeling av tenester

9. Deltakarar ved tilsynet

Tabellen under gir ei oversikt over deltakarane på opningsmøte og sluttmøte, og over kva personar som blei intervjua.

Namn	Funksjon / stilling	Oppningsmøte	Intervju	Sluttmøte
Beate Holmefjord	Vernepleiar	X		X
Sylwia Monika Hyzy	Assistent			X
Hanne Birthe Gullberg	Sjukepleiar			X
Berit Gjerde	Helsefagarbeidar	X		X
Torbjørn Roaldseth	Vernepleiar	X		X
Odd Aleksander Farestveit	Assistent/psykologstudent			X
Birthe Skar-Moum	Einingsleiar	X	X	X
Grete Lill Hjartnes	Sektorleiar helse og omsorg	X	X	X
Charlotte Hageberg	Rådmann	X	X	

Frå Fylkesmannen deltok:

Torill Vebenstad, seniorrådgjevar
Ørjan Moldestad, seniorrådgjevar
Birthe Lill Christiansen, seniorrådgjevar



Fylkesmannen i
Hordaland

TILSYNSRAPPORT

Barnehagelova § 19 g – tilrettelagt
tilbod til barn med nedsett
funksjonsevne

Samnanger kommune

Bergen, 6. november 2017

Innhald

1	Innleiing.....	3
2	Om tilsynet med Samnanger kommune.....	3
2.1	Fylkesmannen fører tilsyn med kommunen som barnehagemyndighet	3
2.2	Tema for tilsynet	3
2.3	Om gjennomføringa av tilsynet.....	3
3	Kommunen som barnehagemyndighet – plikt til å tilrettelegge barnehagetilbodet for barn med nedsett funksjonsevne	4
3.1	Rettslege krav.....	4
3.2	Fylkesmannen sin konklusjon.....	5
4	Kommunen sine rutinar, praksis og informasjon.....	5
4.1	Rettslege krav.....	5
4.2	Fylkesmannen sine undersøkingar og vurderingar	5
4.3	Fylkesmannen sin konklusjon.....	7
5	Sikring av tilretteleggingsplikta – innhald i vedtaket	7
5.1	Rettslege krav.....	7
5.2	Fylkesmannen sine undersøkingar og vurderingar	8
6	Generelle sakshandsamingsreglar	8
6.1	Rettslege krav.....	8
6.2	Fylkesmannen sine undersøkingar og vurderingar	9
7	Frist for retting av brot på regelverket	9

1 Innleiing

Fylkesmannen har i perioden frå 6. juli 2017 til dags dato gjennomført skriftleg tilsyn med Samnanger kommune som barnehagemyndighet etter barnehagelova.

Fylkesmannen har kontrollert om kommunen oppfyller plikta som kommunen er pålagt om å sikre at barn med nedsett funksjonsevne får eit eigna individuelt tilrettelagt barnehagetilbod etter barnehagelova § 19 g.

Tilsynet har avdekt brot på regelverket. Samnanger kommune får frist til 15. desember 2017 til å rette brot på regelverket før vi eventuelt vedtek pålegg om retting, jf. kommunelova § 60 d.

2 Om tilsynet med Samnanger kommune

2.1 Fylkesmannen fører tilsyn med kommunen som barnehagemyndighet

Fylkesmannen fører tilsyn med kommunen som barnehagemyndighet, jf. barnehagelova § 9. Fylkesmannen sitt tilsyn med kommunen som barnehagemyndighet er tilsyn med det som er lovpålagt, jf. kommunelova § 60 b.

Fylkesmannen sitt tilsyn med kommunen som barnehagemyndighet, skjer i samsvar med reglane for dette i forvaltningsretten.

I dei tilfella der Fylkesmannen konkluderer med at eit rettsleg krav ikkje er oppfylt, blir dette sett på som brot på regelverket.

2.2 Tema for tilsynet

Tilsynet har undersøkt om kommunen som barnehagemyndighet sikrar at barn med nedsett funksjonsevne får eit eigna individuelt tilrettelagt tilbod, jf. barnehagelova § 19 g og forvaltningslova.

For å kontrollere om plikta er oppfylt vurderast følgjande i dette tilsynet:

- Barnehagen/føresette sine innmeldingar om behov
- Kommunen sine vedtak etter bhl. § 19 g
- Kommunen sine rutinar og praksis på området
- Kommunen sin informasjon til foreldre og barnehagar
- Generelle sakhandsamingsreglar

2.3 Om gjennomføringa av tilsynet

Tilsyn med Samnanger kommune blei opna gjennom brev 6. juli 2017. Kommunen sin frist til å legge fram dokumentasjon var 25. august 2017. Fylkesmannen sine vurderingar og konklusjonar er baserte på den skriftlege dokumentasjonen vi har fått av kommunen.

Følgjande dokument inngår i dokumentasjonsgrunnlaget for tilsynet:

- Svar på varsel om tilsyn
- Rutinar for tilrettelegging for alle barn i Samnanger kommune

- Informasjonsskriv om tilrettelegging av barnehagertilbodet
- Mal for søknad om kommunal tilrettelegging i barnehage
- Svar på førespurnad om ytterlegare dokumentasjon
- Svar på klage vedkommande spesialpedagogisk hjelp og assistent i barnehage
- Svar på merknad til vedtak om spesialpedagogisk hjelp
- Vedtak om spesialpedagogisk hjelp
- Melding om vedtak om spesialpedagogisk hjelp

Førebels rapport blei sendt kommunen 29. september 2017. Samnanger kommune har kommentert førebels tilsynsrapport i brev til Fylkesmannen, datert 9. oktober 2017. Kommunen deltok på sluttmøte med Fylkesmannen 23. oktober 2017.

3 Kommunen som barnehagemyndighet – plikt til å tilrettelegge barnehagertilbodet for barn med nedsett funksjonsevne

3.1 Rettslege krav

Barnehagelova § 19 g første setning, slår fast at: «*Kommunen skal sikre at barn med nedsatt funksjonsevne får et egnet individuelt tilrettelagt barnehagertilbud.*»

Alle barn som går i barnehage har krav på eit tilbod som er i samsvar med barnehagelova og rammeplan for barnehagar. Barn med nedsett funksjonsevne skal ha høve til å delta i barnehage på same måte som andre barn. Dersom barnet har trond for tilrettelegging for å kunne ta i bruk det ordinære barnehagertilbodet, har kommunen ei plikt til å fatte vedtak som sikrar at barnet får eit eigna individuelt tilrettelagt tilbod, jf. barnehagelova § 19 g første setning. Hensikten med den kommunale tilrettelegginga er å avhjelpe barnet sine ekstra utfordringar slik at barnet kan nyttiggjere seg barnehageplassen sin. Tilrettelegginga skal bli fastsett med utgangspunkt i barnet sine behov og ressursane skal bli tildelt barnet i eit enkeltvedtak.

Det er kommunen som barnehagemyndighet som har ansvaret for å sikre at dei aktuelle barna får eit tilrettelagt tilbod. Plikta gjeld for barn med nedsett funksjonsevne som er busett i kommunen, og som har barnehageplass.

Andre setning seier at:

«Plikten til tilrettelegging omfatter ikke tiltak som innebærer en uforholdsmessig byrde for kommunen. Ved vurderingen av om tilretteleggingen innebærer en uforholdsmessig byrde, skal det særlig legges vekt på tilretteleggingens effekt for å nedbygge funksjonshemmende barrierer, de nødvendige kostnadene ved tilretteleggingen og virksomhetens ressurser.»

I barnehagelova § 19 g andre setning, står det at plikta til tilrettelegging ikkje omfattar tiltak som inneber ei «uforholdsmessig byrde» for kommunen. Dette handlar om kommunen si plikt til å legge til rette tilboden i ein bestemt barnehage. I forarbeida er det framheva at dette unntaket er meint som ein snever sikkerheitsventil, og at foreldre med barn med nedsett funksjonsevne i utgangspunktet har rett til å velje barnehageplass på lik linje med andre foreldre.

Ut frå lovteksten og forarbeida meiner Fylkesmannen at kommunen sin økonomi ikkje kan vere eit omsyn i vurderinga av om tilrettelegginga skal bli gitt og kva omfang den skal ha. Kommunen kan difor ikkje avslå søknader med grunngjeving i at dei ikkje har økonomiske ressursar.

Andre ledd seier at «Kommunen fatter vedtak om tilrettelegging av barnehagertilbudet til barn med nedsatt funksjonsevne». Etter dette er det kommunen som barnehagemyndighet som skal fatte vedtak etter bhl. § 19 g.

3.2 Fylkesmannen sin konklusjon

Fylkesmannen finn etter vurderingar i kapittel 4, brot på regelverket.

Fylkesmannen finn at kommunen ikkje har sannsynleggjort at dei har lagt opp til ei rutine som bidrar til å sikre tilretteleggingsplikta etter bhl. § 19 g.

Fylkesmannen konkluderer difor med at Samnanger kommune ikkje oppfyller plikta til å sikre at barn med nedsett funksjonsevne får eit eigna tilrettelagt barnehagertilbod etter barnehagelova § 19 g.

4 Kommunen sine rutinar, praksis og informasjon

4.1 Rettslege krav

Barnehagelova § 19 g oppstiller som ei plikt at kommunane «skal sikre» at barn som har nedsett funksjonsevne får eit tilrettelagt barnehagertilbod. I «skal sikre» kan det innfortolkast ei plikt til å ha eit system i kommunen, som er forsvarleg ved at det fangar opp dei eventuelle behova som barn har i høve til å kunne utnytte barnehagertilboden på lik linje med andre barn.

Fylkesmannen understrekar at lova ikkje direkte oppstiller ei plikt til å ha eit formelt innmeldingsskjema, punktvise rutineskriv, eller til å ha informasjonsskriv på nettsidene. Likevel kan det vere vanskeleg for kommunen å oppfylle tilretteleggingsplikta, utan slike verkemiddel. På bakgrunn av denne tolkinga, skal Fylkesmannen i dette tilsynet undersøkje om kommunen kan seiast å ha sannsynleggjort at dei har eit system på området som er forsvarleg ved at det sikrar at plikta etter bhl. § 19 g blir oppfylt.

4.2 Fylkesmannen sine undersøkingar og vurderingar

Fange opp behov

Kommunen opplyser at leiari i barnehage og sektorleiari har vore på samlingar om bhl. § 19 g i regi av Fylkesmannen. Dette er vidareformidla i barnehagane, skriv kommunen.

Kommunen seier dei har samordna opptak og ser på barn som søker om det er spesielle behov. I samband med opptak vurderer dei trong for tilrettelegging og kor dei gir tilbod, skriv kommunen.

Kommunen opplyser at dei har ein foreldresamtale ved oppstart om hausten i dei kommunale barnehagane, der dei drøfter tilrettelegging for alle barna i samarbeid med

foreldra. Dersom føresette meiner at barnet har nedsett funksjonsevne informerer barnehagen om rutinar for å melde behov. Dei viser vidare til at melding av trøng for tilrettelegging vil skje i nært samarbeid mellom heim og barnehage. Dei viser også til at den private barnehagen får informasjon om bhl. § 19 g og at barna deira kan søke tilrettelegging via skjemaet på kommunen si heimeside, slik Fylkesmannen les dokumentasjonen.

Fylkesmannen finn at kommunen har rutinar som er eigna til å fange opp barna med behov for kommunal tilrettelegging.

Informasjon på heimesida

Kommunen skriv at dei har informasjonsskriv på kommunen si heimeside om bhl. § 19 g og søknadsskjema. Informasjonsskrivet ligg lett tilgjengeleg på heimesida til kommunen under overskrifta «Tilrettelegging av barnehagertilbod for barn med nedsatt funksjonsevne» - ei side der informasjonen om plikta er i samsvar med lovkrava. Fylkesmannen finn at informasjon i det vesentlege har med alle sider av plikta til kommunen.

Søknadsskjema

Kommunen har eit skjema for kommunal tilrettelegging tilgjengeleg på sine heimesider. Skjemaet som ligg på nett, har overskrifta «Søknad om kommunal tilrettelegging i barnehage». Barnehagen og dei føresette må ikkje påleggast å søke om tilrettelegging for at kommunen skal vere forplikt til å tilrettelegge for barnet. Kommunen kan legge opp til ei skriftleg innmelding om behov, men må da vere sikre på at dei når ut med rett informasjon om plikta til dei aktuelle. For at ordninga ikkje skal bli forveksla med ei søknadsordning, bør skjemaet ikkje kallast «søknad». Fylkesmannen finn at skjemaet elles er tydeleg og ryddig som grunnlag for at kommunen kan gjere vedtak om tilrettelegging for det enkelte barn i barnehagen.

Vedtak etter ny lovgiving

Kommunen skriv at dei ikkje har fatta vedtak etter bhl. § 19 g, da dei ikkje har hatt nye barn som har nedsett funksjonsevne.

I dokumentasjonen til tilsynet opplyste kommunen at dei det siste året har hatt to barn på spesialpedagogisk hjelp etter gamal ordning i opplæringslova, og at begge dei har hatt tilrettelegging med assistent i vedtaket. Fylkesmannen etterspurde desse vedtaka.

Fylkesmannen ser at vedtaka er datert før bhl. § 19 g trådde i kraft 1. august 2016. Vedtaka inneholder både spesialpedagogisk hjelp og tilrettelegging.

Om barn har fått innvilga tilrettelegging før bhl. § 19 g trådde i kraft, må kommunen fatte nytt vedtak etter dei nye føresegna dersom barna framleis har behov for tilrettelegging. Dette av di vilkåra for å innvilge tilrettelegging er endra, og det er lagt opp til ei ny ordning. Den nye paragrafen krev ei konkret vurdering av barnet sitt tilretteleggingsbehov, og foreldra er gitt klagerett.

Fylkesmannen vurderer etter dette at kommunen skulle ha fatta nytt vedtak om tilrettelegging etter bhl. § 19 g.

I kommentarane til førebels tilsynsrapport skriv kommunen at det er system og orden med gjeldande vedtak, og at barnet er veldig godt ivaretaken med vedtaka som gjeld.

Fylkesmannen merker seg at det aktuelle barnet får hjelp og tilrettelegging, og at kommunen vurderer at barnet i dag blir godt ivaretaken. Vi veit ikkje om dei føresette opplever at tilrettelegginga er tilstrekkeleg, og eit nytt vedtak vil gi dem høve til å klage etter dei nye føresegna. Fylkesmannen vurderer difor at det må fattast nytt vedtak etter bhl. § 19 g, dersom det framleis er trong for tilrettelegging.

4.3 Fylkesmannen sin konklusjon

Fylkesmannen finn at kommunen ikkje har sannsynleggjort at dei har lagt opp til ei rutine som bidrar til å sikre tilretteleggingsplikta etter bhl. § 19 g.

5 Sikring av tilretteleggingsplikta – innhald i vedtaket

5.1 Rettslege krav

Når kommunen skal gjere vedtak om tilrettelegging, må dei følgje føresegna i forvaltningslova. Dette stiller mellom anna krav til at vedtaket er grunngjeve og til at ei sak skal vere så godt opplyst som mogleg. Grunngjevinga skal sette parten i stand til å forstå vedtaket. Dette stiller krav til at kommunen, på ein god og forståeleg måte, viser korleis dei har vurdert lova sine vilkår. Gode vurderingar krev at kommunen får saka godt opplyst.

Krav til grunngjeving

I forvaltningslova § 24 er det stilt krav om at enkeltvedtak «skal grunngis». Kravet må sjåast saman med forvaltningslova § 25, som har minimumsreglar om kva grunngjevinga skal innehalde. Formålet med kravet til grunngjeving er mellom anna at mottakaren av vedtaket blir satt i stand til å forstå kva vedtaket er basert på og inneber, og om vedtaket er korrekt.

Eit minimum for at vedtaket etter § 19 g skal etterleve kravet til grunngjeving, er for det første at kommunen vurderer funksjonsevna til barnet. Dersom kommunen kjem til at barnet har «nedsett funksjonsevne» i barnehagen, må kommunen identifisere kva som er til hinder for at barnet kan ta i bruk barnehageplassen sin på same måte som andre barn, og vurdere kva for tiltak som må til for å bygge ned desse barrierane. Kommunen må vurdere kva som vil være eigna tiltak for akkurat dette barnet. Tiltaka må bli vurdert opp mot barnets funksjonsnedsetting og behov. Kommunen må altså ta utgangspunkt i barnet sine individuelle behov og konkretisere i kva situasjonar barnet treng tilrettelegging, når det treng tilrettelegging og korleis tilrettelegginga skal utførast.

Krav til å opplyse saka

Kommunen «skal påse at saken er så godt opplyst som mulig før vedtak treffes», jf. forvaltningslova § 17. Å få saka godt opplyst, er naudsynt for at kommunen skal kunne gjere vurderingane § 19 g krev.

Ettersom behovet til det enkelte barn varierer, vil også undersøkingane kommunen må gjere variere, for å få saka så godt opplyst som mogleg. Nokre saker krev grundigare undersøkingar enn andre. Til dømes vil uttale frå barnehagen, PPT eller kommune- og spesialisthelsetenesta i nokre tilfelle måtte bli innhenta for å opplyse saka. Ei melding om behovet for tilrettelegging frå foreldre eller barnehage vil og vere med på å gi opplysningar i saka.

Melding om behov for tilrettelegging

Kommunen fattar vedtak om tilrettelegging for barnet med nedsett funksjonsevne. Departementet skriv i forarbeida at dei «har valgt å ikkje foreslå en plikt til å ha en kommunal søknadsordning». Barnehagen og foreldra må ikkje «søke» om tilrettelegging for at kommunen skal vere forplikta til å tilrettelegge for barnet. Plikta til individuell tilrettelegging ligg til kommunen. Dette inneberer at kommunen må sørge for at barn med nedsett funksjonsevne får eit eigna individuelt tilrettelagt barnehagetilbod. Det vil likevel vere hensiktsmessig at kommunen får skriftleg melding om behovet frå foreldre eller barnehagen.

5.2 Fylkesmannen sine undersøkingar og vurderingar

Samnanger kommune opplyser at dei ikkje har fatta vedtak etter bhl. § 19 g på det tidspunktet dokumenta blei innsendt.

6 Generelle sakshandsamingsreglar

6.1 Rettslege krav

For å sikre at plikta om communal tilrettelegging blir oppfylt, må forvaltningsrettslege krav vere innfridd.

I dette kapitelet vurderer Fylkesmannen om følgjande rettslege krav er innfridd:

- Forvaltningslova (fvl.) § 11 a seier at utgangspunktet er at forvaltningsorganet skal forberede og avgjere saka utan ugrunna opphold.
- Etter forvaltningslova § 18 har partane i ei sak rett til å gjere seg kjend med saka sine dokument. Det skal givast informasjon om denne retten, og unntaket frå denne, i enkeltvedtaket jf. fvl. § 27.
- Det følgjer av forvaltningslova § 27 første ledd at kommunen, som forvaltningsorgan, skal sørge for å underrette dei føresette som er part i saka om vedtaket, så fort som mogleg.
- Det følgjer av forvaltningslova § 27 tredje ledd at underretninga skal gi opplysningar om «klageadgang, klagefrist, klageinstans og nærmare framgangsmåte ved klage». Kommunen må opplyse om at klagefristen er tre veker frå da parten fekk vedtaket, at klagen skal sendast til kommunen, og kven som er klageinstans. Nærmare reglar for saksbehandling ved klage går fram av forvaltningslova § 27–32.

6.2 Fylkesmannen sine undersøkingar og vurderingar

Samnanger kommune opplyser om at dei ikkje har fatta vedtak etter bhl. § 19 g på det tidspunktet dokumenta blei innsendt.

7 Frist for retting av brot på regelverket

Fylkesmannen har i dette tilsynet med Samnanger kommune, konstatert brot på regelverket.

Frist for retting er **15. desember 2017**. Dersom forholdet ikkje er retta innan den fastsette rettefristen, vil Fylkesmannen vedta pålegg om retting jf. kommunelova § 60 d. Eit eventuelt pålegg om retting vil ha status som enkeltvedtak og kan klagast på, jf. forvaltningslova kapittel VI. Kommunen har rett til innsyn i saksdokumenta, jf. forvaltningslova § 18.

Følgjande brot på regelverket må rettast, og Samnanger kommune må:

Rutinar, praksis, og informasjon

1. Sørge for at det blir fatta enkeltvedtak om tilrettelegging etter bhl. § 19 g.

Marianne Svege
tilsynsleiar

Marte Byrkjeland
rådgjevar

Line Sperre
rådgjevar



Samnanger kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Arkivsak: 033

Arkivnr: 2015/133-16

Sakshandsamar: Kari Marie Nygard

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Samnanger kommune	13/18	12.02.2018

Gjennomgang av møteprotokollar frå andre politiske utval

Bakgrunn

Gjennomgang av møteprotokollar frå politiske organ vert sett på saklista til kontrollutvalet til kvart møte. Møteprotokollane kan lastast ned frå Samnanger kommune si heimeside. Protokollane gjev primært informasjon om dei sakene som har vore til politisk handsaming. Kontrollutvalet kan be om nærmare informasjon om enkeltsaker og drøfte ulike problemstillingar som ein finn av særleg interesse.

Kontrollutvalet har gjort vedtak om at ansvar for gjennomgang av møteprotokollar skal fordelast slik:

Politisk organ:	Kontrollutvalsmedlem:
Kommunestyret	Brigt Olav Gåsdal
Formannskapet	Øystein Foss
Naturutvalet	Svein Verner Røseth

I tråd med fordelinga ber ein om at utvalsmedlemane ser gjennom innkallingar og møteprotokollar som det er aktuelt å referere saker frå.

Til dette møtet vil det vera aktuelt med gjennomgang av desse møteinnkallingane / protokollane:

- Kommunestyret 13.12.17
- Formannskapet 22/23.11.17 og 01.02.18
- Naturutvalet 28.11.17

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tek møteprotokollane til orientering.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Kari Marie Nygard
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

PS 14/18 Eventuelt